

Innkalling

Utval: Giske kontrollutval
Møtestad: Giske rådhus
Dato: 23.05.2024
Tidspunkt: Kl. 13:30

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 90741399

Varamedlem møter etter nærare innkalling frå sekretariatet.

Sakliste

- PS 12/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 13/24 Giske kontrollutval sin uttale til årsrekneskap og årsmelding 2023
- PS 14/24 Revisor sin rapport frå årsoppgjeret 2023
- PS 15/24 Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport 2023 - offentlege anskaffingar
- PS 16/24 Rapport frå risiko- og vesentlegvurdering 2024 - Giske kommune

- PS 17/24 Meldingar
- MS 07/24 Kommunestyret sitt vedtak etter rapport frå forvaltningsrevisjon 2023 - offentlege anskaffingar
- MS 08/24 Varsel om kommande møter i eigarorgan - interkommunale selskap
- MS 09/24 Informasjon om bladet kontroll & revisjon
- MS 10/24 Nyhetsbrev frå Forum for kontroll og tilsyn april 2024

Ålesund, 15.05.2024

Kåre Harald Sæter
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Seniorrådgivar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 12/24	Giske kontrollutval	23.05.2024

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Giske kontrollutval - 11.04.2024

Møteprotokoll

Utval: Giske kontrollutval
Møtestad: Giske rådhus
Dato: 11.04.2024
Tidspunkt: kl. 10:30 - 14:00

Følgjande medlemmer møtte

Anne Lise Roald
Gunnar Morsund
Kåre Harald Sæter
Lillian Skarmyr Olsen

Forfall

Stig Gjethammer

Møtande varamedlem

Otto Stornes

Møtenotat

Møtet starta som eit arbeidsmøte kl.10.30 der kontrollutval, administrativ og politisk leiing kom med innspel til risiko- og vesentlegvurderinga som skal ligge til grunn for plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll.

Tilstades på kontrollutvalet sitt ordinær møte var Solveig Kvamme frå kontrollutvalsekretariatet.

Kåre Harald Sæter
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Seniorrådgivar SKS IKS

Sakliste

- PS 09/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 10/24 Oppfølging av kontrollutvalet sine saker - oversikt per
01.04.2024
- PS 11/24 Meldingar
- MS 04/24 Statleg tilsyn - NAV-kontoret sitt ansvar for å ta vare på barn når
familien søker om økonomisk stønad
- MS 05/24 Rapport frå Arbeidstilsynet sitt tilsyn 2023 med løns- og
arbeidsvilkår i offentlege kontrakter
- MS 06/24 Årsmøte Forum for kontroll og tilsyn

PS 09/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Giske kontrollutval 11.04.2024

GPU 09/24 Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Behandling

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 10/24 Oppfølging av kontrollutvalet sine saker - oversikt per 01.04.2024

Giske kontrollutval 11.04.2024

GPU 10/24 Vedtak:

Kontrollutvalet tek oversikta til vitande.

Behandling

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek oversikta til vitande.

PS 11/24 Meldingar

MS 04/24 Statleg tilsyn - NAV-kontoret sitt ansvar for å ta vare på barn når familien søker om økonomisk stønad

Giske kontrollutval 11.04.2024

GPU 04/24 Vedtak:

Kontrollutvalet tek Statsforvaltaren sin rapport etter tilsyn til vitande.

Behandling

Kontrollutvalet ynskjer ei orientering frå NAV ved kommunedirektøren, når den eigenkontrollen som Statsforvaltaren ber om, er gjennomført.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek Statsforvaltaren sin rapport etter tilsyn til vitande.

MS 05/24 Rapport frå Arbeidstilsynet sitt tilsyn 2023 med løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontrakter

Giske kontrollutval 11.04.2024

GPU 05/24 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 06/24 Årsmøte Forum for kontroll og tilsyn

Giske kontrollutval 11.04.2024

GPU 06/24 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling

Leiar undersøker om nokon har høve til å delta på fagkonferansen og årsmøtet til FKT i juni.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 13/24 Giske kontrollutval

Møtedato
23.05.2024

Giske kontrollutval sin uttale til årsrekneskap og årsmelding 2023

Sekretariatet si tilråding:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram og i dialog med revisor, uttaler kontrollutvalet at Giske kommunestyre kan godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2023 for Giske kommune.

Bakgrunn:

Kommunelova fastset at kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsrekneskap og årsmelding før formannskapet innstiller til vedtak. Når formannskapet fremmer saka for kommunestyret, skal uttalen frå kontrollutvalet ligge ved. Kommunestyret skal kjenne til kontrollutvalet sin uttale.

Grunnlaget for uttalen som Giske kontrollutval skal gje, er Giske kommune sitt årsrekneskap og årsmelding for 2023 samt uavhengig revisor si melding datert 12.04.2024.

Årsmeldinga skal omtale tilhøve som er viktige for å vurdere den økonomiske utvikling og stilling, og om desse tek vare på den økonomiske handleevne over tid.

Vidare skal årsmeldinga innehalde ei vurdering av:

- Verksemda si måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg verdi for verksemda eller innbyggjarane.
- Informasjon om der er avvik i høve budsjett eller avvik frå kommunestyret sine premisser for bruk av løyvingane
- Tiltak som er sett i verk og tiltak som blir planlagd sett i verk for å sikre ein høg etisk standard.
- Den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling av kjønn.

Vurdering:

Kommunelova seier at kontrollutvalet skal uttale seg om årsrekneskap og årsmelding, men det er ikkje gitt nærare føringar om innhaldet i uttalen. Kommunal- og distriktsdepartementet har i sin rettleiar til forskrift om kontrollutval og revisjon sagt

følgjande:

Det primære utgangspunktet for kontrollutvalgets uttale vil dermed være de feil og mangler eller andre forhold som regnskapsrevisor har tatt opp i tilknytning til regnskapsrevisjonen.

Sekretariatet sitt råd til kontrollutvalet i denne saka, er å konsentrere seg mest om sjølvve årsrekneskapen og årsmeldinga. Og, sett i lys av revisor si melding, ha fokus på om desse er rette og fullstendige.

Kontrollutvalet kan vurdere om der er forhold ein ynskjer å gjere kommunestyret særskilt merksam på i uttalen, sjølv om utvalet uttaler at kommunestyret kan godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2023.

Kontrollutvalet skal halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet gjennom rekneskapsåret og sjå til at rekneskapa vert reviderte på ein forsvarleg måte. Dei kontrollpunktene som kontrollutvalet har hatt regelmessig med revisor gjennom dette rekneskapsåret, har hatt fokus kommunen si verksemd samla sett. Utvalet har ein god dialog både med revisor og med kommunedirektør.

Årsrekneskap og årsmelding 2023 for Giske kommune og melding frå revisor vart gjeven innan dei fristar lova set.

Når det gjeld årsrekneskapen 2023 så viser den at Giske kommune har eit netto driftsresultat på kr 3 037 932.

Revisor har i si melding ikkje gitt merknadar til årsrekneskapen eller årsmeldinga. Revisor stadfestar at kommunen har oppfylt si plikt med registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningane i tråd med lov og god bokføringsskikk. Revisor melder at årsrekneskapen inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev, og at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

I årsmeldinga skal det gjerast greie for moglege budsjettavvik. Revisor omtaler og viser til det ansvaret som ligg i å forklare beløpsmessige avvik og premissane for desse. I revisor sin konklusjon går det fram at årsmeldinga til Giske kommune gjev tilstrekkeleg informasjon om dei budsjettavvik som er vesentlege.

Lovheimlar:

- Kommunelova § 14-3: Behandling av økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning
- Forskrift om kontrollutval og revisjon § 3: Kontrollutvalgets oppgaver ved regnskapsrevisjon

Vedlegg

Revisjonsmelding 2023 - Giske kommune

Årsrekneskap og årsmelding 2023 Giske kommune - lenkje til Framsikt

Til kommunestyret i Giske kommune

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Kommunedirektøren

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Uttale om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Giske kommune som viser eit netto driftsresultat på 3 037 932. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2023, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- oppfyller kommunekassa sin årsrekneskap gjeldande lovkrav,
- og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2023, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift, god kommunal revisjonsskikk i Noreg og International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta "Revisors oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen". Vi er uavhengige av kommunen i samsvar med krava i lover og forskrifter i Noreg, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkeleg og formålstjenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon

Kommunedirektøren er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga elles tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga tilsynelatande er vesentleg feil. Vi uttaler oss om årsmeldinga datert [Angi dato] og har ikkje noko å rapportere om det.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav, og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» og «Uttale om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår uttale om andre lovmessige krav.

Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med kommunelovas regler og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik internkontroll han finn nødvendig for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimelege grenser, kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tar, på grunnlag av årsrekneskapen.

For meir omtale av revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen, sjå www.nkrf.no/revisjonsberetninger - revisjonsberetning nr. 1.

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Uttale om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Giske kommune si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premissar for bruken av løyvingane.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

**Kommunedirektøren sitt ansvar for å forklare budsjettavvik og revisor sine oppgaver og plikter
knytt til uttale om budsjettavvik**

For meir omtale av Kommunedirektørens ansvar for forklaring til budsjettavvik og revisor sine oppgaver og plikter ved fråsegn om forklaringa til vesentlege budsjettavvik blir det vist til www.nkrf.no/revisjonsberetninger - revisjonsberetning nr. 1.

Ålesund, 12. april 2024

Møre og Romsdal Revisjon SA



Kathrin Haram

oppdragsansvarlig revisor

[Lenkje til årsrekneskap og årsmelding 2023 Giske kommune](#)

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 14/24 Giske kontrollutval

Møtedato
23.05.2024

Revisor sin rapport frå årsoppgjeret 2023 Giske kommune

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek revisor sin årsoppgjersrapport 2023 til vitande.

Bakgrunn:

Revisor skal rapportere om sitt arbeid og resultata av sin revisjon, til kontrollutvalet. Dette gjer revisor mellom anna gjennom ein årsoppgjersrapport. Årsoppgjersrapport 2023 for Giske kommune ligg ved her.

Kontrollutvalet skal halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at:

- årsrekneskapa til kommunen blir reviderte på ein forsvarleg måte.
- rekneskapsrevisjonen blir utført i samsvar med lov, forskrift og instruksar frå kontrollutvalet og i tråd med avtaler med revisor.
- rekneskapsrevisjonen blir utført av revisorar som oppfyller krava i forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet skal sjå til at rekneskapsrevisor sine påpeikingar blir retta eller fulgt opp. Viss påpeikingane ikkje blir retta eller fulgt opp, skal kontrollutvalet rapportere dette til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapa og årsmeldingane før formannskapet innstiller til vedtak. Denne uttalen er eiga sak i Giske kontrollutval sitt møte 23.05.2024.

Møre og Romsdal revisjon SA har avslutta revisjonsarbeidet av årsrekneskapet 2023 til Giske kommune og levert ein årsoppgjersrapport.

Revisor har gjeve ei revisjonsmelding utan atterhald som ligg ved saka om kontrollutvalet sin uttale til kommunestyret.

Vurdering:

I revisor sin årsoppgjersrapport 2023, peikar revisor på forhold til forbetring og læring. Og viser til nokre få listeførte feil som alt er retta. Desse forholda er ikkje så vesentlege at revisor fann grunn til å ta atterhald i revisjonsmeldinga.

Revisor sine funn og tilrådingar i årsoppgjersrapporten er Informasjon som kontrollutvalet bør kjenne til. Funna og tilrådingane er gjort kjent for kommunedirektøren, og dei kan vere ei hjelp til forbetring og læring inn i nytt rekneskapsår.

Revisor er til stades i møtet 23.05.2024 og kan orientere kontrollutvalet om revisjonsarbeidet knytt til årsoppgjeret og om dei funna og tilrådingane som revisor gjev i rapporten.

Det er opp til kontrollutvalet si vurdering om utvalet ynskjer å informere kommunestyret om funna og tilrådingane frå revisor. Det bør då kome fram av vedtaket i denne saka.

Lovheimel:

- Kommunelova § 24-7 til § 24-9: Revisjon
- Kommunelova § 14-3: Behandling av årsregnskap og årsberetning
- Forskrift om kontrollutval og revisjon kapittel 2: Krav ved egen revisjon, valg og bytte av revisor
- Forskrift om kontrollutval og revisjon kapittel 3: Krav til revisor og revisors medarbeidere

Vedlegg

Rapport etter årsoppgjeret 2023 - Giske kommune

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA



REGNSKAPSREVISJON

Giske kommune

Årsoppgjør rapport 2023

Endelig rapport

MAI 2024

Møre og Romsdal Revisjon SA er et samvirkeforetak eid av kommunene Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven, Haram og Ålesund samt Møre og Romsdal fylkeskommune. Selskapet utfører regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og andre revisjonstjenester for eierne. Hovedkontoret ligger i Kristiansund og det er avdelingskontorer i Ålesund, Molde og Surnadal.

Tidligere rapporter fra Møre og Romsdal Revisjon SA kan hentes på vår hjemmeside:

www.mrrrevisjon.no

INNHold

1	INNLEDNING	2
2	ÅRSOPPGJØRSREVISJON	2
2.1	Rapportens innhold	3
3	REVISJONSBERETNING	3
4	ÅRSREGNSKAPET	3
4.1	Finansielle stilling	4
5	SKRIFTLIGE PÅPEKNINGER FRA REVISOR (KOML. § 24-7).....	4
6	REVISJONSTILNÆRMING.....	5
6.1	Regnskapsrapportering.....	5
6.2	Salgsområdet	6
6.3	Innkjøps/kostnadsområdet	7
6.4	Driftsmidler/investeringer	8
6.5	Lønnsområdet	9
6.6	Overføringsområdet.....	10
6.7	Finansområdet	11
7	FUNN VED REVISJONEN OG OPPSUMMERING	12
7.1	Listeførte feil	12
7.2	Funn og anbefalinger fra områdene	12
7.3	Oppsummert	13
8	ATTESTASJONER OG SÆRATTESTASJONER I 2023	13

1 INNLEDNING

Formålet med regnskapsrevisjon i kommuner er å gjøre revisor i stand til å avgi en uttalelse om hvorvidt kommunens årsregnskap i det alt vesentlige er avlagt i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk.

Vår revisjon av årsregnskapet skal bidra til økt tillit til den økonomiske informasjon som gis fra administrasjonen til kommunestyret og øvrige brukere av årsregnskapet. Revisjonen skal også medvirke til å forebygge og avdekke misligheter og feil.

Regnskapsrevisjon i kommunal sektor er nærmere regulert i kommunelovens kapittel 24.

Revisor skal utføre regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eierskapskontroll og annen kontroll som er bestemt i lov eller i medhold av lov – herunder forenklet etterlevelseskontroll.

Revisor skal planlegge, gjennomføre, dokumentere og rapportere sitt arbeid i samsvar med lov og forskrift og god kommunal revisjonsskikk.

Videre skal revisor rapportere om sitt arbeid og resultatene av sin revisjon til kontrollutvalget.

I samsvar med kommuneloven og gjeldende revisjonsstandarder vil revisor avgi revisjonsberetning til årsregnskapet til kommunestyret med kopi til kontrollutvalget.

2 ÅRSOPPGJØRSREVISJON

Årsoppgjørrevisjon er revisjon av kommunens og eventuelle foretaks regnskap og økonomiske situasjon ved utgangen av et regnskapsår.

Formålet med årsoppgjørrevisjon er å sikre at kommunens lovpålagte regnskapsskjema oppfyller gjeldende lovkrav og at årsregnskapet gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til kommunekassen per 31. desember i regnskapsåret, og av resultatet for regnskapsåret avsluttet per denne datoen er i samsvar med kommunelovens regler og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

I tillegg er det revisors oppgave å lese årsberetningen og annen øvrig informasjon som er publisert sammen med årsregnskapet. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom årsberetningen, annen øvrig informasjon og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt informasjon i årsberetningen og annen øvrig informasjon ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsberetningen eller annen øvrig informasjon fremstår som vesentlig feil. Revisor skal også påse at årsberetningen gir dekkende opplysninger om vesentlige budsjettavvik.

Ferdigstilt årsoppgjør rapporteres til kontrollutvalget for å gi kontrollutvalget trygghet for at revisjonen er gjennomført i tråd med lover og retningslinjer, og å sikre at kontrollutvalget blir informert om eventuelle viktige forhold som kan bli avdekket gjennom revisjonen.

2.1 RAPPORTENS INNHOLD

Ifølge kommunelovens §24-2, 3.ledd skal revisor rapportere om sitt arbeid og resultatene av sin revisjon til kontrollutvalget.

Denne rapporten er utarbeidet for å forklare vår revisjon av årsregnskapet noe mer detaljert enn det som fremkommer av revisjonsberetningen. Rapporteringen tar utgangspunkt i dokumentet «Overordnet revisjonsstrategi – revisjonsplan», som tidligere er lagt frem for kontrollutvalget og angir revisors fokusområder for regnskapsåret 2023.

3 REVISJONSBERETNING

Revisjonsberetningen er datert 12. april 2024 og er en normalberetning. Det innebærer at revisjonen ikke har avdekket eller påvist vesentlige feil eller mangler i kommunens rapportering som krever forbehold eller presiseringer i revisjonsberetningen.

4 ÅRSREGNSKAPET

Årsregnskapet er avlagt innen lovens frist, og inneholdt alle pliktige oversikter og noter iht forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner. Vi har ikke avdekket vesentlige feil eller mangler med hensyn til registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger.

Driftsregnskapet er avlagt med et netto driftsresultat på kr 3 037 932, i fjor utgjorde dette kr 32 594 647. Årets avsetning til disposisjonsfond utgjør kr 11 031 020.

I regulert budsjett var netto negativt driftsresultat beregnet til kr 16 249 921, og det er dermed en forbedring på kr 19 287 853.

Investeringsregnskapet viser investeringsutgifter på kr 44 101 744 mot budsjettet kr 109 075 500. Investeringsinntekter utgjør kr 96 806 466, av dette er tilskudd fra andre kr 109 793 475. Bruk av lån er som følger av dette kr 0.

Balansen gir informasjon om kommunens eiendeler, gjeld og egenkapital. Det er derfor viktig at denne til enhver tid viser mest mulig riktige verdier. Vi har kontrollert at administrasjonen har foretatt en gjennomgang av balansepostene iht. bokføringslovens krav til dokumentasjon. Dette er oppsummert per område under avsnittet revisjonstilnærming – årsoppgjør.

Vi har kontrollert at regnskapstallene i årsberetningen er konsistente med det avlagte årsregnskapet og at årsberetningen inneholder alle pliktige opplysninger i henhold til kommuneloven §14-7. Årsberetningen gir etter vår mening en god beskrivelse av den økonomiske situasjonen i Giske kommune og inneholder pliktige opplysninger.

4.1 FINANSIELLE STILLING

Kommunene skal forvalte økonomien sin slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid. Som et ledd i dette må alle kommuner vedta finansielle måltall. Dette fungerer som et verktøy for langsiktig styring av kommunens økonomi.

Gjeldende måltall for Giske kommune er

1. Netto driftsresultat skal over tid utgjøre minimum 1,75% av brutto driftsinntekter
 - a. For Giske kommune utgjør dette 0,37% pr 31.12.2023 og er en nedgang på 3,69% fra fjoråret
2. Disposisjonsfondet skal minimum utgjøre 10% av brutto driftsinntekter innen 2027
 - a. For Giske kommune utgjør dette 5,8% pr 31.12 2023 og er en økning på 1,7% fra fjoråret
3. Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal maks være 100 %
 - a. For Giske kommune utgjør dette 142% pr 31.12 2023 som er en økning fra fjoråret med 2%

5 SKRIFTLIGE PÅPEKNINGER FRA REVISOR (KOML. § 24-7)

I henhold til kommunelovens §24-7 skal revisor gi skriftlige meldinger om:

Revisor skal gi skriftlige meldinger om

- a. vesentlige feil som kan føre til at årsregnskapet ikke gir riktig informasjon
- b. vesentlige mangler ved registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger
- c. vesentlige mangler ved den økonomiske internkontrollen
- d. manglende eller mangelfull redegjørelse i årsberetningen for vesentlige budsjettavvik
- e. enhver mislighet
- f. hvorfor han eller hun ikke har skrevet under på oppgaver som kommunen eller fylkeskommunen skal sende til offentlige myndigheter, og som revisor etter lov eller forskrift skal bekrefte
- g. hvorfor han eller hun sier fra seg revisjonsoppdraget.

Meldinger som nevnt i første ledd skal sendes i nummerte brev til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren.

Hvis revisor avdekker eller på annen måte blir kjent med misligheter, skal han eller hun straks melde fra om det etter første ledd bokstav e. Når saksforholdet er nærmere klarlagt, skal revisor sende et nytt brev til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren.

Revisor skal årlig gi en skriftlig oppsummering til kontrollutvalget om forhold som er tatt opp etter første ledd, men som ikke er rettet opp eller som ikke er tilstrekkelig fulgt opp.

Giske kommune har ingen nummerert brev.

6 REVISJONSTILNÆRMING

6.1 REGNSKAPSRAPPORTERING

Regnskapsrapportering	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger
Risiko knyttet til: • Økonomisk handlingsrom (gjeldsgrad) • Tertialrapportering og offisielt regnskap • Årsoppgjør disponeringer/avslutning og strykninger • Bruk av fond • Budsjettjustering og budsjettavvik • Generelle IT-kontroller	Middels anslått risiko (før kontrolltesting): Kommunestyret har et ansvar for at økonomi og handlingsrom skal være forsvarlig over tid. Alltid risiko for feil i forbindelse med regnskapsavleggelsen, flere manuelle posteringer og lite rutinemessig arbeid. Test av kontroller: • Test av ledelseskontroller: Tertialrapportering til kommunestyret • Test av generelle IT-kontroller • Budsjettoppfølging Substanshandlinger: • Kontroll av regnskapsskjema iht lovkrav • Kontroll av årsoppgjør disponeringer • Regnskapsoversikter henger sammen • Nødvendige noteopplysninger er utarbeidet • Avstemming av kretsløp er foretatt (Egenkapital, arbeidskapital og anleggsmidler/langsiktig gjeld) • Budsjettkontroll • Kontroll av årsmeldingen – inkl. vurdering av budsjettavvik og premissavvik • Avsluttende analytiske kontroll

6.2 SALGSOMRÅDET

Salgsområdet	Angrepsvinkel: Substanshandlinger
Risiko knyttet til: • Salgs- og leieinntekter (drift) • Kundefordringer (balanse) • Andre kortsiktige fordringer (balanse) • Ordinær merverdiavgift • Selvkost	Lav anslått risiko: Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner, lite bruk av skjønn og estimat. Ordinær merverdiavgift trekker risiko noe opp. Substanshandlinger: • Analytisk kontroll – høst og avslutning • Detaljkontroll brukerbetaling og salgsinntekter • Kontroll selvkost – etterberegning og fond • Periodiseringskontroll – henført til riktig år • Aldersfordelt reskontro kundefordringer/andre kortsiktige fordringer (vurdere tapsavsetning, innbetalingskontroll og eksterne bekreftelser) • Totalavstemming av ordinær merverdiavgift

6.3 INNKJØPS/KOSTNADSOMRÅDET

Innkjøp/kostnadsområdet	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger
Risiko knyttet til: • Kjøp av varer og tjenester (drift) • Merverdiavgiftskompensasjon • Leverandørgjeld (balanse) • Annen kortsiktig gjeld (balanse)	Middels anslått risiko: Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Tvungen attestasjons- og anvisningsrutine for inngående faktura, men fakturaene behandles på mange ulike enheter med varierende forståelse av kontrollrutinen. I tillegg er det ofte snakk om høge beløp som trekker risikoen noe opp. <u>Test av kontroller:</u> • Kontroll av attestasjon og anvisning <u>Substanshandlinger:</u> • Analytisk kontroll – høst og avslutning • Bilagskontroll - detaljkontroll • Periodiseringskontroll – henført til riktig år • Kontroll av leverandørgjeld – reskontrokontroll og betalingskontroll av vesentlige gjeldsposter • Verifisert avsetninger og annen kortsiktig gjeld

6.4 DRIFTSMIDLER/INVESTERINGER

Driftsmidler/Investeringer	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger
Risiko knyttet til: • Investeringer i varige driftsmidler (investering) • Salg av varige driftsmidler (investering) • Avskrivning/ motpost avskrivning (drift) • Bruk av lån/ lovlig finansiering (investering) • Skille mellom drift og investering • Anleggsmidler (balanse)	Middels anslått risiko: Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Tvungen attestasjon og anvisningsrutine for inngående faktura. Komplisert regelverk og skjønnsmessige vurderinger knyttet til skille mellom drift og investering, samt vurdering av levetid på anleggsmidlene, øker risiko for vesentlige feil. <u>Test av kontroller:</u> • Kontroll av attestasjon og anvisning <u>Substanshandlinger:</u> • Analytisk kontroll – høst og avslutning • Bilagskontroll – detaljkontroll • Prosjektgjennomgang – inkl. kontroll skille drift/investering • Avslutning av investeringsregnskapet – gjennomført i tråd med lov og forskrift • Kontroll av bokført verdi av anleggsmidler – avskrivninger, tilganger og avganger

6.5 LØNNSOMÅDET

Lønnsområdet	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger
Risiko knyttet til: • Lønnskostnader • Sosiale kostnader • Pensjon	Lav anslått risiko: Rutinemessige månedlige beløp for fast lønn. Noe mer komplekst (forsystemer, manuelle grunnlag etc.) for variabel lønn. Høyt volum/størrelse, men mindre beløp for enkelttransaksjoner. Test av kontroller: • Kontroll av attestasjon og anvisning av timer og reiseregninger Substanshandlinger: • Analytisk kontroll – høst og avslutning • Nyansettelser – kontroll av riktig registrerte opplysninger i HRM • Oppdaterte riktige satser i HRM fra lokale forhandlinger og hovedtariffavtalen • Pensjon – kontroll tilknytning mot pensjonskasse • Kontroll avstemming lønnsystem og regnskapssystem • Totalavstemming lønn inkl. kontrolloppstilling • Krav sykepenges – kontroll og krav • Totalavstemming pensjon inkludert balanseposter

6.6 OVERFØRINGSOMRÅDET

Overføringsområdet	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger
Risiko knyttet til: • <u>Overføringsinntekter:</u> • Rammetilskudd (drift) • Inntekts- og formuesskatt (drift) • Eiendomsskatt (drift) • Andre skatteinntekter (drift) • Andre overføringer og tilskudd fra staten (drift) • Overføring og tilskudd fra andre (drift) • Tilskudd fra andre (investering) • <u>Overføringsutgifter:</u> • Overføring og tilskudd til andre (drift) • Tilskudd til andres investeringer (investering)	Lav anslått risiko: Overføringsinntekter består hovedsakelig av overføringer fra staten som kan total-avstemmes mot ekstern dokumentasjon. Overføringsutgifter kontrolleres i stor grad mot vedtak og/eller budsjett, samt analytisk kontroll med sammenligning mot budsjett og tidligere år <u>Test av kontroller:</u> • Kontroll av attestasjon og anvisning av faktura <u>Substanshandlinger:</u> • Analytisk kontroll – høst og avslutning • Kontrollert merverdiavgiftskompensasjon termin 1-6 • Rammetilskudd, inntekts- og formuesskatt er avstemt mot oversikter fra staten • Periodiseringskontroll – henført til riktig år • Kontroll av tilskudd – (særattestasjoner på enkelte tilskudd) • Detaljkontroll av andre overføringsinntekter/ -utgifter

6.7 FINANSOMRÅDET

Finansområdet	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger
Risiko transaksjonsklasser: • Renteinntekter og renteutgifter (drift) • Avdrag på lån (drift) • Utbytter (drift) • Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler (drift) • Investering i aksjer og andeler (investering) • Salg av finansielle anleggsmidler (investering) • Utlån av egne midler (investering) • Avdrag på lån (investering) • Utdeling fra selskaper (investering) Risiko balanseposter: • Bankinnskudd og kontanter • Aksjer og andeler • Andre finansielle plasseringer • Fond • Kapitalkonto • Gjeld til kredittinstitusjoner • Annen gjeld (obligasjons- og sertifikatlån) • Utlån • Ubrukte lånemidler	Middels anslått risiko: Finansområdet er et komplekst område sammensatt av mange transaksjonsklasser med ulik risikovurdering. Test av kontroller: • Bankavstemming Substanshandlinger: • Analytisk kontroll – høst og avslutning • Kontrollberegning minimumsavdrag • Finans –inntekter og utgifter - gjennomgått og kontrollert mot eksterne oppgaver • For utlån som er lånefinansiert er det kontrollert at mottatt avdrag er brukt til å betale avdrag på innlån, eller avsatt til bundet fond til dette formålet • Etterlevelse av finansreglementet • Kontroll av balanseposter mot ekstern dokumentasjon: ○ Langsiktig gjeld ○ Likvide midler ○ Aksjer og andeler ○ Utlån inkl. startlån ○ Kortsiktig gjeld (periodiserte kostnader, påløpte renter) ○ Kortsiktig fordringer (opptjente inntekter, påløpte renter) ○ Fond

7 FUNN VED REVISJONEN OG OPPSUMMERING

7.1 LISTEFØRTE FEIL

Kommentar	Korrigerte feil (NOK)	Ikke korrigerte feil (NOK)
Arbeidsgiveravgift netto pensjonsforpliktelse ført feil veg	7 MNOK	
Avvik kapitalkonto, klassifiseringsfeil	36,7 MNOK	

7.2 FUNN OG ANBEFALINGER FRA OMRÅDENE

Regnskapsrapportering:

- Ingen

Salgsområdet:

- Ingen

Innkjøpsområdet:

- Ingen

Driftsmiddelområdet:

- Anbefaler at egenvurdering av investeringer/ prosjekt oversendes før siste budsjettregulering

Overføringsområdet:

- Ingen

Lønnsområdet:

- Ingen

Finansområdet:

- Avstemming av kretsløp bør tas løpende gjennom året ved låneopptak for å sikre at det ikke blir noen avvik i kretsløp som følge av opptak/ refinansiering av lån/ avdrag

7.3 OPPSUMMERT

Årsregnskapene synes avlagt i tråd gjeldende lovkrav (kommunelovens regler og god kommunal regnskapsskikk) og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av de finansielle stillingene til de ulike enhetene

Dokumentasjon og avstemminger synes i all vesentlighet å være forelagt oss i tråd med lov om god bokføringsskikk

8 ATTESTASJONER OG SÆRATTESTASJONER I 2023

Vi har gjennomført følgende attestasjoner og særattestasjoner i 2023:

- Merverdiavgiftskompensasjon:
 - 1.termin 2023
 - 2.termin 2023
 - 3.termin 2023
 - 4.termin 2023
 - 5.termin 2023
 - 6.termin 2023
- Helsedirektoratet – ISRS 4400 Avtalte kontrollhandlinger – Rapportering av antall personer med psykisk utviklingshemming
- Helsedirektoratet – ISRS 4400 Avtalte kontrollhandlinger – Rapportering særlig ressurskrevende helse og omsorgstjenester
- Helsedirektoratet – ISRS 4400 Avtalte kontrollhandlinger – Styrking og utvikling av helsestasjons- og skolehelsetjenesten
- Helsedirektoratet – ISRS 4400 Avtalte kontrollhandlinger – Nasjonal ALIS og veiledning – spesialisering i allmennmedisin
- Statsforvalteren – ISA 805 Særlige hensyn ved revisjon av enkeltstående regnskapsoppstillinger og spesifikke elementer, kontoer eller poster i en regnskapsoppstilling – Kompetanse og innovasjonstilskudd
- Møre og Romsdal fylkeskommune – ISRS 4400 Avtalte kontrollhandlinger – «Utvikling av Gjøvsund hamne- og næringsområde»
- Kystverket – ISRS 4400 Avtalte kontrollhandlinger – «Forskuttering av prosjekt Gjøvsund fiskerihavn»
- Møre og Romsdal fylkeskommune – ISRS 4400 Avtalte kontrollhandlinger – «Marine Grunnkart»
- Bufdir – ISRS 4400 Avtalte kontrollhandlinger – Systematisk identifikasjon og oppfølging av utsatte barn

- Sekreteriatet for konfliktrådene – ISRS 4400 Avtalte kontrollhandlinger – Forebygging av radikalisering og voldelig ekstremisme

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Hovedkontor: Kristiansund

Avdelingskontor: Ålesund, Molde, Surnadal

Eiere:

Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal,
Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma,
Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven,
Haram og Ålesund. Møre og Romsdal fylkeskommune.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 15/24	Giske kontrollutval	23.05.2024

Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport 2023 - offentlege anskaffingar **Giske kommune**

Sekretariatet si tilråding:

Giske kontrollutval har motteke kommunedirektøren sin handlingsplan for oppfølging av forvaltningsrevisjonen offentlege anskaffingar .

Kontrollutvalet kan rapportere til kommunestyret at utvalet med dette avsluttar si oppfølging av forbedrings- og læringspunkta i denne forvaltningsrevisjonen.

Bakgrunn:

Giske kontrollutval behandla 13.02.2024 revisjonen sin rapport etter forvaltningsrevisjon offentlege anskaffingar. Rapporten vart lagt fram til behandling og vedtak i Giske kommunestyre 15.02.2024.

Kontrollutvalet fekk ein god rapport frå Møre og Romsdal Revisjon SA, som var i samsvar med bestillinga.

Hovudføremålet med forvaltningsrevisjonen var å undersøke om Giske kommune føretek offentlege anskaffingar i tråd med reglar og rutiner på området.

Problemstillingane i rapporten var

1. Har Giske kommune sett i verk tiltak for å sikre at regelverket for offentlege anskaffingar vert følgt?
2. Blir varer og tenester kjøpt inn i samsvar med lov og regelverk på området?
3. Nyttar Giske kommune seg av dei inngåtte rammeavtalane på ein korrekt måte?

Vurdering:

Giske kommunestyre gjorde følgjande vedtak i sak 008/24:

- 1.Kontrollutvalet gjer kommunestyret merksam på, at revisor peiker på ein risiko for gebyr og erstatningsansvar, om ikkje kommunen har ei overordna oppfølging og kontroll med

innkjøp/anskaffingar.

2. Kommunestyret bed kommunedirektøren om å følge opp tilrådingane med å:

- utarbeide eit strategidokument for innkjøp og offentlege anskaffingar
- sørge for kompetanseheving og regelmessig opplæring for alle som har mynde til å gjere anskaffingar og nytte e-handel
- gå gjennom regelmessige innkjøp og serviceavtaler for å vurdere bruk av fleire rammeavtaler
- sjå til at heile organisasjonen har rutiner og system for å registrere og handtere avrop på rammeavtaler
- sjå til at det vert brukt lik mal for anskaffingsprotokoll i heile organisasjonen
- kreve skatteattest frå dei norske leverandørane som vert nytta, når anskaffinga overstig kr 500 000

3. Kommunedirektøren sender skrifteleg til kontrollutvalet ein plan for iverksetting av tiltaka, innan 10.05.2024

4. Kommunestyret bed kontrollutvalet rapportere attende til kommunestyret, når kommunedirektøren har iverksett tiltaka.

Forvaltningsrevisjon er ei av dei pålagde oppgåvene for kontrollutvalet, og det er kontrollutvalet på vegne av kommunestyret som ser til at vedtaka knytt til rapporten vert følgde opp. Denne sak handlar om kontrollutvalet sitt ansvar med å følge opp etter ein forvaltningsrevisjon.

Kommunedirektøren ved økonomisjef leverte ein handlingsplan til sekretariatet 02.05.2024, i tråd med den fristen som var sett i vedtaket.

Med bakgrunn i denne bør kontrollutvalet gjere seg opp ei meining om kommunedirektøren her svarar ut vedtaket og forbetringspunkta i rapporten, på ein slik måte at kontrollutvalet er trygga på at kommunestyret sitt vedtak vert følgd opp.

Slik sekretariatet ser det så svarer handlingsplanen ut dei punkta som kommunestyret bad om. Den viser at dei forbetringspunkta som kom fram i rapporten blir følgde opp av administrasjonen.

Vidare så er det naturleg at kontrollutvalet vert orientert om det reviderte økonomireglementet og gjelds/finansreglementet når dei er klar til hausten.

Kontrollutvalet kan vurdere om ein forenkla etterlevingskontroll kan nyttast for å ta ei enklare kontrollhandling som oppfølging av området, når det har gått ei tid.

Konklusjon:

Kommunedirektøren er invitert til kontrollutvalet sitt møte 23.05.2024. Kontrollutvalet kan gjerne be om utfyllande informasjon frå kommunedirektøren i møtet, om utvalet ynskjer det.

Sekretariatet rår til at oppfølging av denne forvaltningsrevisjonsrapporten 2023 kan avsluttast frå kontrollutvalet si side no.

Med det kan kontrollutvalet rapportere tilbake til kommunestyret at oppfølging av kommunestyret sitt vedtak i sak 008/24 er utført.

Vedlegg

Handlingsplan etter forvaltningsrevisjon 2023 offentlege anskaffingar

K.sak 8/24 Giske kontrollutval - rapport frå forvaltningsrevisjon 2023**Plan for iverksetting av tiltak**

Oppfølgingspunkt	Tiltak	dato
Utarbeide eit strategidokument for innkjøp og offentlege anskaffingar	Settes i samanheng med rullering av økonomireglement og gjelds og finansreglement Fullmakter og beløpsgrenser vert arbeidd inn	haust 2024
Sørge for kompetanseheving og regelmessig opplæring for alle som har mynde til å gjere anskaffingar og nytte e-handel	Opplæring leiarar (leiarforum) - enten via innkjøpsfellesskapet, alternativ leige ekstern konsulent Arrangere felles samling for alle som nyttar e-handel Avgrense talet på innkjøparar og endre til behovsmeldar - krever tilleggsmodul i Visma.	Vår 2024 Juni 2024 vår 2025
Gå gjennom regelmessige innkjøp og serviceavtaler for å vurdere bruk av fleire rammeavtaler	Utvalg av leverandører er ein kontinuerleg og tikrevjande prosess. Per no blir det arbeidd for å få ein rammeavtale med elektriker.	I prosess
Gjå til at heile organisasjonen har rutiner og system for å registrere og handtere avrop på rammeavtaler	Betre informasjon i Compilo Vurdere eigen innkjøpsansvarleg	I prosess
Sjå til at det vert brukt lik mal for anskaffingsprotokoll i heile organisasjonen	Malar er utarbeidde, formidle bedre kor dei er lagra. Legge utfyllande informasjon i Compilo.	I prosess
Kreve skatteattest frå dei norske leverandørane som vert nytta, når anskaffinga overstig kr 500 000	Ta i bruk prosedyre, sjekklister og kvalitetssikre at alle dokument blir levert ved bruk av ekstern innkjøpsbistand Vurdere Innkjøp av eige KGV verktøy	

3. Kommunedirektøren sender skrifteleg til kontrollutvalet ein plan for iverksetting av tiltaka, innan 10.05.202

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 16/24	Giske kontrollutval	23.05.2024

Rapport frå risiko- og vesentlegvurdering 2024 - Giske kommune

Sekretariatet si tilråding:

1. Kontrollutvalet tek den framlagte rapporten frå risiko- og vesentleganalysa til vitande.
2. Kontrollutvalet vel ut følgjande områder for forvaltningsrevisjon, i prioritert rekkefølge:
 - a)
 - b)
 - c)
 - d)
3. Kontrollutvalet vel ut følgjande områder for eigarskapskontroll:
 - a)
 - b)
 - c)
4. Med desse prioriteringane bed kontrollutvalet sekretariatet utarbeide eit forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2027, til utvalsmøtet i september.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet skal gjennomføre forvaltningsrevisjon både i kommunen og i selskap kommunen eig.

Forvaltningsrevisjon bidreg til å betre måloppnåinga og auke kvaliteten på tenestene i kommunen.

Eigarskapskontroll er eit verktøy som kontrollutvalet har for å sjå etter om selskapa er under demokratisk styring og kontroll.

Både forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar bør gjennomførast på ein planmessig måte, basert på ei risiko- og vesentlegvurdering. Formålet er å identifisere kor det er størst behov for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

13.februar 2024 vedtok kontrollutvalet å bestille ei risiko- og vesentlegvurdering av Giske kommune og kommunen sine selskap. Bestillinga gjekk til Møre og Romsdal Revisjon SA, med ei ramme på inntil 150 timar.

Kontrollutvalet har ved fleire høve fått gje sine innspel til arbeidet med risiko- og vesentlegvurderinga. 11. april 2024 inviterte kontrollutvalet både politisk og administrativ leiing til eit arbeidsmøte i lag med revisjonen. I dette møtet kunne deltakarane kome med innspel om viktige risikoområder i kommunen. Desse innspela, saman med informasjon frå andre kjelder, dannar grunlaget for rapporten som revisjonen har levert.

For perioden 2019-2023 vart det gjennomført tre forvaltningsrevisjonar i Giske kommune:

- Planmessig vedlikehald av kommunale eigedommar
- Ressurs og kvalitet i grunnskulen, spesialundervisning
- Rutiner for offentlege anskaffingar

Det er ikkje gjennomført eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon i selskap i denne perioden.

Vurdering:

Sekretariatet mottok 9. april 2024 Rapport frå risiko- og vesentlegvurdering av Giske kommune frå Møre og Romsdal Revisjon SA.

Sekretariatet vurderer at rapporten oppfyller dei rammene kontrollutvalet gav. Rapporten er grundig og gir kontrollutvalet eit godt grunnlag for å prioritere områder for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Kontrollutvalet bør drøfte rapporten nøye i møtet og prioritere kva områder som skal takast med i planarbeidet. Denne prioriteringa skal baserast på risiko- og vesentlegheit. Kontrollutvalet kan velkje andre områder enn det som kjem fram i rapporten, men bør grunngje det med si vurdering av risiko og vesentlegheit.

Med bakgrunn i dei drøftingar og prioriteringar som utvalet gjer i møtet, vil sekretariatet utarbeide eit forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2027. Forslaget vert lagt fram for kontrollutvalet til møtet 05.september 2024. Kontrollutvalet gjer då vedtak på si tilråding og sender planane med tilråding vidare til kommunestyret.

Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027 og plan for eigarskapskontroll 2024-2027 skal begge vedtakast av kommunestyret innan utgangen av 2024.

Lovheimlar:

- KommuneLOVEN § 23-3 Forvaltningsrevisjon

- Kommuneloven § 23-4 Eierskapskontroll

Vedlegg

Rapport frå risiko- og vesentlegvurdering 2024 - Giske kommune

RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING

Giske kommune

Grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon og plan for
eigarskapskontroll 2023 – 2027

Endeleg rapport

MAI 2024

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samverkeføretak eigd av kommunane Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven, Haram og Ålesund samt Møre og Romsdal fylkeskommune. Selskapet utfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og andre revisjonsteneste for eigarane. Hovudkontoret ligg i Kristiansund og det er avdelingskontor i Ålesund, Molde og Surnadal.

Tidlegare rapportar frå Møre og Romsdal Revisjon SA er på heimesida vår: www.mrrevisjon.no

FORORD

Møre og Romsdal Revisjon SA har etter avtale med kontrollutvalet i kommunen gjennomført ein risiko- og vesentlegvurdering av verksemda i kommunen. Dette gir eit grunnlag for kontrollutvalet sin vidare prosess med utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2023-2027.

Risiko- og vesentlegvurdering (ROV) går gjennom kommunal verksemd og eigarskap i Giske kommune. Rapporten summerer opp resultata frå gjennomgangen vår av verksemda, på bakgrunn av dei identifiserte risikoane som ligg til grunn for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Vi takkar kontrollutvalet, sekretariatet, folkevalde og kommunedirektøren med administrasjon for nyttige bidrag. Bidraga har skapt eit godt utgangspunkt for kontroll og betring av Giske kommune.

Molde, 10.5.2024

Martin Gjendem Mortensen

Dagleg leiar

Charlotte Blomvik

Forvaltningsrevisor

SAMANDRAG

Basert på gjennomført risiko -og vesentlegvurdering er det særleg aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt innan følgjande tema:

- Økonomistyring
- Personalforvaltning
- Oppvekst – Tidleg innsats, kompetanse og ressursar
- Barnevern
- Helse og omsorg – Kvalitet og ressursbruk
- Bygg og byggjesak – Kvalitet og ressursbruk
- Attvin AS, berekraft og sjølvkost

I det følgjande er det kort skildra bakgrunn for tema som er vurdert. Vidare i rapporten er det meir utfyllande om kva for funn og indikatorar som er lagt til grunn for vurderinga vår om at der er desse tema og vinklingane som har høg risiko. I rapporten er det fleire tema som vi har vurdert til middels risiko, som kontrollutvalet kan prioritere opp om det er grunn til det.

ØKONOMISTYRING

Kommunen står ovanfor demografiske og samfunnsmessige utfordringar i åra som kjem. Det vil leggje ytterlegare press på økonomien i kommunen, og utfordre måten kommunen leverer teneste på. Ein forvaltningsrevisjon som ser på korleis kommunedirektøren legg opp prosessane for økonomiarbeidet i kommunen for å halde vedtekne budsjett, og korleis budsjettgrunnlag og rapportering til kommunestyret blir utforma, kan gjere at kommunen får mest mogleg ut av tilgjengelege ressursar og i betre stand til å gjere gode politiske prioriteringar.

PERSONALFORVALTNING

Kommunen opplever utfordringar med kapasitet og kompetanse i organisasjonen. Det gjeld innan fleire sektorar og kan ha bakgrunn i mellom anna at det er vanskeleg å rekruttere og behalde tilsette, nærvær og sjukefråvær og/eller heiltids/deltids-problematikk. Samstundes ser kommunen at det i åra framover vil vere meir behov for kompetansestillingar som det er mangel på. Ein forvaltningsrevisjon som går igjennom kommunen sine planar for, og oppfølging av, desse utfordringane vil kunne bidra til å ruste kommunen innan personalforvaltninga.

OPPVEKST – TIDLEG INNSATS, KOMPETANSE OG RESSURSAR

Tidleg og tverrfagleg innsats frå tenestene i oppvekstsektoren krev at kommunen både har spesialkompetanse og gode planar og prosessar for korleis svake brukargrupper innan barn og unge skal bli fanga opp og få dei tenestene dei skal ha. Ein forvaltningsrevisjon som ser på korleis kommunen rekrutterer, arbeider med rekruttering og nyttar avgrensa ressursar kan bidra til betre måloppnåing for sektoren, særleg for tenesta tidleg og tverrfagleg innsats.

BARNEVERN

Barnevernet har vore, og er i, fleire reformar. Det er stilt høgare krav til kompetanse i tenesta og samhandling med andre tenester, både i og utanfor kommuneorganisasjonen. Ein forvaltningsrevisjon som vurderer plan, prosessar og tiltak for å imøtekome utfordringane kan bidra til at kommunen får betre måloppnåing i dei krava og måla som er sett for tenesta.

HELSE OG OMSORG – KVALITET OG RESSURSBRUK

Helse- og omsorgssektoren er ein stor og viktig sektor for kommunen, som er venta å få enno større omfang i åra som kjem. Utfordringane som kommunen opplever i å yte mest og best moglege tenester er fleirdelt; rekrutteringsutfordringar, tenester i kontinuerleg endring og avgrensa ressursar, for både yngre- og eldreomsorga, og for spesialiserte tenester som psykisk helse -og rus. Ein forvaltningsrevisjon innan denne tematikken kan bidra til å sikre at kommunen har rett kvalitet og ressursbruk.

BYGG OG BYGGJESAK – KVALITET OG RESSURSBRUK

Kommunen har eit viktig myndeområde i byggjesaksforvaltninga ovanfor både innbyggjarar og næringsliv. Internkontroll med dokumentering og arkivering av grunnlag for avgjerse er sentralt for god myndeutøving samt kvalitet og tillit i tenesta. Ein forvaltningsrevisjon som ser på kvalitet og ressursbruk i eining, og som oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjon innan vedlikehald, kan vere eit aktuelt tema.

ATTVIN AS – BEREKRAFT OG SJØLVKOST

Attvinn AS utfører viktige tenester for kommunen innan berekraftsmåla. Selskapet leverer viktige tenester direkte til innbyggjarane, og har direkte konsekvens for fakturaen innbyggjarane mottek. Selskapet er eigd av fleire kommunar, og det kan vere aktuelt med eit felles prosjekt eigarkommunane imellom som ser på selskapet si måloppnåing innan berekraftsmåla og at sjølvkostberekningane er rett.

AKTUELLE OMRÅDE FOR EIGARSKAPSKONTROLL

Basert på gjennomført risiko -og vesentlegvurdering er det særleg aktuelt å gjennomføre eigarskapskontroll innan følgjande tema:

- Eigarstyring og -oppfølging
 - Kommunen har tydelege mål og prinsipp for eigarskapet, og følgjer opp dei
 - Praktisering av offentlegheit
 - Føremålet med eigarskap er klart
 - Kontroll av om selskap når sine mål
 - Kommunestyret sine vedtak blir følgde
 - Føringer for kompetanse styresamansetjing
- Eigarskapskontroll av Attvin AS

INNHALD

1	INNLEIING	5
1.1	Bestilling	5
1.2	Risiko- og vesentlegvurdering	5
1.3	Forvaltningsrevisjon	5
1.4	Forvaltningsrevisjon i selskap kommunen eig	6
1.5	Eigarskapskontroll	6
1.6	Metode	6
1.7	Oppbygging av rapporten – lesarrettleiing	10
2	OM KOMMUNEN	11
2.1	Organisering	11
2.2	Kommunen sine visjoner, mål og satsingsområde	11
2.3	Økonomiske rammer og måltal	12
2.4	Kommunebarometeret 2023	13
2.5	Interkommunalt samarbeid om teneste	15
3	RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING I KOMMUNEN – FORVALTNINGSREVISJON	16
3.1	Berekraft og samfunnsutvikling	16
3.2	Lokaldemokrati	21
3.3	Tillitsskapande forvaltning	25
3.4	Tenesteyting og utøving av mynde	37
4	RISIKO OG VESENTLEGVURDERING I SELSKAP – EIGARSKAPSKONTROLL OG FORVALTNINGSREVISJON	61
4.1	Innleiing	61
4.2	Eigarskap i Giske kommune	63
4.3	Risiko- og vesentlegvurdering i selskap	65
4.4	Forvaltningsrevisjon i selskap	67
5	HØYRING	69
	REFERANSELISTE	70

1 INNLEIING

1.1 BESTILLING

Møre og Romsdal Revisjon SA har gjennomført risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd som grunnlag for kontrollutvalet si utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll etter bestilling den 13. februar 2024 av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet skal syte for at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen og i selskap kommunen har eigarinteresser i, og at kommunen sine eigarinteresser i selskap blir kontrollert. For å sikre at kommunestyret vel dei mest relevante prosjekta, skal kontrollutvalet utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon og ein plan for eigarskapskontroll, jf. kommunelova §§ 23-3 og 23-4. Planane skal vere basert på risiko- og vesentlegvurdering.

I dette kapitelet ser vi nærare på kva risiko- og vesentlegvurdering, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll er samt metode og kva for informasjonsgrunnlag vi har nytta som grunnlag for vurderingane våre.

1.2 RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING

Føremålet med risiko- og vesentlegvurderinga er å avdekkje dei områda der det kan vere størst behov for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Det finst ingen spesifikke krav til korleis ein skal gjennomføre denne vurderinga, anna enn at ho skal byggje på ei evaluering av risiko og kva som er vesentleg.

Risiko omfattar potensialet for avvik frå regelverk, mål, vedtak og andre retningslinjer som kommunen har for verksemda. Risiko består av både sannsynet og konsekvensen av slike avvik. Vesentlegheit kan vurderast frå ulike perspektiv, inkludert økonomi, politikk, brukarbehov, medarbeidarinteresser, samt samfunns- og miljømessige omsyn.

Det finst ingen objektiv storleik som kan nyttast til å avgjere kva som er vesentleg. For å prioritere mellom områda der det er identifisert risiko for avvik, må kontrollutvalet til slutt gjere ei skjønsmessig vurdering av kva område som er mest vesentleg.

1.3 FORVALTNINGSREVISJON

Forvaltningsrevisjon er systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, etterleving av reglar, måloppnåing og verknader basert på vedtak frå kommunestyret eller fylkestinget. Forvaltningsrevisjon fungerer som ein kontrollmekanisme mellom kommunestyret og administrasjonen samtidig som ho kan ha stor betydning for læring og utvikling.

1.4 FORVALTNINGSREVISJON I SELSKAP KOMMUNEN EIG

Kontrollutvalet har plikt til å gjennomføre forvaltningsrevisjon både internt i kommunen og i selskap kommunen har eigarinteresser i. forvaltningsrevisjon kan i prinsippet utførast i alle typar selskap kommunen har eigarinteresser i.

Døme på tema for forvaltningsrevisjon i selskap inkluderer måloppnåing, offentlege anskaffingar, habilitet, etikk og samfunnsansvar, arbeidsmiljø og økonomisk drift. Krava til forvaltningsrevisjon er i utgangspunktet dei same, uavhengig av om revisjonen blir utført i kommunen eller i eit selskap.

Når kommunen organiserer verksemda gjennom selskap, påverkar dette likevel moglegheitene for styring, innsyn og kontroll. Kontrollutvalet må difor ta omsyn til spesifikke høve ved forvaltningsrevisjon med selskap. Dette inkluderer eigne reglar for kontrollutvalets rett til innsyn i selskapet. Det kan òg vere naudsynt å samordne kontrollen dersom fleire kommunar eig selskapet saman.

1.5 EIGARSKAPSKONTROLL

Eigarskapskontroll handlar om å sjekke om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i tråd med lover, forskrifter, vedtak frå kommunestyret og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

Det er eit skilje mellom eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon av selskapet. Praksis syner likevel at det er ein glidande overgang mellom desse to hovudkategoriane, og at det i einskilde tilhøve kan vere vanskeleg å skilje dei. Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon er to ulike former for kontroll, og er regulerte i kvar sine paragrafer i KommuneLOVA. Av denne grunn blir områda omtalte i eigne kapittel.

1.6 METODE

Kva har vi gjort?

Vi har arbeidd med å identifisere dei områda i kommunen som har størst risiko for feil og manglar. Dette kallar vi ein risiko- og vesentlegvurdering.

Korleis har vi gjort det?

1. Vi har studert lover og rettleiingar. Vi har undersøkt kva lovgjevinga seier om risiko- og vesentlegvurderinga, rettleiaren til NKRF for risiko- og vesentlegvurdering og andre gjennomførte vurderingar.


Vi har brukt KommuneLOVA som utgangspunkt. KommuneLOVA definerer kva kommunen

skal vere og gjere. Difor har vi nytta lova til å inndeleg kommunen sin verksemd i ulike område. Kommunen skal tilby tenester og drive samfunnsutvikling til beste for innbyggjarane, utøve offentleg mynde og bidra til ein effektiv, tillitsskapande og berekraftig forvaltning.

Basert på kommunen sine ansvarsområde etter KommuneLOVA har vi delt risiko- og vesentlegvurderinga inn i fire hovudområde:

- Berekraft og samfunnsutvikling
 - Lokaldemokrati
 - Tillitsskapande forvaltning
 - Tenesteyting og myndeutøving
2. Vi har identifisert vesentlege risikoar for kommunane. Kva utfordringar møter kommunar generelt sett, korleis utviklar samfunnet seg, kva føresetnader har kommunane, kva må dei til omsyn til, kva pålegg har dei, kva forventingar har dei til sittande politisk leiing, og kva er dei generelle risikoane i dagens samfunn? For å finne svar på dette har vi henta informasjon frå kjelder som Kommunane Sentralforbund, Økokrim, Helsedirektoratet, Politiets sikkerheitsteneste og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Vi har valt ut tema som vi meiner er vesentlege og utgjør ein risiko for alle kommunar. Innan kvart tema har vi identifisert moglege risikofaktorar som òg gjeld for alle kommunar.
- Desse er valde ut med bakgrunn i regelverk, element i internkontroll, andre risiko- og vesentleganalysar, forventingar frå Statsforvaltaren og vår eigen kunnskap på området. Risikofaktorane kan òg sjåast i samheng med områda ein forvaltningsrevisjon kan rettast mot, som er økonomi, produktivitet, regeloverhaldning, måloppnåing og verknader.
3. Vi har vurdert risikoen i kommunen. Basert på informasjon vi har samla inn om kommunen, vurderer vi kva risikofaktorar som ser ut til å vere mest relevante for kommunen. Vi vurderer om risikoen er låg, middels eller høg. Risiko blir delt inn i sannsyn for at hendinga inntreff og konsekvensar om hendinga inntreff. Dette rangerer vi òg som låg, middels eller høg, og endar opp med ei vurdering av risiko. Dersom risikoen er høg eller middels, kjem vi med forslag til moglege tema for forvaltningsrevisjon.
4. Høyring av risiko- og vesentlegvurderinga til ordførar og kommunedirektør. Vi tek omsyn til innspel som kjem, og eventuelt justerer informasjon og vurderingar. Etter at steg fire er ferdig, sender vi risiko- og vesentlegvurderinga over til kontrollutvalet.
5. Kontrollutvalet bør i steg fem vurdere kva risikoområde som er mest aktuelle for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Basert på denne vurderinga, utarbeider kontrollutvalet ein plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Tabell 1.6.1. Ein visuell framstilling av korleis arbeidet med risiko- og vesentlegvurderinga er løyst i 5 steg



Kjelde: MRR SA

Vi summerer opp vår vurdering i følgende risikotabell:

Risiko-faktor	Grunngjeving for nivå av sannsyn	Grunngjeving for konsekvensnivå	Sannsyn	Konsekvens	Risiko-nivå
Aktuelle risiko-faktorer	Kort skildring	Kort skildring	Høg	Høg	●
			Middels	Middels	●
			Låg	Låg	●

Risikofaktorane er dei eller den mest relevante for kommunen.

Grunngjevinga for nivå av sannsyn: korte skildringar av kva kommunen gjer (eller ikkje gjer) for å redusere risiko.

Grunngjevinga for konsekvensnivået: kan sjåast frå ulike perspektiv og skildrar konsekvensane om risikofaktoren skulle inntreffe.

Sannsyn: vår vurdering av om det er lågt, middels eller høgt sannsyn for at vald risikofaktor inntreff.

Konsekvens: vår vurdering av om det er låg, middels eller høg konsekvens om vald risikofaktor inntreff.

Risikonivået: vår vurdering av om det er låg, middels eller høg risiko.

Vår vurdering av risiko- og vesentlegheit fører til forslag til tema for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll der det er aktuelt.

INFORMASJONGRUNNLAG OM KOMMUNEN

For å skaffe informasjon om risikoområde i kommunen, nytta vi fleire kjelder:

- Dialog med kontrollutvalet 2019-2023 og kontrollutvalet 2023-2027
- Oppstartsmøte med kommunedirektør, ordførar og kommunalsjefar
- Spørjeundersøking til politikarar og administrasjonen i kommunen
- Intervju med barn- og ungerepresentant
- Intervju med rådgjevar for kvalitet og beredskap
- Intervju med SLT-koordinator
- Intervju med økonomisjef
- Intervju med HR-leiar
- Høyringsmøte med kommunedirektør
- Kommunens planar, mellom anna:
 - Kommuneplanens samfunnsdel 2023-2033 og arealdel 2018-2030
 - Budsjett- og økonomiplan 2024-2027
 - Handlingsplanar og temaplanar
 - Beredskapsplan 2024
 - Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse 2023/2024
- Rapporteringar (t.d. årsrapport, tertialrapportar osv.)
- Kommunen sin eigarskapsmelding
- Kommunebarometeret for 2023
- Kommunebiletet 2022/2023
- Statsforvaltaren sin tilsynskalender
- Tilsyn på barnevern, Statsforvaltaren
- Forenkla etterlevingskontrollar
- Revisjonen sin erfaring og kunnskap om kommunen frå tidlegare revisjonar

Det er gjennomført ei spørjeundersøking blant leiarar og politikarar i kommunen.

Av totalt **23** politikarar var det **8** politikarar som svarte på spørjeundersøkinga. Dette gir ein svarprosent på **35 %**. Desse tilhøyrar partia frå FrP, KrF, Høgre, Venstre og SP.

Av totalt **24** leiarar, tillitsvalde, verneombod og hovudverneombod, var det **15** som svarte på spørjeundersøkinga. Dette gir ein svarprosent på **63 %**. Det var ingen frå oppvekst innanfor skuleområdet som svarte på spørjeundersøkinga.

Svara frå undersøkinga blir nytta som eit supplement til informasjon vi innhentar frå fleire kjelder. Vi har hatt dialog med oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor. Rapporten er sendt på høyring til kommunen og ordførar, og vi har teke med innspel og tilbakemeldingar frå desse. Vi har òg delteke på eit prosessmøte med kontrollutvalet, kommunedirektør, ordførar og leiarar i Giske kommune.

AVGRENSINGAR

Risiko- og vesentlegvurderinga er gjort på eit overordna nivå. Omfanget er avgrensa ut frå kva som er føremålet med analysen, det vil seie å identifisere kvar det er størst behov for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Analysen er vidare avgrensa av ressursar vi har hatt til rådvelde. Vi påpeikar at risiko- og vesentlegvurderinga er gjort med kvalifisert skjønn, og skal ikkje tolkast som eksakt vitskap.

BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJON

Vi har valt å halde vurderinga på eit overordna nivå. Når ein forvaltningsrevisjon skal bestillast av kontrollutvalet, er det naturleg at detaljeringsgraden innan det valde område blir skjerpa. Her ser vi føre oss at risikofaktorane kan vere til god nytte.

1.7 OPPBYGGING AV RAPPORTEN – LESARRETTLEIING

I kapittel 2 blir det gitt ein oversikt over kommunen si organisering, økonomi, mål og resultat frå Kommunebarometeret, interkommunale samarbeid og eigarskap.

Kapittel 3 består av risiko- og vesentlegvurderinga for forvaltningsrevisjon. Vurderinga er delt inn i fire hovudområde. Innan kvart hovudområde kan det vere fleire underområde. Kvart underområde vil vere bygd opp på same måte:

1. Kort innleiing om temaet, kvifor området er vesentleg og kva som er moglege risikoar. Dette gjeld for alle kommunar.
2. Liste over moglege risikofaktorar innan området. Gjeld òg for alle kommunar.
3. Data om Giske kommune og eventuelle risikoreduserande tiltak.
4. Vår vurdering og ein tabell som summerer opp risikovurderinga vi har gjort.
5. Eventuelt forslag til aktuelle tema for forvaltningsrevisjon.

Kapittel 3 avsluttast med ein oversikt over risikoområder med middels og høg risiko- og vesentlegvurdering.

Kapittel 4 handlar om risiko- og vesentlegvurdering i selskap, både forvaltningsrevisjon i selskap og eigarskapskontroll.

2 OM KOMMUNEN


I dette kapittelet ser vi på kommunen sine mål og satsingsområde, økonomi, samarbeid og eigarskap. Det gir ein bakgrunn for risiko- og vesentlegvurderinga.

2.1 ORGANISERING

Kommunestyret i Giske består av 23 representantar, og er det øvste organet i kommunen. Formannskapet består av 7 representantar. I tillegg til næringsutval, livsløpsutval og teknisk utval, har kommunen fleire nemnder og råd. Kontrollutvalet består av 5 representantar.

Giske kommune held på med å oppdatere delegeringsreglement. Kommunen skal gjere dette digitalt gjennom Kommuneforlaget (KF) sitt digitaliseringsprogram.

Figur 2.1.1. Organisasjonskart Giske kommune



Kjelde: Giske kommune

2.2 KOMMUNEN SINE VISJONER, MÅL OG SATSINGSOMRÅDE

Kommuneplanen er ein overordna plan for samfunnsutviklinga i perioden. Giske har ein samfunnsdel som gjeld for perioden 2023-2033. Samfunnsdelen vart vedteken av kommunestyret 27.04.23 i sak **032/23**. Kommuneplanens samfunnsdel er bygd opp med viktige føringar, utviklingstrekk i Giske kommune, mål- og strategiar og føresetnadar for å lukkast.

Giske kommune sin visjon er «**historisk og framtidsretta**» og skal inspirere til felles utvikling, endring og retning for utviklinga fram til 2032.

Satsingsområda til Giske kommune er følgjande:

- 1. Giske som bukommune – ein god plass å leve heile livet**
 - Mål: Unik natur, gode og innovative tenester, beste frivilligsentral, attraktivitet og nærheit
- 2. Giske som næringskommune – eit framtidsretta næringsliv**
 - Mål: aktivt fiskeri, framtidsretta landbruk, attraktiv kultur, regionens største næringsareal
- 3. Giske som samspelkommune – Giske på lag med sunnmøre – betre saman**
 - Mål: regionsentralisert med flyplass og samarbeid, naturleg del av regionalt arbeidsmarknad

Planstrategien 2017-2020 vart vedteken 06.11.2017. Kommunen arbeider med ein ny planstrategi som førebels er på høyring og er planlagd klar september 2024.

2.3 ØKONOMISKE RAMMER OG MÅLTAL

Kommunen sine finansielle måltal som skal bli nytta til å vurdere kommunen sitt handlingsrom:

	Lite handlingsrom	Moderat handlingsrom	Stort handlingsrom
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	<1 %	1 % -1,75 %	>1,75 %
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	<4 %	4 % - 9 %	>9 %
Gjeldsgrad, netto lånegjeld i % av driftsinntekter	>100 %	100 % - 80 %	<80 %

Kommunen sine finansielle måltal for dei tre siste åra viser at:

Giske kommune	Rekneskap 2023	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021
Netto driftsresultat i % av driftsinntekt	0,3	4,1	4,5
Disposisjonsfond i % av driftsinntekt	5,8	4,6	0,5
Gjeldsgrad, netto lånegjeld i % av driftsinntekt	131,7	122,3	128,7

Kjelde: SSB KOSTRA, tal frå 2023 er urevidert

Kommunen sine finansielle måltal dei siste tre åra viser at kommunen sitt handlingsrom er avgrensa. Kommunen skriv i årsrapporten 2023:

Når det gjeld økonomien har ekstraordinære inntekter dei tre siste åra gjort at ein har klart å sette litt pengar på bok. Disposisjonsfondet er no på om lag 47 million kroner. Dette kjem godt med i endå tøffare tider, for omstilling av drifta må halde fram for å balansere ordinært nivå på inntekter og forventa utgifter.

2.4 KOMMUNEBAROMETERET 2023

Kommunebarometeret er ein samanlikning av kommunane basert på 155 nøkkeltal innan 12 sektorar (Kommunal Rapport 2023). Hensikta er å gje ein lettfatteleg og tilgjengeleg oversikt over korleis kommunane driv. Resultatet gir ein indikasjon, sjansen til å stille spørsmål og ikkje minst lære av andre kommunar. Tala er i hovudsak henta frå SSB sin KOSTRA-database for 2022. Det er i tillegg henta statistikk frå kjelder som Utdanningsdirektoratet, Helsedirektoratet, Folkehelseinstituttet og Norsk kulturindeks frå Telemarksforsking.

I det førebelse barometeret er kommunane rangert etter ujustert poengsum. Kommunane blir rangert innan kvar einskild nøkkeltal, kvar sektor og totalt. Karakteren speglar kommunen si plassering i sektoren relativ til dei andre kommunane. Karakteren blir med andre ord ikkje satt ut frå definerte kriteria for kva som er objektivt «bra» eller «dårleg». Eit rødt nøkkeltal betyr at dei fleste andre kommunane gjorde det betre. For somme nøkkeltal gjer heile Kommune-Noreg det bra. Så bra, at sjølv dei kommunane som kjem ut lågt, ligg godt over normer og over minimumskrav til tenesta.

Kategori	Giske kommune sin rangering av totalt 356 kommunar
Grunnskule	89
Pleie og omsorg	281
Barnevern	324
Barnehage	213
Helse	298
Sosialtenesta	325
Kultur	82
Klima og natur	29
Sakshandsaming	290
Vatn og avløp	46
Økonomi	324
Kostnadsnivå	292

Kjelde: Kommunebarometeret 2023

I kommunebarometeret for 2023 kan vi lese:

«Giske kommune hamnar på ein 104. plass i den endelege utgåva av Kommunebarometeret 2023 frå Kommunal Rapport. Giske har ikkje vore del av nokon større kommunesamanslåingar i løpet av femårsperioden som er omfatta av Kommunebarometeret. Vi kan difor anta at resultata er nokolunde samanliknbare over tid.

Grunnskule

Del lærarar som oppfyller kompetansekrava i norsk, engelsk og matematikk, har auka nasjonalt dei siste åra. I Giske oppfylte 81,95 prosent av barneskulelærarane i norsk, engelsk og matematikk i 1.-7. trinn kompetansekrava i 2022. Dei beste kommunane ligg på 100 prosent. På ungdomsskulen oppfylte 97,37 prosent av lærarane i matematikk, engelsk og norsk nye krav til fordjuping i faga.

Sjukeheim

Av dei som bur på sjukeheim, var tendensen at 86 prosent hadde omfattande pleiebehov i 2022. Del aukar over tid. Dette indikerer på at innsatsen framleis dreiest mot heimebasert omsorg, og at ein må vere meir pleietrengande enn før for å få sjukeheims plass. Føresetnad at kommunen har gode tilbod på lågare trinn i omsorgstrappa, bør dei fleste som bur på sjukeheim ha omfattande bistandsbehov. I Giske har 100 prosent av bebuarane på sjukeheim eit omfattande bistandsbehov. Det er anslått nasjonalt at fire av fem over 80 år på sjukeheim har ein grad av demens. I Giske svarar talet på plassar i skjerma eining for demente til 133,33 prosent av talet på innbyggjarar over 80 år som bur på sjukeheim, og kjem godt ut på dette talet.

Barnevern

Nasjonalt har del saker i barnevernet som tek meir enn tre månadar å behandle, gått litt ned dei siste åra. Den nasjonale tendensen viser at kommunane no overheld den normale saksbehandlingsfristen i lowerket i 89,5 prosent av sakene. Del fristbrot er halvert på nokre få år. I Giske blir 94 prosent av sakene behandla innanfor tre månadar. Dette er betre enn dei fleste andre kommunane i landet.

Barnehage

Giske har ifølgje statistikkane 6 barn per årsverk i dei kommunale barnehagane. Del av barn med minoritetsbakgrunn som går i barnehage, held fram å auke nasjonalt. I 2021 var del oppe i 86,9 prosent. I Giske går 92,9 prosent av barna med minoritetsbakgrunn i barnehage, ifølgje tala.

Økonomi

Giske har pengar på disposisjonsfond, fondet var i fjor på 4,6 prosent av bruttoinntektene til kommunen. Dette er lågare enn dei fleste kommunane i landet. Netto renteeksponert gjeld for Giske var i fjor på 81,6 prosent av brutto driftsinntekter, noko som er betre enn gjennomsnittskommunen. Investeringsnivået i Giske var i fjor 12,54 prosent av brutto driftsinntekter for dei fire siste åra. Det er under gjennomsnittet for landet.

2.5 INTERKOMMUNALT SAMARBEID OM TENESTE

Interkommunalt samarbeid kan bli organisert i eit interkommunalt politisk råd, kommunalt oppgåvefellesskap, vertskommunesamarbeid, interkommunalt selskap, aksjeselskap, samverkeføretak, foreining/stiftelse eller ein anna eining som det er rettsleg tilgang til. Ein del av dei kommunale oppgåvene kan blir utført i interkommunale samarbeid. Giske kommune har i dag følgjande interkommunale samarbeid (ikkje uttømmande):

AKSJESELSKAP

Møreaksen AS

Hareid Fastlandssamband AS

Hamnsundsambandet AS

Attvin AS

Gjøsund Utvikling AS

Giske kommunale legesenter AS

INTERKOMMUNALE SELSKAP

Ålesundsregionens havnevesen

Sunnmøre Regionråd

Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal

Sunnmøre kontrollutvalssekretariat

INTERKOMMUNALE SAMARBEID

Nordre Sunnmøre Landbrukskontor

Ålesund brannvesen

Veterinærvakt

eKommune Ålesund

Øyeblikkelig hjelp døgnavdeling Ålesund

Ålesund interkommunale legevakt

Nordre Sunnmøre oppvekstsamarbeid

LVS Ålesund

Barnevernsvakta på Sunnmøre

Krisesenter for Sunnmøre

Overgrepsmottaket i Ålesund

Sunnmøre friluftsråd

Sunnmøre innkjøpssamarbeid

SAMVERKEFØRETAK

Biblioteksentralen SA

Møre og Romsdal Revisjon SA

3 RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING I KOMMUNEN – FORVALTNINGSREVISJON

3.1 BEREKRAFT OG SAMFUNNSUTVIKLING

FN sine berekraftsmål er ein felles arbeidsplan for å **utrydde fattigdom, motverke skilnad og stoppe klimaendring** (FN-sambandet 2023). To tredjedelar av berekraftsmåla kan berre bli nådd gjennom lokal innsats, noko som gir kommunane ein avgjerande rolle i arbeidet.

Planlegging er kommunane sitt fremste verktøy for å sikre ei berekraftig utvikling i sin kommune. Ei rekkje av dei samfunnsutfordringane vi står ovanfor, må bli løyst gjennom en strategisk og planmessig tilnærming. Dette omfattar arbeidet med ei berekraftig arealforvaltning, samfunnstrygging og beredskap, tverrfagleg innsats i arbeidet med barn og unge, gode helse- og omsorgsteneste, folkehelsearbeid med meir. Regjeringa og Statsforvaltaren ventar at berekraftsmåla skal vere utgangspunkt for all kommunal planlegging.

Det generelle kostnadsbilete er aukande, særleg innan pleie- og omsorgssektoren. Utrekningar viser at kommunesektorens årlege kostnadsvekst, som følgje av endringar i demografien, om få år vil vere to til tre gonger så høg som i 2022 (KS 2023:15). Mange kommunar har ein krevjande **økonomi** med høg gjeld og høgare driftsutgifter enn -inntekter. Kommunane må planlegge for å **tilpasse drifta til inntektene**. Kommunane skal nytte **finansielle måltal** som verktøy i styringa av økonomien. Kommunane står ovanfor tøffe prioriteringar framover, og må planlegge **strategisk og samla** (Statsforvaltaren sitt forventningsbrev for 2023).

Kommunane har ein stor oppgåve i å **få ned klimagassutslepp og tilpasse samfunnet til eit endra klima**. Den verksemda kommunen legg opp til må sette minst mogleg fotavtrykk i miljøet. Vi byggjer ned naturen, og mange artar er borte, eller sterkt trua. Freding av naturområde og matjord må få større merksemd. Noreg har plikta seg til å verne 30 prosent av naturen innan 2030. Dette krev at kommunane tek grep om samfunnsutviklinga på den måten dei kan.

Moglege risikofaktorar

- Manglande kompetanse og prioritering
- Berekraftsmåla er ikkje sett i samanheng
- Ulike berekraftsmål kan vere i konflikt med kvarandre
- Manglande strategisk planlegging av arbeidet med berekraftsmåla
- Drifta er ikkje tilpassa inntektene
- Planlegg ikkje langt nok fram i tid
- Samfunnsdelen blir vedteke seint i kommunestyreperioden (KS 2022:42)
- Manglande kopling mellom samfunnsdel og andre planer, budsjett og økonomiplan
- Mangelfull oppfølging av tiltak
- Arbeider ikkje for å bevare naturmangfald
- Prioriterer ikkje å redusere klimagassutslepp
- Gjennomfører ikkje konkrete klimatiltak
- Bruk av klimabudsjett/styringsverktøy

Opplysningar om kommunen og vår risiko- og vesentlegvurdering

Kommuneplanen sin samfunnsdel for 2023-2033 vart vedteken 27.04.2023 i sak 032/23. Neste rulling av kommuneplanen sin samfunnsdel blir planlagt til 2028 (Faktasjekkmøte). Giske kommunestyret vedtok styringsdokument for Giske kommune 15.02.2024 (028/24).

Giske kommune sitt fokus på berekraft og samfunnsutvikling i perioden 2023-2033 er grundig omtalt i kommuneplanen og identifiserer nøkkelområde for innsats med ein tydeleg kopling mot FNs berekraftsmål. Eit av hovudmåla er å fremje ein økonomisk, sosial, og miljømessig berekraftig utvikling som møter dagens behov utan å kompromittere framtidige generasjonars evne til å møte sine (Kommuneplan, 2023-2033).

Kommuneplanen sin arealdel for 2018-2030 vart vedteken 27.02.2018. Konkrete tiltak omfattar ein gjennomtenkt arealbruk for å støtte kompakt byutvikling, redusere behovet for transport, og fremje bruk av grøne område. Til dømes er det lagt planar for å utvikle gang- og sykkelveggar for å redusere bilbruk (Kommuneplan, 2023-2033). Kommunen er i gang med arbeidet med ny arealdel (2023-2035) og tilhøyrande arealstrategi som skal vere klar ila. 2025 (Faktasjekkmøte).

I kommuneplanens samfunnsdel blir utfordringar som omfattar behovet for å balansere vekst og utvikling med vern om naturressursar, samt å sikre økonomisk berekraft i lys av demografiske endringar og nasjonale økonomiske tilstrammingar identifisert. Kommunen legg opp til eit tett samarbeid med næringslivet, frivillige organisasjonar, og andre kommunar for å møte desse utfordringane.

Det kjem òg fram at kommunen er i ein omstillingsprosess der endringane tilhøyrande denne skal vere på plass 01.01.2025. Fram til no har dei fått på plass ei ny eining, samhandling og koordinering, der ny leiar kjem på plass 30. mai 2024 (Faktasjekkmøte).

I det nyaste kommunebiletet frå Statsforvaltaren kjem det fram at kommunen har nokre utfordringar innan dei aller fleste utviklings-, forvaltnings- og tenestekområda. Kommunen gjer eit godt arbeid innan klagesaker etter plan- og bygningslova, der vedtak i hovudsak blir gjort i samsvar med plan- og bygningslova. Dei gjer det òg godt innan samfunnstryggleik og beredskapsområdet, der dei har forankra arbeidet i kommuneplanens samfunnsdel. Kommunen har betydeleg vekst i folkesetnadsprognosane, og høvesvis lågare vekst i tal på eldre enn mange andre kommunar i regionen.

Innanfor klimatilpassing og miljøvern har kommunen tiltak for å redusere utslepp og tilpasse seg klimaendringar, inkludert investeringar i fornybar energi og overvaking av klimapåverknad på kommunen sin infrastruktur (Kommuneplan, 2023-2033).

Ifølgje Statsforvaltaren har kommunen òg utfordringar knytt til sitt klima-, natur- og miljøarbeid der viktige budsjett og planar ikkje er på plass. I 2020 vart det gjennomført ei kartlegging av kommunen om korleis dei låg an for å nå FNs berekraftsmål (Kommunebiletet). Desse resultatane er ukjende for revisjonen. Kommunen sin Energi- og klimaplan har ikkje vorte oppdatert sidan 2009.

Ein ser likevel at kommunen har eit fokus på klima og miljø der dei mellom anna har arbeidd godt med Interkommunal plan for areal, klima og transport saman med Ålesund og Sula samt Møre og Romsdal fylkeskommune og Statens Vegvesen (PAKT). Gjennom denne samordninga

har kommunen eit planverk som både gjev retning for korleis kommunen utviklar infrastrukturen, areala og tenestene i ei berekraftig retning (Årsrapport, 2022).

Kommunen har hatt fleire deltakarar på seminar om klimabudsjett og har gode høve for å starte arbeidet med eit klimabudsjett i samband med økonomi og budsjettarbeidet for 2024.

Klimabudsjettet har eit eige område i handlingsplanen og blei vedteken politisk i september 2023 (TU- 050/23). Dei har forbettringspotensial når det gjeld grunnforureining, avløp og naturmangfald, men har jobba godt med utsleppskutt, spesielt i arealplanlegging, som er ein av dei viktigaste verkemiddelene for å redusere klimagassutsleppa (Kommunebiletet).

Ein ser vidare at kommunen har på plass eit viktig grunnlag for å sikre naturmangfaldet med eigen kommunedelplan frå 2018. Statsforvaltaren har likevel ikkje eit inntrykk av at planen er følgt opp i vesentleg grad, men ser at planen er eit godt utgangspunkt og eit viktig verktøy. Om planen blir tatt meir aktivt i bruk kan kommunen gjere ein heilskapleg innsats for naturmangfaldet på ulike delområde som arealforvaltning, skjøtsel, viltforvaltning, framande artar osb. (Kommunebiletet).

I spørjeundersøkinga vart plan samt klima -og miljø trekt fram som eit område med risiko. Det er t.d. ikkje prioritert midlar til området klima, miljø og mangfald i teknisk eining grunna trong økonomi. Eininga har ansvar, men er utan budsjettmidlar og ressursar. Det blir òg trekt fram utfordringar med heilskapleg planlegging, topptung administrasjon som krev meir ressursar enn tilgjengeleg, oversikt over tenestene og mengd av oppgåver som skal løyast sett i høve til økonomiske rammer. I faktasjekkmøtet blei det uttrykt eit behov for oppfølging av einingar og eit enda sterkare fokus på omstillingsarbeid.

ØKONOMI

Kommunen sin modell for økonomisk berekraft skal setje krav til langsiktig økonomistyring. Handlefridom og robustheit er berande element i modellen. Kommuneøkonomien skal kunne handtere upårekna hendingar utan at det får konsekvens for tenestetilbodet samstundes som generasjonsprinsippet blir ivareteken.

Kommunen har ein noko krevjande økonomisk situasjon og eit svakt netto driftsresultat i budsjetta. I budsjett- og økonomiplanen for 2024-2027 leggst det opp til eit gjennomsnittleg netto driftsresultat på 0,0 prosent av kommunen sine brutto driftsinntekter. Statsforvaltaren anbefalar at netto driftsresultat bør utgjere minimum 1,75 prosent av brutto driftsinntekter over tid for å ha balanse og berekraft. Med eit negativt netto driftsresultat kan dette gi kommunen eit lite handlingsrom både på kort og lang sikt (Kommunebiletet).

Med ei netto lånegjeld på 131,7 prosent av brutto driftsinntekter i 2023 (urevidert tal), er kommunen sårbar for høgare rentenivå. Med avgrensa midlar på disposisjonsfond må kommunen i stor grad kompensere for auka renteutgifter gjennom reduksjon i driftsbudsjetta.

Dette viser at kommunen har eit klart behov for å omstille drifta, redusere aktivitet og kostnadsnivå, samt avgrense nye låneopptak i stor grad framover. I den grad lånegjelda aukar i økonomiplanperioden, bør auken vere knytt til investeringar som er sjølvfinansierende gjennom auka inntekter (Kommunebiletet).

Kommunekassa sitt ureviderte årsrekneskap for 2022 vart avlagt med eit netto driftsresultat på 32,6 mill. kroner, og det vart innført eigedomsskatt i heile kommunen med ein generell

eigedomsskattestat på 3,0 promille. I inntektssystemet for 2023 vart kommunen sitt utgiftsbehov berekna til å vere 3,35 prosent høgare enn gjennomsnittskommunen. Høgare utgiftsbehov enn landsgjennomsnittet skuldast større prosentdel innbyggjarar i barnehage- og grunnskulealder enn landsgjennomsnittet. Anslaget på dei frie inntektene inneber ein nominell vekst for Giske kommune frå 2022 til 2023 på 4,3 prosent. Kommunen fekk òg utbetalt 4,1 mill. kroner frå Havbruksfondet i 2022 (Kommunebiletet).

Kommunen vart òg meldt ut av ROBEK i april 2022. Netto driftsresultat for 2021 og 2022 var gode, medan det var ei negativ utvikling i 2023. Likevel auka disposisjonsfondet frå 4,6 til 5,8 prosent av brutto driftsinntekt i 2023 slik at kommunen auka reservane sine. Sjølv om tala for dei siste åra viser betring, budsjetterer kommunen med svake netto driftsresultat for dei neste fire åra. Dette gjor at kommunen blei vurdert til middels av Statsforvaltaren (Kommunebiletet).

I spørjeundersøkinga vart økonomi trekt fram som eit område med risiko. Det handlar om utfordringar i mellom anna balanse i den økonomiske drifta samstundes med at eit tilstrekkeleg tenestetilbod blir opprettheldt, kommunen sin organisering, og etterleving av sjølvkostprinsippet der det er påkravd. I faktasjekkmøtet vart det òg uttrykt eit behov for budsjettdisiplin.

KULTUR

Innanfor kulturarbeid vart det mellom anna betalt ut kulturstøtte til frivillige lag og organisasjonar innan musikk, idrett og museum/historielag. UKM vart avvikla på Valderøy barneskule. Kultur- og miljøplan vart ferdig behandla og vedteken i 2022. Arbeidet med plan for Friluftslivets ferdselsårer vart starta opp og skal etter planen ha vore ferdig i 2023. Søkadar og oppfølging av det som gjeld spelemidlar til idretten skjer òg gjennom kulturkontoret. Desse blir sendt vidare til Møre og Romsdal fylke for avgjerd. Det blir òg lagt ut oversikt over tilgjengelege livssynsnøytrale seremonirom på Giske kommune si heimeside (Årsrapport, 2022).

Den kulturelle spaserstokk har hatt fleire tilstellingar i 2022, mange i samarbeid med pensjonistlaga i kommunen. Sysselsetting med NAV på Frivilligsentralen har gått omtrent som normalt. Nokre har fått jobb, nokre har begynt på skule, og nokre er framleis med i prosjektet. Frivilligsentralen er til stor hjelp i utføring av ulike kommunale oppgåver (Årsrapport, 2022).

I spørjeundersøkinga vart kultur og folkehelse trekt fram som eit område med risiko.

NÆRING

Innanfor næringsarbeid har det blitt gitt rettleiing til personar som vil starte ny næring og gründerar gjennom Hoppid. I tillegg er det tilbod om kursing for nyetablerarar gjennom Entreprenerdy. Det er òg gitt støtte etter søknad frå Hoppidfondet. Det er lagt ned mykje arbeid i samband med deltaking i utarbeiding av Utviklingsplan for næringsområdet på Gjøvsund i samarbeid med PwC, som har vore prosjektleiar, og næringslivet (Årsrapport, 2022).

I spørjeundersøkinga vart næring trekt fram som eit område med risiko. Når det gjeld Gjøvsund hamn er dette framleis eit pågåande utviklingsarbeid. Målet er næringsutvikling innan fiskeri. Utfordringa er å sikre kommunen inntekter for framtida, men utviklingsarbeidet tek tid. Det må mellom anna byggjast kai og infrastruktur der det har blitt snakka om ulike modellar. Det må landast ein del føringar før dette kan vere eit modent tema for revisjon.

Våre vurderingar

Kommunen har identifisert nøkkelområde for innsats og har ein tydeleg kopling mot FN sine berekraftsmål. Det kan likevel vere eit behov for ytterlegare kompetanseheving og fokus på å prioritere ressursar til dette området. Kommunen bør òg sikre at tiltak blir følgd opp og evaluert for å sikre gjennomføring og måloppnåing. Det er positivt at kommunen har ein kommunedelplan for naturmangfald, men dei bør jobbe med å aktivt følgje opp og implementere tiltak for å bevare mangfaldet.

I spørjeundersøkinga kom det fram at rutinane og kvaliteten i økonomisk rapportering i leiing er betra, men at det framleis er forbetringar på einingsnivå. Nytilsett kontrollar blir sett på som positivt for arbeidet. Det kan vere viktig med oppfølging. Kommunen har vidare auka disposisjonsfondet og er dermed mindre sårbare ovanfor svingingar. Eit fokus på budsjett disiplin i høve drift er naudsynt.

Kommunen er i ein omstillingsprosess der endringane tilhøyrande denne skal vere på plass 01.01.2025. Ein bør difor belage seg på framtidige endringar i høve risikofaktorar som blir skildra. Samarbeid med nabokommunane om strategiske plan- og utviklingsoppgåver vil kunne vere eit viktig bidrag for å styrkje kompetanse og kapasitet på planområdet. Vår samla vurdering er at området har høg risiko.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området:

Risikofaktor	Sannsyn for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Drifta er ikkje tilpassa inntektene	Kommunen har vore igjennom prosessar med innsparing, samt at demografiutviklinga tilseier at kommunen framover må tilpasse tenestene i takt med endra behov og krav.	Kommunen kan få ein økonomi som ikkje er berekraftig, med følgjande krevjande omstillingsprosessar.	H	H	H
Manglande kompetanse og prioritering	Sjølv om det kan jobbast med å styrkje kompetansen, kan det vere utfordrande å prioritere ressursar på område i høve til andre behov	Manglande kompetanse kan føre til feilaktige strategiar og utilstrekkeleg gjennomføring av tiltak, noko som kan hindre berekraftig utvikling.			

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Økonomistyring
- Oppdatering av klimaplanar

3.2 LOKALDEMOKRATI

VILKÅR FOR LOKALDEMOKRATIET

Lokaldemokrati kan bli sett på som eit ideal der man vektlegg aktiv deltaking i styring og utforming av politikk. Ytringsfridom, deltaking, organisasjonsfridom og likestilling er sentrale demokratiske rettar. Eit velfungerande demokrati er vidare avhengig av at styreorgana fungerer, og at einskilde grupper ikkje får for mykje makt eller blir diskriminert. 85 % av innbyggjarane meiner kommunestyret i eigen kommune er viktig for demokratiet i det norske samfunnet (KS 2022:64).

Moglege risikofaktorar

- Politiske vedtak blir ikkje gjennomført
- Saksgrunnlag i politiske saker er ikkje tilfredsstillande
- Saksarbeidet er ikkje tilpassa folkevalde i mengde og språk
- Lite innbyggarmedverknad
- Avgrensa ytringsfridom
- Vilkåra for lokaldemokratiet er ikkje tilfredsstillande
- Einskilde grupper får for stor makt
- Truslar og hets mot folkevalde og administrasjon
- Haldningar i samfunnet
- Låg valdeltaking
- Likestillingsarbeid er dårleg forankra blant tilsette og i leiinga
- Lite merksemd på aktivitetssplikta etter diskrimineringslova
- Mangelfull kartlegging av utfordringar
- Mangelfull opplæring av folkevalde

Opplysningar om kommunen og vår risiko- og vesentlegvurdering

Giske kommune har etablerte kommunale råd og utval som sikrar medverknad og representasjon hos særskilde gruppe. Barn og unge involverast tidleg i alle plan- og byggjesaker som kan ha betydning for barn og unges oppvekstvilkår. Dei administrative medverknadsprosessane skjer gjennom tilrettelegging for openheit og involvering i ulike saker og kommunale planprosessar, som mellom anna ivaretekast gjennom lovpålagte ordningar for offentleg ettersyn og høyringar, eller ved folkemøte med meir.

Endringar i politisk organisering med innføring av livsløpsutval og teknisk utval. Økonomiske rammer er justert for å inkludere kostnader knytt til ungdomsråd og framtidige val. Utfordringane omfattar å sikre effektiv og målretta bruk av dei økonomiske ressursane. Kommunen oppfatar også at det å engasjere innbyggjarane og sikre aktiv deltaking i lokaldemokratiet representerer ein utfordring. Kommunen har difor mål om å styrke den demokratiske prosessen gjennom tilpassing av økonomiske rammer til politisk aktivitet og valsyklusar (Budsjett 2024 og økonomiplan 2025-2027).

For 2023 hadde Giske kommune 6 kommunestyremøte med lågaste tal saker på 13, og høgaste på 33. Gjennomsnittleg møtetid var på ca. fire timer. Det er oppgjeven møtelengde og vedlagt møteprotokoll ved alle møta.

Kommunen har medverknadssystem, tilgjengeleg informasjon på heimeside, kommune-TV, oversikt over direktesendingar og arkiverte klipp, politisk møtekalender og møtedokument. Valdeltakelsen i Giske kommune har hatt ei auke frå 64,1 % i 2019 til 66,4 % i 2023 (SSB).

Giske kommunestyre behandla i alt 85 saker i 2022. Av desse var det 3 saker som var under arbeid ved utgangen av året (Årsrapport, 2022).

Vi kan ikkje finne data på truslar og hets mot folkevalde og administrasjon i Giske kommune.

Giske kommune har ikkje eit oppdatert delegeringsreglement, men arbeider med å få delegeringsreglementet digitalt gjennom Kommuneforlaget (KF) sitt digitaliseringsprogram (Faktasjekkmøte). Det kjem òg fram i spørjeundersøkinga at saksframlegg av og til er utilfredsstillande forklart og at saksutgreiinga kan vere litt tynn.

Våre vurderingar

Giske kommune gjer mykje bra når det gjeld medverknad og representasjon av ulike gruppe. Dei har etablerte kommunale råd og utval og involverer barn og unge tidleg i saker som påverkar dei. Endringar i politisk organisering og auka valdeltaking er òg positivt. Saksframlegg kan likevel vere utilfredsstillande forklart og saksutgreiinga for tynn. Det manglar òg eit oppdatert delegeringsreglement, noko kommunen arbeider med å digitalisere. Vår samla vurdering er at området har middels risiko.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området:

Risikofaktor	Sannsyn for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Saksgrunnlag i politiske saker er ikkje tilfredsstillande Saksarbeidet er ikkje tilpassa folkevalde i mengde og språk	Det kjem fram i spørjeundersøkinga at saksframlegg kan vere utilfredsstillande forklart og at saksutgreiing kan vere tynn. Kommunestyret har til tider mykje politiske saker på ein gong.	Politikarane kan ta avgjerder utan tilstrekkeleg informasjon, noko som kan føre til feilaktige avgjerder og svekka tillit til den politiske prosessen. Politikarane kan ikkje vurdere sakene grundig nok grunna tid eller språkleg kompleksitet, noko som kan føre til dårlege avgjerder og svekka demokrati.	M	M	M 

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Gjennomgang av politisk saksbehandling og avgjerdsprosessar
- Vurdering av kommunikasjon og tilgjenge av saksdokumentasjon for folkevalde

OPENHEIT OG INNSYN

Å vere open og gje innsyn er somme av dei viktigaste føresetnadane for eit velfungerande demokrati. Kommunen si verksemd skal være **open** og **transparent**. Kommunen og andre offentlege etatar har ansvar for å **dokumentere** sine aktivitetar.

Pressen sitt offentleg utval og Kommunal Rapport har i 2021 undersøkt kor opne kommunane er, det vil seie i kva for grad dei gir tilgang til politiske dokument og sikrar eit generelt innsyn i forvaltninga og dei politiske avgjerslene. Undersøkinga viser at Møre og Romsdal er Noregs mest opne fylke. Undersøkinga viste at store kommunar er meir opne enn små kommunar, bruken av styrevervregistret er uendra sida 2018 på 79 prosent og 20,4 prosent av kommunar opplyser å ha søkefunksjon i postlista (Pressens faglege utval 2022).

Moglege risikofaktorar

- Manglande merksemd på meiroffentleg
- Manglande kommunikasjonsstrategi
- Manglande krav til korleis tilsette skal møte publikum
- Mangelfull handsaming av arkivverdig materiale
- Manglande protokollføring og postjournal
- Svak internkontroll
- Informasjon som ikkje skulle vore offentleggjort blir det
- Auka grad av digitalisering og mangfold av digitale kommunikasjonsformer
- Oppfølging av rettleiingsplikta

Opplysningar om kommunen og vår risiko- og vesentlegvurdering

Giske kommune gir informasjon om innsynsretten etter Offentlegheitslova ved at dei på heimesida omtalar lova og forklarar korleis innsynsretten fungerer. Dei fleste interne dokument publiserast og kommunen journalfører tekstmeldingar.

Giske kommune sin første felles arkivplan blei vedteken i **K-sak 47/99**. Arkivplanen skal vere retningsgjevande for all dokumenthandtering i kommunen. I Giske kommune er det kommunedirektøren som har det overordna arkivansvaret (jf. Arkivforskrifta § 1-1). Kommunedirektøren har delegert det administrative ansvaret for arkivet til leiar for servicekontoret og arkivleiar har det faglege ansvaret for kommunen si arkivteneste (Arkivplan.no).

Kommunen har vanleg postliste på nett med avansert søkjefunksjon og med moglegheit for å bla kronologisk. Byggjesaker er direkte søkbare i detalj, anten ved eigen løysing eller gjennom den ordinære postlista. Postlista er førehandsbestemt med ei maksimal levetid på **0-3 månadar**, og går berre tre månadar tilbake i tid. I tillegg har kommunen berre delvis med fulltekstdokument på nett. Kommunen har ikkje kommunale føretak og har difor ikkje publiserte postlister for desse på heimesida si.

Kommunestyret sin møteplan og sakslister blir lagt ut på nett, og kommunestyremøta blir strøymde direkte. Det blir likevel ikkje strøymde fleire andre politiske møte. Opptak frå strøymde

møte blir gjort tilgjengelege på nett i ettertid. Protokollen frå politiske møte blir lagt ut på nettstaden **1-2 dagar** etter møtet. Ettersendte politiske saksdokument blir lagt ut på nett anten samtidig som dei blir gjort tilgjengelege for politikarane eller seinast innan to døgn etter. Det same gjeld for dei som ikkje blir ettersendt. Både e-post og telefonnummer til kommunen sine politikarar er publiserte på heimesida.

Giske kommune legg seg på ein **19. plass** i Openheitsbarometeret i Møre og Romsdal med 18,5 poeng der høgaste poengsum er 24,5 og lågaste 14,5. På landsbasis legg Giske kommune seg på ein **137. plass** og har med dette rykka opp frå førre år.

I spørjeundersøkinga vart openheit og innsyn trekt fram som eit av områda i kommunen med størst risiko. Det handlar mellom anna om at det er tungvint med innsyn i høve personopplysningar, og utfordringa med å nå ut til innbyggjarane med rett informasjon og skape ei god forståing for kvifor politikarane gjer dei vala som dei gjer.

I oppstartsmøtet vart praksisen med å arkivere relevant dokumentasjon teken opp. Kontrollutvalet har tidlegare vore oppatt av dette. Kommunen informerer om at det kan vere utfordrande å halde kunnskap og fokus på rett arkivering ved like, særleg for teneste- og myndeutøving som krev særskilt dokumentering samstundes med få tilsette- og nytilsette.

Våre vurderingar

Kommunen var ikkje blant dei 138 kommunane som sende innsynsdokumenta innan éin verkedag. Praksisen med å berre strøyme kommunestyremøte og publisering av delvise fulltekstar i postlista med maks levetid på 0-3 mnd., fekk dei trekk i høve Openheitsbarometeret 2023. I oppstartsmøte informerte kommunen om eige mål i høve til openheit. Med ein 19.plass av totalt 26 kommunar i Møre og Romsdal, legg dei seg på øvre halvdel nasjonalt.

Kommunen har uttrykt ønske og mål om å vere meir open og betre på sakshandsaming, og vi vurderer at det kan vere gode grunnar til at det er eit viss grad av risiko for at kommunen ikkje når sine mål og stettar alle lovkrav innanfor desse tema. Vår samla vurdering er at området har middels risiko.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området:

Risikofaktor	Sannsyn for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Manglande merksemd på meir-offentlegheit Mangelfull handsaming av arkiverdig materiale	Kvaliteten på utredning av politiske saker er trekt fram i spørjeundersøkinga. Dokumentering og arkivering, samt sakshandsaming, har vore tema i spørjeundersøking, oppstartssamtale og av kontrollutvalet tidlegare.	Tillit og omdømme kan bli svekka Mangelfull handsaming av arkiverdig materiale	M	M	M 

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Sakshandsaming, dokumentering og arkivering

3.3 TILLITSSKAPANDE FORVALTNING

Tillit er viktig for samspelet mellom kommunar, næringsliv, frivillige og innbyggjarar, og er ein del av det FN omtalar som sosial berekraft. Høve som **avdekka korrupsjon, manglande innsyn, manglande system til å ta opp kritikkverdige høve** eller **manglande internkontroll**, kan svekke kommunen sin legitimitet og styringsevne.

Folkeundersøkinga frå 2017/2018 viser at både innbyggjarar og folkevalde er mest nøgd med kommunane si evne til å levere teneste i samsvar med innbyggjarane sine behov, og at folkevalde har god styring (KS 2022:52).

INTERNKONTROLL

God internkontroll er essensielt for å sikre gode og riktige teneste, at lovar og føreskrifter blir følgd og at kommunestyret sine vedtak blir fult opp. Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa verksemda sin storleik, eigenart, aktivitet og risikohøve. Med den nye kommunelova kom skjerpa krav til rapportering om internkontroll og om resultat frå statlege tilsyn frå kommunedirektøren til kommunestyret.

Moglege risikofaktorar

- Manglande risikokartlegging
- Mangelfull internkontroll
- Auka krav til internkontroll
- Feilprioriteringar
- Manglande kompetanse og ressursar
- Mangelfull rapportering på internkontroll
- Mangelfull rapportering, handtering og læring av avvik

Opplysningar om kommunen og vår risiko- og vesentlegvurdering

Kommunen har sentrale ressursar sentralt for oppfølging av kvalitets- og beredskapsarbeidet i kommunen. I 2022 gjekk arbeidet ut på oppbygging av kommunen sitt samla kvalitetssystem **Compilo** med utprøving av dei nye modulane årshjul og offentleg innsyn (Årsrapport, 2022).

Kvalitetssystemet brukast for å gje styringsinformasjon gjennom risikobilete, som oversikt over risiko- og sårbarheitsanalysar, avviksstatistikk, dokumentstatistikk og revisjonsplan, og ulike systemrapportar og systemstatistikk.

Seniorrådgjevaren har ansvaret for opplæring og implementering av Compilo i kommunen. Det er registrert auke i generell bruk av Compilo, auke i avviksmelding og auke i bruken av dokumentmodulen frå 2020 til 2022 (Årsrapport, 2022).

Det har blitt utarbeidd mellom anna brukarretteiingar og opplæringsvideoar om Compilo, det har vore opplæring i dokumentmodulen og det har vore gitt støtte til einingsleiarar ved utarbeiding av **ROS-analysar** (Årsrapport, 2022).

Det har vore arbeida med planlegging, gjennomføring og etterarbeid etter leiinga sin gjennomgang og samarbeid med personvernombod i **IKA Møre og Romsdal** i høve til handtering


av personvernavvik, innsynskrav og opplæring av tilsette med nanolæring med Junglemap (Årsrapport, 2022).

I 2023 blei det meldt **1074 avvik**. Det er ei lita auke frå førre år. I 2022 blei det meldt 1011 avvik, i 2021 blei det meldt 686 avvik, og i 2022 blei det meldt 574 avvik. Ferievikarar er ikkje like flinke til å melde avvik som dei andre tilsette, i tillegg til at skulane er stengt (Årsrapport for avvik, 2023).

Kommunen har arbeidd med vurdering av alvorsgrad i heile 2021 og fyrste halvdel av 2022. Det har vore og er framleis ei betring i vurdering av alvorsgrad, men kommunen ser at det framleis er avvik som blir vurdert som meir alvorleg enn dei skulle ha vore. Tal på avvik som er vurdert som middels alvorlege, er mest sannsynleg òg for høge (Årsrapport for avvik, 2023).

Det er ei auke frå 60 % til **67 %** av avvika, som er vurdert til låg alvorsgrad. Det er ein reduksjon frå 29 % av avvika, som er vurdert til middels alvorsgrad, og det er ein reduksjon frå 11 % til 7 % av avvika, som er vurdert til høg alvorsgrad (Årsrapport for avvik, 2023).


Figur 3.3.1. Meldte avvik i ulike hovudkategoriar januar til desember 2023.



Avvikskategorien Helse/Miljø/Tryggleik har ein reduksjon frå 32,5 % til 26,5 %. Avvikskategorien Teneste/Brukar/Barn har ei auke frå 54 % til **59 %**. Avvikskategorien Organisasjon/Intern er lik som i 2022, med 12,5 %. Avvikskategorien «Personvern GDPR» har ei auke frå 10 til **27** meldte avvik, men utgjør berre 1 %.

Det er ei ganske jamn fordeling på kor lang tid det tek å behandle avvik i Giske kommune. Det er ei auke i tal på avvik som det tek 10-30 dagar å handsame.

Figur 3.3.2. Behandlingstid.



I årsrapporten for 2022 kjem det fram at det i høve til målet om velfungerande kvalitets- og internkontrollsystem i kommunen har blitt registrert auka tal på innmeldte avvik som indikerer auka bruk. Kommunen har òg gjennomført ein gjennomgang av desse med leiinga, og har som mål å jobbe vidare med rutine og prosedyre for dei mest risikobelasta områda.

Det kjem fram at kommunen har gjennomført medarbeidarundersøkingar, 10-faktor og at det er aktiv bruk av Teams i høve opplæring. Plan for kompetanseheving er òg ferdig utarbeidd, men ikkje igangsett enno. Målet om at alle leiarar skal ha kompetanse og forståing for økonomi og økonomistyring er førebels gjennomført gjennom kurs og opplæring (Årsrapport, 2022).

Når det gjeld HMS, har kommunen framleis mykje arbeid igjen. Dei var langt ifrå målet sitt i mai 2023, og har ikkje hatt tid til å følgje opp dette arbeidet i det heile (Intervju).

Compilo inneheld mykje informasjon, men treng opprydding og forbetringar for å vere meir brukarvenleg. Det jobbast ein del med dette arbeidet, t.d. forbetring av søkeord, revidering av tekstar og oppdatering på leseliste. Utfordringa er å få nok folk til å bruke det (Intervju).

Kommunen arbeider kontinuerleg med å auke delen avviksmeldingar. Dei opplev likevel at nokre kan vegre seg for å melde hendingar i helse og omsorg og på skulane grunna at media er på og ber om innsyn. Det har òg blitt gitt innsyn i saker som omhandlar vald og truslar på skulen, noko som fort kan føre til identifikasjon i høve til kor lite området er (Intervju).

I spørjeundersøkinga kjem det fram at 93,3 % får opplæring i bruk av Compilo og at mange av delane i Compilo er tatt i bruk. Det er variasjonar i kva analysar som vorte tatt i bruk, men 100 % svarar at dei gjennomfører ROS-analysar. Det samla inntrykket er at dei fleste prosedyrane ligg tilgjengeleg i Compilo og at dei fleste (93,3 %) melder avvik. Det kjem òg fram at det er eit forbettringspotensial i å bruke avviksrapportar på ein betre måte, og at både rapporteringskulturen og bruken av rapportering til læring kan betrast. Utfordringa ligg i å få med absolutt alle tilsette.

Einingane som ser ut til å få flest klagar på tenestene sine er plan og teknisk, barn/familie/helse, hovudverneombod og tillitsvalt for psykisk helse og rus. Klagene gjeng mellom anna ut på bemanning, medikamentell, HMS, truslar, manglande oppfølging, fristbrot og byggjesak og plansaker (Spørjeundersøking).

Det har vore gjennomført tilsyn eller kontrollar frå offentlege organ hjå alle i tidsrommet 2019-2024, bortsett frå Vigra barnehage (Spørjeundersøking).

Våre vurderingar

Kommunen har tatt i bruk fleire nye system over dei siste åra, og har implementer rutinar og prosedyrar for oppfølging av desse. I samtaler med kommunen, derunder faktasjekkmøtet, vart praksisen for desse gjennomgått. Vårt inntrykk er at kommunen arbeider systematisk med fleire av områda under internkontroll, med eit jamt fokus på praksis og opplæring innan internkontroll.

Vår vurdering er at det alltid vil vere risiko for at dei ulike delområda som utgjør kommunedirektøren sin internkontroll vil ha eit behov for revidering og vedlikehald av kompetanse. I dét ligg det ein risiko, men vurderinga vår er at den ikkje er framtreddande. Det er mogleg kommunen har eit potensiale i å knyte dei ulike prosessane innan internkontrollsystemet betre saman, til dømes gjennom leiinga si gjennomgang. Vår samla vurdering er at området har middels risiko.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området:

Risikofaktor	Sannsyn for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Mangelfull rapportering, handtering og læring av avvik Mangelfull rapportering på internkontroll	Compilo blir nytta som kvalitets- og internkontrollsystem. Tilsette får opplæring. Systemet er forankra i kommuneleiinga. Kommunen har system for å melde avvik og oppfølging av meldte avvik. Kommunen kan ha potensiale for betring av samordning av dei ulike delområda i internkontrollsystemet.	Innbyggjarane får ikkje tilfredsstillande tenester eller tenester dei har krav på. Kommunen kan få svekka omdøme. Feil blir ikkje retta opp, og kommunen lærer ikkje av sine feil.	M	M	M 

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Internkontroll

ETIKK OG VARSLING

Undersøkingar har vist at om lag halvparten av ordførarar og leiarar har sjølv opplevd ein situasjon med press om uetisk åtferd eller tilbod om utilbørleg fordel. Samtidig meiner fleirtalet i **DFØ sin Innbyggjarundersøking** i 2021 at det offentlege handsamar alle grupper rettferdig, medan delen som ikkje er semd i det utgjer 26 prosent. I **KS Lokaldemokratiundersøking** 2017/18 kjem det fram at mange meiner at dei med gode personlege kontaktar i kommunen får betre ivaretatt sine interesser, samstundes som dei ikkje trur at folkevalde utnytt makta for eigen del (KS 2022).

Ein rapport frå **Transparency International** viser at innbyggjarane i Noreg har høg tillit til myndighetene. Samstundes peiker rapporten på at det høge tillitsnivået i Noreg må bli ivaretatt. Blind tillit og overdriven tru på at korrupsjon skjer andre stedar enn i Noreg utgjer i seg sjølv ein korrupsjonsrisiko (Økokrim 2022). Det er Transparency International Norge sitt inntrykk at mange er villige til å risikere svært mykje, både når det gjeld straff og omdømmetap, for relativt lite (NKRF 2023).

Moglege risikofaktorar

- Manglande eller eldre etiske retningslinjer
- Manglande eller svak internkontroll
- Mangelfull opplæring i etikk
- Kommunen har ikkje oppdatert rutinane for varsling
- Varslingsrutinane er ikkje godt nok kjende

- Varsling blir ikkje følgt opp
- Det er ikkje trygt å varsle
- Det blir ikkje lagt til rette for varsling
- Kommunen har ikkje ein tilfredsstillande etisk standard

Opplysningar om kommunen og vår risiko- og vesentlegvurdering

Giske kommune har sett etikk i system og har etiske retningslinjer som skal følgjast av tilsette og politikarar. Desse er tilgjengelege for alle tilsette. Retningslinjene blir gjennomgått årleg i leiarsamlingar, i arbeidsfellesskapet og i rettleiing av tilsette. Etikk er òg på agendaen i opplæring for nye leiarar, og i alle tilsettingsprosessar. I 2022 var refleksjon over etiske dilemma på sakslista i kommunedirektøren sitt leiarforum, samt i dei regelmessige møta mellom kommunedirektør og tillitsvalde (Årsrapport, 2022).

Både verdidokumentet og dei etiske retningslinjene er rettesnor i møte med innbyggjarar, samarbeidspartnarar, og mellom dei tilsette. Desse skal hjelpe kommunen til å både nytte hjartet i avgjerder og reflektere over korleis dei opptrer (Årsrapport, 2022).

Kommunen har mellom anna gjennom rutinar og prosedyrar fokus på antikorrupsjonsarbeid. Økonomirutinar har fokus på delt ansvar i bestilling, fakturahandtering, og avgrensing i beløpsgrenser ved godkjenning (Årsrapport, 2022).

Det kan varslast om kritikkverdige høve eller avvik til kommunen. Ved å søkje på varsling på kommunens heimesida får innbyggjarar lett tilgjengeleg informasjon om korleis dei skal gå fram. Det varslast anonymt via kommunens heimeside. Tilsette kan òg sende varsel via heimesida og melde avvik via Compilo.

Våre vurderingar

Kommunen har rutinar og retningslinjer for etikk og varsling. I gjennomgangen vår har vi ikkje funn som tilseier at kommunen har utfordringar og høgare risiko enn det som må vere venta i ein stor organisasjon. Temaet vart diskutert i faktasjekkmøtet med ordførar og kommunedirektør, utan at det ga grunn til å auke risikovurderinga. Vår samla vurdering er at området har låg risiko.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området:

Risikofaktor	Sannsyn for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Mangelfull opplæring i etikk	Kommunen har etiske retningslinjer. Kommunen har i varierende grad praktisk opplæring i etikk og dilemmatrening.	Kommunen kan få svekka omdøme og tap av tillit. Manglande etisk framferd kan føre til mislege handlingar i tenestene.	L	M	L 

INTERKOMMUNALE SAMARBEID

Komplekse oppgåver og mangel på ressursar gjer det krevjande for kommunane å nå sine mål. Løysinga kan vere **interkommunale samarbeid** (Statsforvaltaren 2023).

Ei kartlegging av interkommunale samarbeid utført på oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet har formulert suksessfaktorar for velfungerande interkommunale samarbeid, avhengig av kva for samarbeidsform som er valt; **eigarskap til mål** hjå folkevalde og administrasjon i samarbeidskommunane, **formalisering** av samarbeidet og **profesjonell eigarstyring**, og **resultatrapportering**, **kommunikasjon** og pleie av relasjonar og tillit.

Når kommunar organiser delar av verksemda si som eigne selskap eller i samarbeid med andre kommunar, kan det skape utfordringar for demokratiet ved at selskapa i mindre grad er direkte underlagt kommunestyret.

Moglege risikofaktorar

- Informasjon om tenesta og verksemda blir ikkje etterspurt av folkevalde
- Mangelfull rapportering frå vertskommunen
- Manglande eigarskap til mål både politisk og administrativt
- Lite formalisert samarbeid
- Lite tillitsskapande kommunikasjon
- Tenesta blir ikkje følgt opp i praksis
- Manglande oppfølging av inngåtte avtalar og rapportar frå tenestene til kommunestyret

Opplysningar om kommunen og vår risiko- og vesentlegvurdering

På oppdrag frå statsforvaltaren har NIVI (2023) utarbeida ein rapport om **Interkommunale samarbeid i Møre og Romsdal**. Rapporten peiker på nokre utfordringar ved kommunalt samarbeid. Dette er manglande samordning mot eget tenesteapparat, mindre effektiv administrativ styring, samarbeid på dei store kommunane sine premisser, manglande demokratisk eigarskap og kontroll, og avvikande forvaltningskultur i interkommunale selskap. I rapporten går det fram at det er 31 formelle ordningar der Giske kommune deltek.

Kommunen har interkommunalt legevakt samarbeid med Ålesund kommune i tida 22-09. Resten av døgnet er legevakta betjent av kommunen sjølv. Giske kommune har eit tilbod til innbyggjarane ved Krisesenter for Sunnmøre. Kommunen har òg eit interkommunalt samarbeid innanfor landbruk. Per 15.03.2023 og dags dato har ikkje kommunen signert avtale om å inngå opsjon til å vere med på Helseplattforma (Kommunebiletet).

I spørjeundersøkinga vart interkommunalt arbeid og selskap trekt fram som eit område med risiko.

Våre vurderingar

Mange av kommunen sine tenester blir levert gjennom interkommunale samarbeid med andre kommunar. Det er viktig å formalisere desse samarbeida, og at det blir stilt krav til rapportering frå vertskommunane, og god dialog mellom eigarkommunane. Vi ser ein risiko for at kommunen

ikkje i tilstrekkeleg grad følgjer opp inngåtte avtalar og rapportar frå tenestene til kommunestyret. Vår samla vurdering er at området har middels risiko.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området:

Risikofaktor	Sannsyn for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Tenesta blir ikkje følgt opp i praksis Manglande oppfølging av inngåtte avtalar og rapportar frå tenestene til kommunestyret	Mangelfull systematisk rapportering og oppfølging av avtalar og tenester.	Kommunestyret har ikkje godt nok grunnlag for å følgje opp tenesta. Tenesteleveransen får dårlegare kvalitet og effektivitet.	M	M	M 

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Interkommunale samarbeid, måloppnåing og rapportering

DIGITALISERING OG INFORMASJONSTRYGGING

Kommune-CSIRT ventar eit høgt volum av **digitale angrep** i sin analyse og utsikt for 2023. Tryggingsutfordringar som blir omtala er mellom anna: digital prosesstyring av vassleveranse, SD-anlegg (system for sentral drift av eks. varme og ventilasjon), låsesystem for bygg og idrettsanlegg, velferdsteknologi, heisstyring, tryggingskamera/overvakingskamera, kraftverk/kraftleveranse, reinseanlegg og avfallsdeponi og forbrenningsanlegg.

Det er ein gjennomgåande tendens at digitaliseringa skjer på **tross av personvernet**. Det er framheve at personvernet i skule og barnehage er under press. Det ble motteke flest klagar på feil i handsaming av personopplysningar i registra. Det er meldt auka tal meldingar om brot på personopplysningstrygginga, grunna **feilsendingar og feilpubliseringar**, men også at tilgangsstyring er eit problem (Datatilsynets årsrapport for 2022).

Moglege risikofaktorar

- Svak internkontroll
- Dokumentasjon av plikter
- Manglande databehandlaravtalar med eksterne aktørar
- Mangelfull dokumentasjon av handsamingsaktivitetar
- Organisasjonskultur og kompetanse
- Manglande risikovurdering på området
- Oppfølging av personvern i einingane
- Tilgangsstyring
- Komplisert og omfattande regelverk
- Personvern er ikkje tilfredsstillande
- Informasjonstrygginga er ikkje tilfredsstillande

Opplysningar om kommunen og vår risiko- og vesentlegvurdering

Giske kommune er delaktig i **eKommune-samarbeidet** i Møre og Romsdal.

Kommunen har arkivrutinar/rutinar for saksbehandling, **ACOS Websak Basis**. Dette er ajourført og gjeld frå oktober 2016. Reglement for saksbehandling i Giske blei vedteken av kommunestyret i **sak 12/97** (Arkivplan.no).

Kommunen har rutinar for backup. Full back up blir føretatt ved hjelp av backup-systemet **IBM Spectrum Protect** måndag, onsdag og fredag, i tillegg til daglege backup av transaksjonsloggar. Inaktive backupversjoner behaldast i 15 dagar i backup-systemet. Backup-rutinar for fellespunktet eKommune Sunnmøre blir oppbevart i permi-arkivet (Arkivplan.no).

Kommunen gjekk over til fullelektronisk arkiv 01.05.2007. Det skal alltid ver to personar som kontrollerer postjournalen. Frå slutten av 2013 fekk kommunen e-postvarsling til saksbehandlarar når dei mottek eit nytt dokument i si elektroniske innboks i Websak. Fire gonger i året tek arkivtenesta ut restanselister som viser dokument som ikkje er registrert behandla i høve til kvalitetssikring (Arkivplan.no).

Arkivtenesta journalfører saksdokument, skannar dei, og knyt dei til eksisterande arkivsaker eller opprettar nye arkivsaker. Dokumenta blir fordelt elektronisk til aktuelle saksbehandlarar. Originale dokument blir oppbevart ei tid før makulering. Klientpost til einingar med saksbehandling i fagsystem, blir levert dit uopna (Arkivplan.no).

Ved avvik – dersom opplysningar som er unntatt offentlegheit går ut i innsyn skal dette rettast opp så raskt som mogleg i arkivsystem, det skal køyrast drum på nytt slik at opplysningane blir tekne vekk frå postlista på heimesida. Dei skal varsle **Datatilsynet** via Altinn innan 72 timar etter at feilen er oppdaga, evt. varsle andre som er råka. Det skal vidare meldast avvik i Compilo, gjevast beskjed til personvernombodet hos **IKA Møre og Romsdal** og informere leiar i Kultur, service og næring, kommunedirektør, aktuell saksbehandlar, kommunen sin kontaktperson for personvern og andre aktuelle. Dokumentasjonen skal òg journalførast i Acos Websak.


Documaster blir brukt til å digitalisere bygningsarkiv, oppmålingsarkiv, skyldskifte og jordskifte i teknisk eining. Kommunen brukar **UMS Population Alert System**, eit kartbasert verktøy for servicevarsling av folkesetnaden via telefonoppringing og SMS.

Omstillingsprogrammet «**Tenesteutvikling gjennom digitalisering og bruk av ny teknologi**» har fokus på å ta i bruk eksisterande verktøy og arbeide med arbeidsprosessar knytt til dette. Nettbaserte løysingar for intern kommunikasjon og informasjon må vidareutviklast, overgang til digitale timelister, digital besøksregistrering i bygga, og forbetra digital søknadsprosess knytt til byggjesak (Årsrapport, 2022).

I 2022 var det to underkategoriar det var meldt **GDPR-avvik** på. Det var dei same som var størst i 2023. Kommunen har ei positiv auke i meldte avvik innan Personvern GDPR. Det tyder på at dei tilsette har blitt meir merksam på dette området (Årsrapport for avvik, 2023).

I Årsrapporten for 2022 kjem det fram at kommunen har mål om å auke den interne beredskapskompetansen gjennom øvingar. Kommunen hadde i 2022 hatt øving på utvalde hendingar, mellom anna om hacking hjå Statsforvaltaren.

Figur 3.3.3. Avvik i hovudkategorien Personvern GDPR.



Kjelde: Årsrapport for avvik, 2023.

I perioden 01.01.23 til 11.05.23 hadde kommunen 34 aktive brukarar av digitalt tilsyn. Ved oppstart var det eldre som fekk tilbod om digitalt tilsyn. Tenesta omfamnar no òg avlastingsbustadar for barn og bufellesskap (028/34).

Giske kommune har nokre GPS-ar tilgjengeleg som vart tatt i bruk til elevar på skulane, som kollegavarling på skulane og til heimebuande brukarar med ein demenssjukdom (028/23).

Giske brukar mobilt pasientvarslingsanlegg for å sikre at bebuarane på Giske omsorgssenter får naudsynt assistanse frå dei tilsette. Kommunen har oppdaga nokre sentrale manglar på anlegget, eit problem som vart oppdaga var manglande automatisk melding ved feil. Leverandør anbefalar ein test av anlegget ein gong i døgnet ved ein evt. feil. Det samarbeidast med OneCo, Ascom og Ålesund IT for å finne ei løysing med ein beskjed per e-post viss anlegget ikkje har kontakt med internett (028/23).

Teneste «velferdsteknologi» vart lagt inn i det elektroniske journalprogrammet Profil. Årsaka var å betre statistikkføringa av oppgåver som utførast mot brukarar som mottek velferdsteknologi. Per 11.05.2023 var talet 253 tenester fordelt på 107 brukarar (028/23).

På personell og løn er det framleis mykje papir, men ei arbeidsgruppe jobbar med å digitalisere skjema på nettsida for å betre tilgjenge (Intervju).

I spørjeundersøkinga kjem det fram at dei største utfordringane for eininga kultur, service og næring framover ligg kring digitalisering og effektivisering av arbeidsoppgåver. Digitaliseringa avhenger av dei andre einingane, og det stoppar nokre gongar opp der.

Våre vurderingar

Personvern og data- og informasjonstrygging er område som blir vurdert ut frå fleire perspektiv. Perspektiva er knytt direkte til økonomi, tilsette og innbyggjarar, og overordna for tillitskapande forvaltning. Manglande arbeid med personvern og data- og informasjonstrygging kan vere alvorlege i å oppnå dei måla som kommunen har satt seg.

Etter ei samla vurdering har vi satt risikonivået til middels, med låg til middels for om det er sannsynleg at risiko inntreff. Det med bakgrunn i at det er fleire delområde som vi vurderer samla til å ha låg risiko, medan andre har noko høgare risiko.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området:

Risikofaktor	Sannsyn for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Svak intern-kontroll Manglande risikovurdering på området Oppfølging av personvern i einingane	Kommunen deltek i samarbeidet eKommune som reduserer risiko. Kontinuerleg utvikling av fleire område som involverer mange tilsette kan vere risikoaukande.	Sensitive personopplysningar eller opplysningar som er viktige for drift av kommunen er tilgjengeleg for uvedkommande. Tilsette med behov for opplysningar får ikkje tilgang.	L/ M	M	M 

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Personvern, behandling av sensitive opplysningar, derunder datahandsamingsavtalar og arkivering

OFFENTLEGE INNKJØP

Norske kommunar må følgje lov og føreskrift om offentlege innkjøp. Lova skal bidra til effektiv utnytting av samfunnet sine ressursar, og den skal sikre at det offentlege opptre med integritet. Vidare skal reglane bidra til å motverke sosial dumping, ivareta miljøomsyn og motverke brot på menneskerettane.

Økokrim skriv i trusselvurderinga for 2022 at **korruptsjonsrisikoen** i kommunal sektor er størst i konkurranseundar (Økokrim 2022).

Kommunar kjøper inn for store summer, og har gjennom innkjøp eit instrument for å jobbe med berekraft, til dømes gjennom å fremme omstilling til sirkulærøkonomi.

Det er sannsynleg at kriminelle aktørar vil prøve å utnytte ukrainarar og andre utanlandske og sårbare arbeidstakarar til **svart og ulovleg arbeid**. Utnytting skjer særleg i arbeidsintensive yrke med ein høg del ufaglærte som **bygg og anlegg**, bilpleie- og verkstad, varetransport, reinhald og sesongarbeid innan jordbruk og fiskeri. Bruk av ulovleg arbeidskraft har over fleire år vore ein utbreidd form for arbeidslivskriminalitet.

Moglege risikofaktorar

- Offentlege innkjøp blir ikkje gjort tilfredsstillande
- Svak internkontroll
- Mangel på kompetanse og ressursar
- Praksis for offentlege innkjøp er ikkje tilfredsstillande
- Arbeidslivskriminalitet
- Manglande openheit
- Manglande miljøomsyn
- Fråvær av sirkulærøkonomi
- Uklare ansvarshøve

- Mangelfull kostnadskontroll og økonomistyring
- Næringar med større risiko for kriminalitet
- Stor del utanlandsk arbeidskraft
- Lite samhandling med andre offentlege styresmaktar

Opplysningar om kommunen og vår risiko- og vesentlegvurdering

Kommunar føreteke store årlege innkjøp. Giske kommune har i løpet av dei siste åra føretatt investering i Gjøsund. I den gjeldande handlings- og økonomiplanen ligg det inne mellom anna noko rehabilitering i vass- og avløpsnett, i tillegg til investeringar i Vigra skule frå 2025.

Giske kommune har inngått innkjøpssamarbeid med Ålesund kommune. Det er gjennom samarbeidet inngått ein del rammeavtar som skal nyttast ved innkjøp.

I 2024 blei det gjennomført ein forvaltningsrevisjon i kommunen, «Innkjøp og offentlege anskaffingar». Rapporten viste nokre manglar på innkjøpsområdet. Med bakgrunn i funn i rapporten og revisjonen sine vurderingar kom vi med tilrådingar som vart handsama i kontrollutvalet og i kommunestyret. I handsaminga av rapporten vedtok kommunestyret:

1. Kontrollutvalet gjer kommunestyret merksam på, at revisor peiker på ein risiko for gebyr og erstatningsansvar, om ikkje kommunen har ei overordna oppfølging og kontroll med innkjøp/anskaffingar.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å følgje opp tilrådingane med å:
 - utarbeide eit strategidokument for innkjøp og offentlege anskaffingar
 - sørge for kompetanseheving og regelmessig opplæring for alle som har mynde til å gjere anskaffingar og nytte e-handel
 - gå gjennom regelmessige innkjøp og serviceavtar for å vurdere bruk av fleire rammeavtar
 - sjå til at heile organisasjonen har rutinar og system for å registrere og handtere avrop på rammeavtar
 - sjå til at det blir brukt lik mal for anskaffingsprotokoll i heile organisasjonen
 - krevje skatteattest frå dei norske leverandørane som blir nytta, når anskaffinga overstig kr 500 000
3. Kommunedirektøren sender skriftleg til kontrollutvalet ein plan for iverksetting av tiltaka, innan 10.05.2024.
4. Kommunestyret ber kontrollutvalet rapportere attende til kommunestyret, når kommunedirektøren har iverksett tiltaka.

Kontrollutvalet bør etter vår vurdering sjå til at kommunestyret sitt vedtak i samband med forvaltningsrevisjonen blir følgt opp i administrasjonen. I spørjeundersøkinga vart offentleg støtte trekt fram som eit område med risiko.

Våre vurderingar

Vi legg til grunn vurderingane som er gjort i utført forvaltningsrevisjon med tilrådingane som vart gitt der, samt kommunestyret sitt vedtak. Risikovurderinga vil vere avhengig av korleis

kommunedirektøren får følgt opp vedtaket. Vi vurderer at ny risikovurdering bør bli satt i etterkant av dette.

Vi vurderer området til å ha ein førebels middels risiko.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området:

Risikofaktor	Sannsyn for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Offentlege innkjøp blir ikkje gjort tilfredsstillande	Ny vurdering etter kommunestyret sitt vedtak i høve nyleg gjennomført forvaltningsrevisjon	Praksis for offentlege innkjøp er ikkje tilfredsstillande Offentlege innkjøp blir ikkje gjort tilfredsstillande	M	M	M 

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for kontrollutvalet å følge opp:

- Oppfølging av kommunestyret sitt vedtak i forvaltningsrevisjonsrapporten

3.4 TENESTEYTING OG UTØVING AV MYNDE

KLART SPRÅK

Med språklova som gjeld frå 1.1.2022, har offentlege organ plikt til å bruke klart og korrekt **språk** som er tilpassa målgruppa. I media har det den siste tida vore søkjelys på at innbyggjarar kan ha utfordringar med å forstå offentlege vedtak og den informasjon som blir gitt dem. Med stadig mindre kundekontakt, er klart og godt språk viktig for innbyggjaren.

Moglege risikofaktorar

- Informasjon og vedtak er ikkje tilpassa målgruppa
- Kommunen har ikkje eit klart og brukarvennleg språk
- Ressursar blir brukt uhensiktsmessig
- Risiko for brukar

Opplysningar om kommunen og vår risiko- og vesentlegvurdering

Giske kommune har ei heimeside som synar å vere oversikteleg med lenkjer til både Web-TV, Friskus og e-Torg lett tilgjengeleg. Kommunen har òg ein chatrobot, «Kari» som kan hjelpe brukaren til å finne fram til informasjon. På framsida er det lenkjer til postlister, innsyn og dokument, skjema og søknadar, ledige stillingar, kunngjeringsar, viktige telefonnummer, gebyr, avgift og priser, samt bookingteneste og moglegheit for å bestille møte. I tillegg er det lista opp temaboksar til kvar enkelt eining. Det er òg lenkja til alle tenester, nyheitsarkiv og til Giske kommune i sosiale medium.

Det finst òg tilbakemeldingsfunksjon der brukarar kan gje beskjed om feil på nettstaden gjennom e-post eller webskjema, samt til kommunen sin tilgjengelegheitserklæring. Tilgjengelegheitserklæringa for Giske kommune sin nettstad blei oppretta fyrste gong 12. oktober 2023.

Giske kommune har utarbeida skrivereglar for å sikre lik registrering i Websak. På denne måten kjem dokument i offentleg journal (postliste) og på internett fram einsarta, noko som gjer søking på saker og dokument enklare for alle brukarar. Skrivereglane for Giske kommune blei sist endra 18.05.2020 (Arkivplan.no).


Kommunen arbeider kontinuerleg med å forbetre brukaropplevinga, og nyttar relevante standardar for tilgjengelegheit. Målet er at innhaldet er så tilgjengeleg som mogleg for alle brukarar. Teksten på kommunen sine nettsider skal ha god struktur som det er lett å navigere i, dei skal innehalde eit tydeleg og klart språk, og bilete og grafikk skal innehalde informasjon som er forklarande for brukarar med heilt eller delvis nedsett syn. Kommunen har mellom anna ein funksjon der brukarar kan lytte til teksten i staden for å lese den.

Kommunen sin nettstad følgjar likestillings- og diskrimineringslova og forskrift om universell utforming av IKT-løysingar. Målet til kommunen er å følgje krava i **Web Content Accessibility Guidelines** (WCAG 2.1).

Det opplystast om at nettstaden er i delvis samsvar med krava til universell utforming av IKT og at det er brot på **14** av 47 krav. Brota som er registrert i denne erklæringa får særleg konsekvensar for brukarar utan syn, avgrensa syn, utan fargesyn, utan høyrse, nedsett høyrse, nedsett rørsleevne eller styrke, avgrensa rekkjevidde og brukarar med nedsett kognisjon (uustatus.no).

Kommunen sitt innhald som ikkje er universelt utforma er presentert i figur 3.4.1 under:

Figur 3.4.1. Brot i WCAG 2.1-krava



Det er mogleg å melde frå om brot på krava og sende inn klage. Det er Diskrimineringsnemnda som behandlar klager om brot på regelverket i kommunen.

Giske kommune har arbeida i ei redaksjonsgruppe med tilsette frå oppvekst, helse, teknisk og stab for å få nettstaden opp på eit høgare nivå, som er i tråd med gjeldande lovverk og universell utforming. Kommunen har òg nytta deira nettside-leverandør ACOS som ressurs til dette arbeidet, samt sjølv testa og vurdert nettstaden (uustatus.no).

I årsrapporten for 2022 kjem det fram at kommunen har eit pågåande arbeid kring velfungerande informasjons- og kommunikasjonskanal med eit mål om å vidareutvikle og arbeide meir strategisk med informasjon til innbyggjarane der relevant informasjon er lett tilgjengeleg for innbyggjarar og tilsette døgnet rundt. Det er òg eit fokus på eit godt system med digitale søknadar som skal fungere godt.

Det kjem fram i intervju at det kan vere behov for å gjere informasjon meir tilgjengeleg på kommunen sin heimeside, til dømes viktig informasjon som gjeld barn og unge blir meir synleg.

Våre vurderingar

Området blir vurdert ut frå fleire perspektiv. Perspektiva er knytt direkte til økonomi, tilsette og innbyggjarar. Manglande arbeid med klart språk kan føre til at målgruppa for informasjonen ikkje får eller forstår den og at kommunen må bruke unaudsynt tid og ressursar. Vår samla vurdering er at området har låg til middels risiko.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området:

Risikofaktor	Sannsyn for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Informasjon og vedtak er ikkje tilpassa målgruppa	Kommunen har arbeid som er med å bidra til å redusere risiko. Det er mange målgrupper med ulikt behov for informasjon og for korleis denne blir formidla.	Innbyggjarar får ikkje informasjon dei har krav på. Kommunen får ineffektiv ressursbruk	L/ M	M	M 

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Klart språk, derunder svake målgrupper

PERSONALFORVALTNING

Mange kommunar har utfordringar med å rekruttere og få tak i riktig kompetanse. Kommunar har utfordringar med å **rekruttere** helsepersonell, særleg sjukepleiarar og legar. Mange kommunar har utfordring med å rekruttere psykolog og vernepleiarar (Helsedirektoratet 2021). For å kunne halde fram med å gje gode teneste, må kommunen ta i bruk teknologi og nye måtar å jobbe på. **Omstillingsarbeidet** må være systematisk, strategisk og målretta (Statsforvaltaren 2023).

Det legemeldte **sjukefråværet** i 4. kvartal 2023 er **6 prosent** i Norge (NAV). Kvinner har høgare sjukefråvær enn menn. Korona pregar sjukefråværet enno, som er høgare enn før pandemien. Vi ser at høgt sjukefråvær og stort arbeidspress kan utfordre **arbeidsmiljøet**.

Moglege risikofaktorar

- Mangel på kvalifisert arbeidskraft
- Nok og rett kompetanse og ressursar
- Auka krav til fagutdanning
- Omstillingsarbeid
- Mangelfull organisering og leing
- Lite søkjelys på arbeidsmiljø
- Manglande førebygging
- Manglande oppfølging og tilrettelegging
- Høgt sjukefråvær
- Kommunen storleik gjer den sårbar
- Arbeidsmiljøet er ikkje tilfredsstillande
- Manglande innsikt i årsakene til høgt sjukefråvær hindrar effektive tiltak

Opplysningar om kommunen og vår risiko- og vesentlegvurdering

Kommuneleiinga stab omhandlar kommunedirektør og kommunalsjefar, personell og løn, økonomi og andre fellestenester. Området er om lag i balanse. Meirforbruk på ei teneste blir kompensert med mindreforbruk på andre tenester og stillingar har vorte haldne vakante for å halde budsjettet. Prosjektet «Omstilling av fellesfunksjonar» har gitt effekt gjennom fokus på arbeidsprosessar og digitalisering av tenester. Arbeidet ville halde fram i 2023 (Årsrapport, 2022).

Bibliotektenesta i Giske kommune vart i 2022 drifta på eit absolutt minimumsnivå. Frå 1. januar 2023 blei bibliotektenesta styrka med ei heil stilling (Årsrapport, 2022).

Personell- og lønsavdeling har 3,9 årsverk. Avdelinga har nesten ikkje hatt sjukefråvær. Samarbeidet med tillitsvalde, verneteneste, topp- og einingsleiing fungerer godt. Avdelinga er framleis svært sårbar ved evt. sjukefråvær, særleg gjeld dette lønsarbeidet (Årsrapport, 2022).

Økonomiavdelinga i Giske kommune har 3,7 årsverk. Avdelinga leverer i hovudsak tenester til interne brukarar. Det er likevel ein del publikumskontakt knytt til fakturakopi og spørsmål om utsende faktura, lån og aktivitet kring innkreving. Avdelinga er avhengig av godt samarbeid med eksterne leverandørar, lån- og finansforvaltarar, samarbeidskommunar og andre samarbeidspartnarar (Årsrapport, 2022).

Eining Kultur, service og næring har 10,7 stillingar fordelt på 12 personar. Eininga skal levere god service til innbyggjarane og politisk leiing gjennom å vere godt oppdaterte på det som skjer i kommunen. Eininga skal sørge for at politiske saker blir sendt ut i rett tid, gje god og nyttig informasjon til innbyggjarane om ulike tenester òg legge til rette for digital sjølvbetjening der det er mogleg. Dei skal òg samhandle med innbyggjarane gjennom Frivilligsentralen.

Mest mogleg heile stillingar er viktig for kontinuitet, stabilitet og samla kompetanse. Talet på heiltidstilsette har auka siste åra. I 2022 arbeidde 52 % av alle tilsette i Giske kommune heiltid. I helse/pleie/omsorg var det 33 % som arbeidde heiltid, ein auke frå 30 % i 2021. I undervisning var delen 67 % mot 62 % i 2021. I barnehage var 52 % heiltidstilsette, mot 48 % i 2021. 75 % av alle tilsette jobbar 75 % eller meir. Gjennomsnittleg stillingsbrøk for tilsette i Giske kommune var 82 % mot 80 % i 2022 og 79 % i 2021 (Årsrapport, 2022).

Kjønnsbalansen i Giske kommune er 82 % kvinner og 18 % menn. Fordeling mellom kvinner og menn i oppvekst er 83 % kvinner og 17 % menn, i helse/pleie/omsorg er fordelinga 88 % kvinner og 12 % menn. Av 21 leiarar i kommunedirektøren sitt leiarforum var 3 menn og 18 kvinner.

Omsyn til likestillingslova sine krav er nedfelt i arbeidsgivarpolitiske dokument som lønspolitisk plan, prosedyre for rekruttering, handtering av mobbing og trakassering og liknande. Det er òg tydeleg belyst i all leiaropplæring. Kommunen oppfordrar det underrepresenterte kjønn til å søkje ledige stillingar, og tilrettelegging for seniorar og tilsette med funksjonsnedsetting er tema i medarbeidar- og oppfølgingssamtalar (Årsrapport, 2022).

Det kjem fram i fleire intervju at det er mangel på stillingsomtale, noko som kan føre til lite tydelegheit kring arbeidsoppgåver og mykje tid på å finne fram til informasjon på eigenhand.

Det er eit stort ynskje om lønssamarbeid innanfor personell og- løn, og behov for meir leiarkompetanse, ikkje berre for kommunalsjefar men òg for mellomleiarar (Intervju).

Giske kommune får kvart år fråværsopplysningar frå Statistisk sentralbyrå. Dei får ikkje informasjon om fråværet for heile året, men legemeldt fråvær for siste kvartal. I Giske kommune sin statistikk visast det ein månadleg kostnad på sjukefråvær på litt over 1,8 millionar dei siste 10 månadane. Vikarkostnadar kjem i tillegg (Intervju).

I 2023 var sjukefråværet ca. 10,5 prosent i januar månad med ein jamn nedgang til og med juli månad. Frå juli månad skjer det ein gradvis auking i sjukefråværet fram mot desember månad. I 2024 viser sjukefråværet 8,62 prosent i januar månad med ein liten auking i februar månad før ein gradvis reduksjon mot mai månad (Sjukefråværsstatistikk, Giske kommune).

Sjukefråvær fordelt på eigen- og legemeldt sjukefråvær siste 13 månadar viser størst del fråvær i kategori «annet fråvær» på 7,5 %. Anna fråvær kan t.d. vere omsorgsdagar for sjukt barn, pleiepengar, opplæringspengar, permisjonar med og utan løn, og mogleg feriefråvær (HR-sjef). Sjukefråvær fordelt på varigheit siste 12 månadar viser òg ein størst del i kategori over 60 dagar (6 %), sjukefråværet utanfor arbeidsgivarperioden utgjer den største prosentdelen på 6 prosent, og kjønnsfordelt sjukefråvær viser at kvinner har størst sjukefråvær (Sjukefråværsstatistikk, Giske kommune).

Kommunen har nedsett ei arbeidsgruppe med representantar frå alle sektorar, tillitsvalde og verneombod i arbeidet om å styrkje kunnskapen om rammene kring tilrettelegging før sjukefråvær (førebyggjande tiltak) og når tilsette har vorte sjukemeldte. Arbeidet gjeng òg ut på eit samarbeid med NAV Arbeidslivssenter gjennom Workshop for å forankre og styrkje partssamarbeidet. Kommunen har òg rutinar knytt til personell og personalpolitikk og gir mellom anna råd til leiarar i tilsettingssaker og sjukefråværsrefusjonar (Intervju).

I helse og omsorgstenesta er uønskt deltid kartlagt og resultatet har vore eit nyttig utgangspunkt i dette arbeidet (Årsrapport, 2022).

Giske kommune opplever utfordringar når det gjeld å rekruttere helsepersonell. Dette gjeld i særleg grad sjukepleiarar og vernepleiarar, men kommunen ser òg ei aukande utfordring i å få rekruttert nok fagarbeidarar. Kommunen ser òg at det er vanskeleg å få tilsett tilstrekkeleg kvalifiserte personar i ledige undervisningsstillingar og har difor for mange ufaglærte i oppvekstsektoren. I teknisk sektor er ikkje søkjarlistene lange, men dei har kvalifiserte søkjarar (Årsrapport, 2022).

Innan oppvekstsektoren er det ikkje innført ekstra rekrutteringstiltak i særleg grad. For pleie og omsorgstenestene er fleire rekrutteringstiltak sett i verk for å betre situasjonen. Det er nytta stipendordning for sjukepleiarar og vernepleiarar, det er etablert dagsstillingar innan sjukepleie, og det er gjort ein god jobb i å endre arbeidsfordelinga til sjukepleiarar, fagarbeidarar og assistentar slik at sjukepleiarar får brukt kompetansen sin hovudsakleg til reine sjukepleiefaglege oppgåver.

Det er vidare innført ordning med kjøkkenvert, og alle omsorgsdistrikt har, i samarbeid med NAV, personar på arbeidspraksis. Løn godt over tariff er òg brukt som eit rekrutteringstiltak (Årsrapport, 2022).

Lønskonkurransen skapar rekrutteringsutfordringar, men kommunen jobbar med ein ny lønspolitisk plan og ser på mellom anna kompensasjon for vidareutdanning. Det er vidare behov for kulturendring i kommunen, særleg knytt til heiltidskultur og sjukefråvær. Dette for å unngå

feiltilsettingar og sikre tydelege retningslinjer og konsekvensvurderingar. Kommunen opplev noko motstand i dette arbeidet frå dei som ynskjer annan tilrettelegging (Intervju).

Hjå personalet på løn er det mest kritisk i høve til at kommunen ikkje har tvillingkompetanse på området. Om nokon skulle vorte sjukemeldt har dei ei stor utfordring. Dei tilsette på løn har eigne område som ikkje er overlappa med andre og dei har heller ikkje kapasitet til opplæring av arbeid på kort varsel. Handlingsrommet for endring er der, spesielt no når kommunen er i gang med ei organisasjonsendring. Om dei klarar å få dei merkantile inn på HR og løn, kan dei starte med å byggje ei tvillingkompetanse (Intervju).

I spørjeundersøkinga svarar alle einingane at dei er sårbare ved fråvær av tilsette. Det ser ut til å vere mest kritisk hjå plan og teknisk, økonomi, Vigra barnehage, barn/familie/helse, tillitsvalde, hovudverneombod og kommuneleiing. Det er òg behov for å styrkje saksbehandlingskapasitet i einingane økonomi, pleie- og omsorgstenesta, psykisk helse og rus, og Vigra barnehage.

Hovudverneombod ser òg at mange einingar slit med å ha nok kompetanse for å få gjort den jobben som er ynskjeleg, noko som kan skuldast mangel i grunnbemanninga der stor belastning og arbeidspress førar til sjukemelding. Det er vidare noko variasjon i einingane kring tilstrekkeleg kompetanse til å løyse tillagte arbeidsoppgåver, men det kjem òg fram mange ulike metodar for å sikre dette (Spørjeundersøking).

Det har ikkje vore gjennomført medarbeidarundersøking i einingane barn/helse/familie, meistring og psykisk helse, økonomi og plan og teknisk dei siste tre åra. Hjå dei andre einingane har det blitt gjennomført 10-faktor medarbeidarundersøking. Det er variasjon mellom einingane når det kjem til oppfølging av undersøkinga (Spørjeundersøking).

I spørjeundersøkinga vart personalforvaltning (arbeidsmiljø og rekruttering) trekt fram som eit av dei områda i kommunen som har størst risiko. Dette handlar mellom anna om rekruttering, utfordring i leiargruppa og utfordringar med arbeidsmiljø på leiarnivå. Sjukemeldingshandtering og oppfølging av tilsette vart òg trekt fram som eit prioritert temaforslag for forvaltningsrevisjon.

Våre vurderingar

Personalforvaltning har vore tema i både intervju, prosessmøte med kontrollutvalet og i spørjeundersøkinga. Det er mange utfordringar knytt til temaet; heiltid/deltid-problematikk, høgt sjukefråvær, mangel på kompetanse og vanskar med å få rekruttert nok tilsette.

Personalforvaltning som tema går igjen i fleire sektorar, og særleg i dei store sektorane oppvekst, helse -og omsorg, og i andre sektorar med behov for spesialistkompetanse.

Personalforvaltning kan ha ulike innfallsvinklar slik det er skildra ovanfor. Vi vurderer at det kan vere formålstenleg å sjå på både kva for planar kommunen har frå sentralt nivå innan personalforvaltninga, samt kva for rutinar og prosedyrar kommunen har. Det gjeld for rekruttering, behalde kompetanse, heiltid/deltid, nærværarbeid og sjukefråværsoppfølging samt andre deltema.

Vi vil òg vurdere personalforvaltning under andre tenesteområde der det er aktuelt og særleg for den aktuelle tenesta. Vår samla vurdering er at området har høg risiko.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området:

Risiko-faktor	Sannsyn for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Mangel på kvalifisert arbeidskraft	Kommunen opplever utfordringar med rekruttering. Kommunen har prognosar som tilseier at det er behov for fleire i yrkesgrupper som det allereie er mangel på. Kommunen har tiltak for å betre situasjonen.	Brukarar får ikkje dei tenestene dei har krav på. Manglande kvalifisert arbeidskraft kan gå utover kvalitet på tenestene. Det blir ikkje kontinuitet i tenester som leverast over tid og andre/midlertidige løysingar kan vere kostbare.	H	H	H 

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Personalforvaltning

OPPVEKST

Ungt utanforskap er ein av de store utfordringane i det norske samfunnet i dag. Mange unge faller ut av vidaregåande opplæring og talet på unge uføre aukar. Eit auka tal på barn veks opp i familiar med vedvarande låg inntekt. Psykiske lidningar er ein viktig årsak til uføre blant unge og fråfall frå utdanning- og arbeidsliv. Omkostningane er store både for samfunnet og for dei unge det gjeld, i tillegg til at arbeidslivet mister tilgang til naudsynt arbeidskraft og kompetanse (KS 2022: 47). Eit berekraftig velferdssamfunn føreset at fleire deltek i arbeidslivet, og at fleire står lenger i arbeid.

Kommunen må jobbe **breidt og samla** for eit godt tenestetilbod til alle barn og unge. Statsforvaltaren ventar at kommunane **styrkjer det helsefremjande og førebyggjande** arbeidet for barn, unge og deira familiar, inkluderer tilbodet til gravide, gjennom helsestasjon- og skulehelsetenesta, at kommunane satsar på **lågterskel psykisk helsehjelp**, slik at ein kan få rask hjelp utan henvising, og at kommunane gir alle barn og unge som blir viste til psykisk helsevern tilbod om vurderingssamtale (Statsforvaltaren i Møre og Romsdal sitt forventningsbrev for 2023).

Rapporten «**Tidleg innsats**, tidleg i livet» utarbeid av forskarar på oppdrag for KS trekker frem kommunikasjon, samarbeid og samhandling mellom tenestene som viktige kriterium. Godt **tverrfagleg samarbeid** mellom aktuelle instansar, og kunnskap om andre relevante tenestetilbod er viktig for å komme tidleg på banen. Rapporten viser til at språk og kommunikasjon mellom instansane kunne vore betre. Barnehagen blir omtalt som spesielt viktig i arbeidet med tidleg innsats. Forskarane argumenterer for at det bør bli arbeidd for å få relativt fleire pedagogar i barnehagen.

Moglege risikofaktorar

- Tidleg innsats fungerer ikkje tilstrekkeleg
- Ressursmangel
- Nye kompetansekrav i skule og barnehage blir ikkje følgt opp
- Utilfredsstillande internkontrollrutinar
- Manglande risikovurdering
- Mangelfulle rutinar for overgangar
- Manglande førebyggingsarbeid
- Mangelfulle rutinar for å fange opp barns ulike behov
- Ikkje tilpassa undervisning
- Mangelfull eller feil gjennomføring av aktivitetsplikta
- Mangelfulle rutinar for å skape eit inkluderande miljø
- Ungt utanforskap
- Kvaliteten i oppvekstsektoren er ikkje tilfredsstillande
- Spesialundervisning/ tilrettelagt undervisning fungerer ikkje tilfredsstillande
- Uklare forventningar mellom skule-heim
- Mangelfull medverknad
- Mangelfullt tverrfagleg samarbeid
- Utilstrekkeleg bistand frå PPT
- Mangelfull oppfølging av barnehage

Opplysningar om kommunen og vår risiko- og vesentlegvurdering

Giske kommune har sett i verk fleire positive tiltak og praksisar for å redusere risikoar og forbetre skulesystemet. Med fokus på tidleg innsats for å støtte elevar som treng ekstra hjelp frå ein tidleg alder, har kommunen etablert inkluderingssteam på skulane. Desse teama arbeider både på system- og individnivå for å fremje inkluderande praksis og tilpassa opplæring, noko som har vist seg å vere ei styrke i kommunen sitt utdanningstilbod (Tilstandsrapport for grunnskulen i Giske, 2023).

Kommunen har lagt vekt på kontinuerleg fagleg utvikling for lærarar, særleg innan engelsk og spesialpedagogikk gjennom spesialiserte opplæringsprogram som «Kompetanse for kvalitetsprogrammet». Dette bidreg til høgare kvalitet på undervisninga og betre elevresultat (Tilstandsrapport for grunnskulen i Giske, 2023).

Giske kommune samarbeider med andre kommunar og lokale idrettslag for å tilby symjeundervisning og opplæring i sjø, samt digitale kursrekker for å utvide læringsmoglegheitene til elevane. Dette har skapt eit meir variert opplæringstilbod, som er avgjerande for å styrke skule-familie-samarbeidet og forbetre læringsmiljøet gjennom eit felles kommunalt foreldreutval (KFAU) (Tilstandsrapport for grunnskulen i Giske, 2023).

Det har vore lagt ei betydeleg satsing på elevdemokrati og medverknad, med tiltak som klassens time og etablering av ungdomsråd. Dette fremjar medborgarskap og ansvar blant ungdommane. Ved hjelp av handlingsplanar for trygt og godt skulemiljø med nulltoleranse mot mobbing og krenkande åtferd bidreg dette òg til å skape eit tryggare og meir støttande miljø for alle elevar (Tilstandsrapport for grunnskulen i Giske, 2023).

SLT-koordinator i kommunen er i gang med å utarbeide ny rusplan og rettleiar for førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme (intervju), og plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsproblem vart vedteken 28.09.2023 av kommunestyret i sak 062/23.

Kommunen har mangel på tilbod til ungdom mellom 16 og 18 år noko som er ei betydeleg utfordring ettersom ungdom i denne aldersgruppa står utan tilstrekkelege aktivitetar og støttetiltak. Kommunen har initiert tiltak som ungdomsklubben og prosjektet «Signalen», som tilbyr jobb og mentorordning for ungdom (Intervju).

Det er òg vanskar med koordinering mellom etatar der samarbeidet er utfordra av teieplikt og ansvarsfråskrivning, noko som fører til utfordringar i å dele informasjon og koordinere tiltak effektivt. Dette gjer det òg vanskeleg å byggje tillit. Det er difor eit forbettringspotensial i å overvinne haldningar som «dette er ikkje min jobb» og heller arbeide mot eit meir samla ansvar. Det er likevel ein sterk vilje til å betre situasjonen og arbeide målretta mot løysingar med god politisk støtte (Intervju).

Det kjem fram at det er eit uttalt behov for meir opplæring og kompetanse innan rus- og ungdomsarbeid for alle som er involverte i førebyggjande arbeid (Intervju).

Gjennom eit fokus på spesialundervisning og inkluderande praksis arbeider kommunen aktivt for å redusere behovet for spesialundervisning ved å forbetre kvaliteten på det ordinære tilbodet. Dette er del av kommunen sin større strategi for å realisere statlege føringar som t.d. Kompetanseløftet, Barnevernsreforma, samt rammeplanane for barnehagen og SFO, som er forankra i kommunen sin kvalitetsplan for oppvekst 2023-2026 (Kommuneplan, 2023-2033).

Større utfordringar i kommunen inkluderer låg utdanningsgrad på tilsette i barnehagane samanlikna med landsgjennomsnittet, der 41,2 % av dei tilsette ikkje har formalkompetanse. Dette understrekar behovet for auka fokus på kompetanseutvikling innan inkluderande miljø for omsorg, leik, læring og danning (Kommunebiletet).

Det er vidare behov for å styrke samarbeidet mellom ulike deler av oppvekstsektoren, inkludert barnehage, skule og helsetenester, for å sikre ein heilskapleg tilnærming til barn og ungdom si utvikling og velferd. Dette inkluderer å forbetre integrasjonen og tilgjengelegheita av tenester som PPT og helsestasjonen for å sikre at alle barn og unge blir sett og forstått, med rett hjelp og støtte for dei som treng det (Kommuneplan, 2023-2033).

I år som tidlegare år får grunnskulen i Giske flest førespurnadar om skulemiljøet til elevar på mellomtrinnet (5.-7.trinn). Elevundersøkinga 2022/2023 viser at stadig fleire elevar i Møre og Romsdal opplever å bli mobba og at førekomsten er høgast på 5.-7.trinn. Dette er ei gruppe elevar som det kan vere grunn for skuleeigarar og skulane å ha eit særskilt fokus på, mellom anna i det førebyggjande arbeidet (Mobbeombodet i Møre og Romsdal sin årsrapport 2022-2023). Bekymringa kring mobbing i både barnehagar og skular blir òg trekt fram i intervjuet.

Kommunen si økonomiske styring står òg ovanfor utfordringar som påverkar skuletilbodet, særleg knytt til tronge økonomiske rammer som fører til ikkje lovleg drift i tilpassa opplæring og tidleg innsats. Dette kan difor indikere eit område med betydeleg forbettringspotensial (Tilstandsrapport for grunnskulen i Giske, 2023).

I spørjeundersøkinga vart både barnehage og skule trekt fram som område med risiko, der grunnskule hadde størst prosentoppslutning. Utfordringar med sårbarheit kring for få tilsette og vanskar med å få arbeidskraft med rett kompetanse, t.d. lærarar, blir nemnd. I både spørjeundersøkinga hjå politikarane, leiarane og prosessmøte vart det vidare trekt fram eit fokus på innbyggjarane sine forventingar til kommunen som tenesteytar, at denne er særst høg, og truleg veksande. Meir fokus på forventingsgapet til tenestene i oppvekst må til. Det er òg uttrykt

ei bekymring for uro og minkande respekt for dei vaksne i skulen på generell basis, og auka åtferdsproblem i barnehagane utan noko tydeleg årsak til dette (Intervju).

Dei største utfordringane innanfor skuleområdet framover er rekruttering av lærarar, rett kompetanse til tidleg innsats, sjukefråvær, kvalifiserte vikarar, tydeleggjering av kva som er leiaroppgåver, og samhandling i vanskelege saker (Spørjeundersøking).

Dei største utfordringane innanfor barnehageområdet er økonomi, fagpersonale, særleg pedagogar, vikarar, vanskelege system som ikkje er brukarvennleg for tilsette eller assistentar utan datakynde, stort sjukefråvær, låg bemanningsnorm og lite planleggingstid for pedagogiske leiarar (Spørjeundersøking; Intervju).

Våre vurderingar

Det er positivt at kommunen har implementert tiltak som inkluderingsteam, kontinuerleg fagleg utvikling for lærarar og samarbeid med andre instansar for å styrkje opplæringstilbodet. Desse tiltaka er risikoreduserande. Det er likevel utfordringar knytt til ressursmangel og oppfølging av nye kompetansekrav, som potensielt kan vere risikoaukande. Kommunen bør difor halde fram med å jobbe kring sikring av tilstrekkelege ressursar og effektiv oppfølging av retningslinjer for å redusere risiko og styrkje oppvekstsektoren. Ein samla tilnærming til både ressursallokering, kompetanseutvikling og implementering av beste praksis kan styrkje kommunen si evne til å oppfylle lovpålagde krav og samfunnet sine forventningar om til tenestene innan oppvekstsektoren. Vår samla vurdering er at området har høg risiko.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området:

Risikofaktor	Sannsyn for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Tidleg innsats fungerer ikkje tilstrekkeleg	Kompleksitet kring implementering av effektive og tidlege intervensjonar	Auka behov for spesialundervisning, lågare akademisk prestasjon hjå elevar og auka fråfall.	M	H	H
Ressursmangel	Kommunen står ovanfor økonomiske utfordringar, behov for auka kompetanse og mangel på kvalifisert fagpersonell	Redusert kvalitet på opplæring og i tenester, høgare arbeidsbelastning for tilsette og avgrensa moglegheiter for å møte individuelle behov hos barn og unge.			
Nye kompetansekrav i skule og barnehage blir ikkje følgt opp	Utfordringar med rekruttering av pedagogar, vikarar og anna rett kompetanse	Lågare kvalitet på undervisning og omsorg, dårlegare tilpassing til individuelle behov og moglege brot på regelverk og retningslinjer.			

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Kompetanse og rekruttering
- Budsjettplanlegging og ressursallokering

BARNEVERN

Barns rett til **medverknad** blir ikkje godt nok ivareteke, sjølv om barn har tydelege rettar i lovverket. Det omfattar mellom anna mangel på informasjon, at dei ikkje trygt får sagt det dei ønskjer og mangel på klageitgang. Det er også dokumentert relativt omfattande manglar ved barn sin **rett til god og forsvarleg hjelp** på ein rekkje område og at mange barn opplev flytting og ustabilitet i sin omsorgssituasjon. Det er vidare påvist utfordringar ved barnevernstenesta sine **undersøkingar**. **Rammene** for barneverntenesta ser ut til å vanskeleg for små distriktskommunar. Etter utvalet si vurdering er føresetnadene for å levere gode barnevernsteneste dårlegare jo mindre barnevernstenesta er (NOU 2023:7:17).

Det har dei siste ti åra blitt gjennomført ein rekkje reformer og endringar i barnevernet på bakgrunn av svikt og utfordringar med kvalitet, særleg i det kommunale barnevernet (NOU 2023:7). Den **nye barnevernslova** frå 1.1.2023 skal gjere barnevernet enklare, meir brukarvennleg og betre tilpassa samfunnet i dag. Lova skal også bidra til auka vekt på førebyggjande arbeid og tidleg innsats.

Statsforvaltaren ventar at kommunane styrkar arbeidet med **tidleg innsats** og førebygging, at det blir utarbeida ein **førebyggingsplan** mot omsorgssvikt og åtferdsproblem, og at kommunen arbeider for å gjenforene barn og foreldre etter omsorgsovertaking. Det er venta at kommunane følger opp regjeringa si pågåande **kompetansesatsing** for perioden 2018-2024 og legg til rette for å oppfylle kompetansekrava i den nye barnevernslova (Forventningsbrev 2023).

Moglege risikofaktorar

- Pressa ressursituasjon
- Tilsetting
- Kompetansekrav blir ikkje følgt opp
- Feil i sakshandsaminga
- Manglande retningslinjer og rutinar
- Manglande medverknad
- Lite eller dårleg samhandling mellom tenesta og andre aktørar
- Svak internkontroll
- Press frå omverda
- Tilstandsrapport blir ikkje utarbeida (og lagt frem for kommunestyret)
- Førebyggingsplan blir ikkje vedteke av kommunestyret
- Rekruttering av fosterheim
- Kvaliteten i barnevernstenesta er ikkje tilfredsstillande

Opplysningar om kommunen og vår risiko- og vesentlegvurdering

Giske kommune har som mål å sikre at barn som treng det får rett hjelp til rett tid gjennom oppvekstreforma/barnevernsreforma, med vekt på førebyggjande arbeid og samordna tenester. Kommunen følgjer den nye barnevernslova og deltek i kompetansetiltak for kommunalt barnevern organisert av Bufdir. I samband med dette er det vist ei positiv utvikling i å oppfylle lovkrava til saksbehandling, der alle saker blir undersøkte innanfor tidsfristen (Kommunebiletet; Statsforvaltaren).

Kommunen har vedteke ein plan for å førebygge omsorgssvikt og åtferdsproblem, som er godt forankra i kommunestyret og detaljert korleis arbeidet skal organiserast. Dette inkluderer

samarbeid mellom ulike einingar innanfor kommunen. Vidare er det ein pågåande prosess for å utarbeide tiltak gjennom Betre tverrfagleg innsats (BTI) jf. Barnevernslova § 15-1.

Barneverntenesta har registrert ei stabilisering på talet barn med hjelpetiltak, medan talet på barn under omsorg har haldt seg stabilt. Det er likevel nokre barn som manglar plan for hjelpetiltaka sine i andre halvår 2022. Barn i fosterheim har fått oppfølgingsbesøk i tråd med lova, men ikkje alle har fått tilsynsbesøk som kravd (SSB).

Barneverntenesta har i 2022 fokusert på auka internkontroll og har implementert rutinar for å hindre avvik etter tilsyn frå Statsforvaltaren i 2021. Denne innsatsen inkluderer òg nye oppgåver som følge av barnevernsreforma, mellom anna arbeid med oppfølging av fosterfamiliar. Tenesta har òg utvikla eit felles fagleg tilbod til målgruppa i samarbeid med andre kommunar (Årsrapport, 2022).

I tillegg er kommunen og tenesta involvert i prosjekt for å betre koordineringa av tenester op tidleg oppdaging av skeivutvikling, som ein del av oppvekstreforma/barnevernreforma. Mange av desse måla er under kontinuerleg arbeid og har blitt delvis nådd i 2022 (Årsrapport, 2022).

Tenesta er relativ lita, og er dermed meir sårbar for fråvær og høg turnover. Kommunen og tenesta treng òg framleis meir breidde i tiltaka som blir tilbydt. Resultat- og effektmåla for 2022 viser ingen fristbrot i tenesta og ingen fristbrot i undersøking, kontinuerleg arbeid, og totalt 96 mottekne meldingar der 32 blei lagt vekk etter undersøking. 47 barn hadde tiltak 1. halvår og 46 barn hadde tiltak 2. halvår i 2022. Det var totalt 5 barn under omsorg, 3 barn på åtferdsinstitusjon og totalt 11 tilsyn (Årsrapport, 2022).

Kommunen sitt mål om digitale søknadar til omsorgstenestene blei ikkje nådd i 2022. Prosessen vart avslutta då det viste seg at fagsystema ikkje tilfredstilte krava til sikkerheit for behandling av sensitive helseopplysningar ved eit digitalt søknadsskjema. Målet om digitalisering av tenestene er førebels delvis nådd i 2022. Barnevernet er fullelektronisk og nyttar SvarUt i fagprogrammet. Fleire tenester nyttar digitale møter både i møte med brukarane og til internt/eksternt samarbeid (Årsrapport, 2022).

Det same gjeld målet om effektivisering av drifta. Prosjektgruppe er etablert for å digitalisere søknadar til helse- og omsorgstenestene. Utarbeiding av modell for betre samhandling mellom tenestene og etablering av nye rutinar for tverrfagleg drøftingsmøte er iverksett. Gjennomgang av tildelingskriterium for oppretting av individuell plan (IOP) er òg sett i gang (Årsrapport, 2022).

I høve til måla om betre koordinerte tenester og gode system for å fange opp tidleg teikn på skeivutvikling jf. Oppvekstreforma/barnevernsreforma, er desse førebels under kontinuerleg arbeid. Måla vart berre delvis nådd i 2022.

Med fokus på langsiktig og planmessig satsing på vidareutdanning og rekruttering, samt å førebygge høg turnover, siktar kommunen mot å møte dei aukande faglege og økonomiske krava i barnevernsreforma (Årsrapport, 2022).

Tilstandsrapport for barnevernet vart sist vedtatt november 2022 og gjeld for året 2021. Kommunedirektøren har i faktasjekkmøte gitt uttrykk for å følge opp denne og bestille ny for 2023.

Det kjem fram at det er eit uklart samarbeid mellom PPT og barnevernet og skulen og barnevernet. Samarbeidet opplevast til tider utfordrande, noko som gjer rom for forbetring

(Intervju). Barnehagane uttrykkjer òg at det er eit behov for eit tettare samarbeid med barnevernet (Intervju).

I spørjeundersøkinga kjem det fram at dei største utfordringane hos eininga barn, familie og helse framover er stabil tilgang på kompetanse hjå tilsette og leiarar, samt ressursknappheit. Veldig mange oppgåver blir overført til kommunen utan at det blir kompensert med tilføring av ressursar. Andre nemnde utfordringar er stadig krav til omstilling, endra krav og forventingar til tilsette og knappe ressursar til leiarar til å gjennomføre omstillingsarbeid.

Våre vurderingar

Det er positivt at Giske kommune har satt seg mål om å sikre rett hjelp til barn og familiar gjennom oppvekstreforma/barnevernsreforma og at dei deltar i kompetansetiltak for å oppfylle krava til barneverntenesta. Kommunen har vidare implementert tiltak for å forbetre internkontrollen og samarbeidet mellom ulike einingar, noko som er risikoreduserande. Likevel kjem det fram opplysningar om eit større behov for samarbeid med eininga samt utfordringar knytt til tilsetting av kvalifisert personale og oppfølging av kompetansekrav. Desse utfordringane kan auke risiko for feil i sakshandsaming og oppfølging av barn og familiar.

Vi vurderer at det er risiko knytt til stabil tilgang på kompetent personale, oppfølging av kompetansekrav og i samhandling med eksterne og interne aktørar for å styrkje kvaliteten på barneverntenesta. Vår samla vurdering er at området har høg risiko.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området:

Risikofaktor	Sannsyn for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Pressa ressurs-situasjon	Eininga har utfordringar med ressursknappheit og stadig krav til omstilling.	Kan føre til redusert kvalitet på tenestene, auka arbeidsbelastning for tilsette og manglande evne til å møte behova til barn og familiar.	M	H	H
Tilsetting	Eininga har ikkje tilstandsrapport for 2023.	Kan føre til høgare arbeidsbelastning for tilsette, lågare kontinuitet i tenestene og auka risiko for feil i saks-handsaming og oppfølging.			
Kompetansekrav blir ikkje følgt opp	Eininga har høg turnover og behov for stabil tilgang på kompetanse Manglande oppfølging av kompetansekrav og behov for kontinuerleg fagleg utvikling og rekruttering av kvalifisert personale	Kan føre til redusert kvalitet i tenestene, brot på regelverk og retningslinjer, og auka risiko for feil i sakshandsaming.			

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Evaluering av rekrutterings- og kompetanseutviklingsprosessar
- Vurdering av samarbeid og koordinering med eksterne/interne aktørar

HELSE OG OMSORG

Det er venta at kommunane styrker sitt arbeid innan **psykisk helse**. Målet er at dei som må ha psykisk helsehjelp skal få god og lett tilgjengeleg hjelp, særleg barn og unge. Det er også varsla ein førebyggings- og behandlingsreform for **rusfeltet** hausten 2023 (Statsforvaltaren 2023).

Det blir meir krevjande å finne **nok hender til å pleie fleire eldre og sjuke**, når aldersgrupper som må ha omsorgstenester aukar mykje meir relativt til folketalet i arbeidsdyktig alder. I tillegg aukar kostnadane til yngre brukarar. Meir enn tidlegare er det difor viktig med tidleg og samordna innsats (KS 2023). Kommunane må jobbe mot meir heimebasert omsorg, ta i bruk teknologiske løysingar og tenke nytt.

Moglege risikofaktorar

- Manglande ressursar
- Framtidig press på tenesta
- Manglande samordna planlegging
- Endring i organisasjonen
- Manglande bruk av velferdsteknologi
- Manglande digitalisering
 - Helseplattforma, journalføring
- Manglar i helsefremmande og førebyggjande arbeid
- Manglande rutinar og retningslinjer
- Uklart ansvar mellom ulike forvaltningsnivå og einingar
- Manglande koordinering av ulike teneste
- Kvaliteten i helse- og omsorgstenesta er ikkje tilfredsstillande
- Utfordringar med omstilling

Opplysningar om kommunen og vår risiko- og vesentlegvurdering

I 2022 viser statistikken at 28 % av innbyggjarane i Giske kommune er mellom 0-20 år. Dette understrekar kommunen sitt vedvarande fokus på barn og ungdom, som er støtta gjennom nasjonal satsing på helsestasjon, skulehelseteneste og jordmorteneste, med tilskot søkt frå staten for å styrkje bemanninga.

Betre tverrfagleg samarbeid (BTS) er eit overordna satsingsområde i kommunen, finansiert gjennom tilskot frå Bufdir. Dette arbeidet er forankra både politisk og administrativt, og siktar mot å møte fleire lovkrav og reformer. Dette inkluderer ein modell for tverrfagleg samhandling som er publisert på kommunen si heimeside for å informere tilsette og innbyggjarar om korleis ein kan handtere situasjonar der ein er bekymra for eit barn eller ungdom (Årsrapport, 2022).

Rutinar og prosedyrar for samhandling mellom helse og oppvekst er etablert, der mellom anna PPT og helsestasjon deltek i skulane og barnehagane sine inkluderingsteam. Eit felles digitalt samhandlingsverktøy, DIPS, er innført for å forbetre koordineringa av tenester til barn og unge.

Til trass for stabiliteten i fastlegeordninga, som er ein utfordring mange kommunar står ovanfor, har Giske klart å sikre alle innbyggjarane fastlege gjennom heile 2022, noko som er ein betydeleg styrke (Årsrapport, 2022).

Ei utfordring er det auka sjukefråværet, som nådde 10 % i 2022, der hovudsakleg langtidssjukefråvær stod for den største prosenten med heile 8,2 %. Dette peikar på eit potensielt forbettringsområde i kommunen si helsestyring og velferdstiltak (Årsrapport, 2022).

Det er vidare forventa ein betydeleg vekst for pleie- og omsorgstenester, med ein forventa vekst på 100 % innan 2040 og 150 % innan 2050. Dette indikerer ein naudsynt auke i ressursar og planlegging for å møte dei veksande behova i ein aldrande folkesetnad (Årsrapport, 2022).

Det er peika på både økonomiske og personellmessige utfordringar, noko som fordrar noverande tenestenivå innanfor både innovasjon og omstilling for å kunne sikre framtidige berekraftige omsorgstenester. Heilskapleg bustadpolitikk og tverrfagleg tenesteutvikling blir difor sett på som kritiske strategiar for framtida i kommunen, noko som òg er avgjerande for å møte dei framtidige behova effektivt.

Samhandling med private aktørar vil spele ein nøkkelrolle i kommunen sin framtidsplan, med knappheit på kompetanse som ei stor utfordring for å møte både noverande og framtidige behov. Det er eit uttalt problem med rekruttering av mellom anna helsesjukepleiarar, vernepleiarar og kvalifiserte fagfolk. Til trass for mykje vikarbruk er det no vanskeleg å få tak i vikarar òg.

Giske kommune har intensivert arbeidet med velferdsteknologi for å trygge brukarar og heve kompetansane til dei tilsette. Velferdsteknologi blir drifta som ei ordinær helseteneste, med koordinator for velferdsteknologi i 50 % stilling og velferdsteknikar i 100 % stilling. Desse er organisert under eining barn, familie og helse i avdeling fysio- og ergoterapi (028/23).

Avdelingane i omsorg og heimetenesta har alle eigne ressurspersonar for velferdsteknologi som skal ha meir kunnskap enn dei andre tilsette. Desse har gjennomført velferdsteknologien sine statlege ABC-kurs for å betre kunnskapsnivået ved bruk av velferdsteknologi. Arbeidet blir tett følgt opp av styringsgruppa beståande av alle leiarane i helse- og omsorg og fagforbundet, og blir leia av kommunalsjef med fire møter i året (028/34).

Giske kommune samarbeider med kommunane Sykkylven, Fjord, Sula og Stranda om Misu samarbeid, eit velferdsteknologisk prosjekt til barn og unge vaksne. Prosjektet arbeider med løysingar innan implementering velferdsteknologi og spreiding av kunnskap i kommunane, spesielt retta mot meistring og psykisk helse og skulane. Tilskot som blir tildelt prosjektet styrast av Sykkylven kommune (028/23).

Samla sett står Giske kommune ovanfor utfordringar med å oppfylle lovpålagde krav for mangfaldig kompetanse innanfor kommunehelsetenesta og å tilby tilstrekkeleg døgnomsorg, noko som kan skape sårbarheiter der det er behov for eit høgare omsorgsnivå.

Det er ein mangel på naudsynt spesialisert kompetanse for å handtere auken i komplekse helsebehov, særleg relatert til demens og aldersrelaterte sjukdommar. Dette kan legge press på tenesteleveringa om det ikkje jobbast strategisk med kompetanseheving, rekruttering av kvalifisert personell og leiarkompetanse.

Dei mest presserande utfordringane synes å liggje innan pleie og omsorg, særleg med tanke på det forventa behovet hjå den eldre folkesetnaden. Dei demografiske utfordringane stiller store krav til kommunen sin kapasitet til å levere tilstrekkelege tenester. Dersom kommunen i tillegg står ovanfor utfordringar med å finansiere og bemanne opp dei naudsynte tenestene for å møte den aukande etterspørselen samstundes utan endringar i korleis tenestene leverast i dag, vil ikkje kommunen kunne handtere den framtidige veksten innan pleie og omsorg.

I spørjeundersøkinga vart både helse, pleie- og omsorg (både heimebaserte tenester og institusjonstenester) samt busetting- og integrering trekt fram som område med høg risiko i

kommunen. Utfordringar med mellom anna sårbarheit kring for få tilsette, vanskar med å få arbeidskraft med rett kompetanse, t.d. sjukepleiarar og helsefagarbeidarar og betre brukarmedverknad blir belyst.

Andre bekymringar innan helse- og omsorg er kommunen si evne til å møte demografiutfordringar både på kort og lang sikt, at innbyggjarane får eit rett tenestenivå, at kommunen sitt koordinatoransvar blir godt løyste ovanfor personar som treng det, tenestekvalitet i eldreomsorga, fokus på forventingsgapet til tenestene, og manglande institusjonsplassar (Spørjeundersøking).

Det er òg uttrykt framtidige utfordringar med korleis kommunen kan flytte tid og ressursar til førebygging innan folkehelse og rus- og psykiatri slik at folkesetnaden er friskast mogleg, lengst mogleg og har god livskvalitet. Pårandekontakt- og tenestekoordinering vart òg trekt fram som eit prioritert temaforslag for forvaltningsrevisjon (Spørjeundersøking).

Det kjem òg fram at dei største utfordringane for eininga psykisk helse og rus framover er kompetanse, oppgåvefordeling og rett kompetanse på rett tid og stad. For eininga meistring og psykisk helse er dei største utfordringane framover stor auke i brukarar som dei ikkje har fysisk bygningsmasse til å ta imot, og det er stort behov for fleire og meir avlastingsstenester for barn med spesielle behov. Det er òg utfordrande at fleire oppgåver blir lagt til kommunen som tidlegare låg til spesialisthelsetenesta utan at det følgjer midlar til dette (Spørjeundersøking).

Innanfor pleie- og omsorg hjå omsorgsdistrikta kjem det fram at dei største utfordringane framover er økonomi, at stillingar blir dekte ved auke i sjukefråvær, rekruttering av sjukepleiarar, helsefagarbeidarar og å behalde personale. Dette er viktig ved krevjande brukarsituasjonar, for ekstra innleige, nye søknadar BPA og for kapasitet til leiarar for oppfølging av måloppnåing (Spørjeundersøking).

Våre vurderingar

Kommunen har etablert rutinar og prosedyrar for samhandling mellom ulike tenester, slik som helse og oppvekst. Dette bidrar til betre koordinering av tenester og meir effektiv ressursbruk. Kommunen har òg intensivert arbeidet med velferdsteknologi for å forbetre tenestekvaliteten og heve kompetansen til dei tilsette. Dette kan bidra til å effektivisere arbeidsprosessar og betre møte aukande behov på ein meir berekraftig måte.

Det er vidare positivt at kommunen fokuserer på å styrkje kompetansen hjå dei tilsette samt kontinuerleg arbeider for å rekruttere kvalifisert personell, noko som kan bidra til å sikre tilstrekkeleg bemanning og betre kvalitet på omsorgstenestene.

Det er likevel framleis utfordringar knytt til manglande ressursar, noko som kan påverke kommunen si evne til å levere tilfredsstillande omsorgstenester, som igjen kan føre til ineffektiv ressursbruk og lågare kvalitet på tenestene.

Kommunen står òg ovanfor framtidig press på tenestene med forventa auke i behovet for pleie- og omsorgstenester og auka krav til kompetanse og ressursbruk. Dette kan føre til overbelasting av personalet og redusert kvalitet i omsorga. Vår samla vurdering er at området har høg risiko.

Tabellen viser vår risiko- og vesentlegvurdering for området:

Risikofaktor	Sannsyn for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Manglande ressursar	Nyttar velferdsteknologi og har kompetanseplan, men har framleis utfordringar knytt til manglande ressursar	Kan føre til ineffektiv ressursbruk og lågare kvalitet på omsorgstenestene Kan føre til overbelastning av personalet, sjukefråvær og redusert kvalitet i omsorga	H	H	H
Framtidig press på tenesta	Forventa auke i behovet for pleie- og omsorgstenester (demografiutvikling)				

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Helse og omsorg – Kvalitet og ressursbruk

UTRYDDING AV FATTIGDOM

Delen med vedvarande låge inntekter har auka. I hovudsak er det i hushald med barn at delen har auka (KS 2022:46). I Møre og Romsdal bur 4 500 barn med vedvarande låg inntekt, som er tett på ti prosent av barna i fylket. Å førebygge fattigdom er eit nasjonalt satsingsområde. **Tidleg innsats** er viktig for å førebyggje sosiale problem. Dette gjeld særleg ovanfor barn og unge som veks opp i vanskelegstilte familiar kor det er viktig å hindre at oppvekstsituasjonen fører til ytterlegare og vedvarande stigmatisering. For å få til **gode tiltak** er det viktig at kommunen syt for godt **samarbeid** internt og eksternt.

Å bu trøgt er ein levekårsindikator som kan seie noko om dei økonomiske og materielle føresetnadane for gode levekår, og den aukar i låginntektsfamiliar (KS 2022).

Krigen i Ukraina har ført til den største flyktningkrisa i Europa sidan 2. verdskrig. Det er fleire arbeidsledige- og gjennomsnittleg månadsløn er lågare for innvandrarar enn for andre innbyggjarar (KS og SSB.no).

Moglege risikofaktorar

- Aukande fattigdom i kommunen
- Fattigdom blir ikkje oppdaga
- Manglande ressursar
- Manglande kompetanse
- Mangel på overordna strategi
- Utilstrekkeleg oppfølging av vedtak og prioritering på området
- Utilstrekkeleg samarbeid og koordinering av teneste
- Mangelfull opplysning, råd og rettleiing
- Lite føreseieleg tal flyktningar
- Manglande integrering
- Variert målgruppe vs. individuell tilpassing

Opplysningar om kommunen og vår risiko- og vesentlegvurdering

Giske kommune har vist god evne til å busette flyktningar, med nesten full oppnåing av IMDIs busettingsmål for 2022 med 49 busette mot ein oppmoding på 55, og eit mål om 50 i 2023. Kommunen utmerkar seg òg med høgare enn gjennomsnittlege skuleresultat for barn med innvandrarbakgrunn, noko som reflekterer effektive opplæringsstrategiar og integreringsarbeid (Årsrapport, 2022).

Vidare har digitaliseringa av sosiale tenester, som gjennom implementeringa av DIGISOS, bidrege til effektivisering av tenesteyting og betre oppfølging av brukarar (Årsrapport, 2022).

Trass i streke sider, står kommunen ovanfor utfordringar knytt til økonomisk sosialhjelp og barnefattigdom. Det har vore ein aukande trend hjå barn i hushald med låg inntekt og unge som lever på sosialhjelp som hovudinntekt. Dette ymta om eit kritisk behov for forsterka innsats i sosialtenesta og meir målretta førebyggjande tiltak for å snu den negative utviklinga og hindre langvarig avhengnad av offentlege ytingar (Årsrapport, 2022).

Forvaltinga av integrerings- og busettingstiltak synes godt organisert, men det peikast på rom for forbetringar i den tverrsektorielle bruken av ressursar. Samarbeidet mellom NAV og Flyktningtenesta treng å styrkast for å optimalisere ressursbruk og oppnå betre arbeidsmarknadsintegrasjon for innvandrarar. På trass av gode digitale tenester, er tilgjengelegheita avgrensa for dei som manglar digital kompetanse, med NAV-kontoret ope for drop-in besøk berre to gonger i veka (Årsrapport, 2022).

Ein betydeleg del av innvandrarar i folkesetnaden i aldersgruppa 30-66 år har berre grunnskulen som høgaste utdanningsnivå, noko som representerer ei kompetanseutfordring i arbeidsmarknaden. For å forbetre situasjonen kan kommunen intensivere tilbodet om vidaregåande opplæring og kvalifiseringstiltak for å heve utdanningsnivået og sikre betre integrering i arbeidslivet (Årsrapport, 2022).

Statsforvaltaren har tidlegare indikert middels risiko for svikt i både integrering og sosialtenesta. Dei negative trendane i sosialhjelpsstatistikken og barnefattigdom peikar på risikoar knytt til levekår og sosial eksklusjon. For å handtere desse risikoane effektivt, bør kommunen implementere målretta og tidleg inngripande tiltak, styrke oppfølginga av sårbare grupper, og sikre ei heilskapleg og samordna tilnærming på tvers av alle relevante kommunale tenester (Årsrapport, 2022).

Det kan vere avgjerande at Giske kommune held fram med å utvikle og justere sine strategiar for å møte dei nemnde utfordringane. Dette inkluderer sterkare politisk og administrativ støtte for å fremje integrasjon og forbetre sosiale tenester, samt auka investering i kompetanseutvikling og infrastruktur for å styrke både digital og fysisk tilgang til viktige tenester. Kommunen må òg vurdere å auke ressursane til NAV for å utvide opningstidene og forbetre direkte støtte for å unngå utanforskap (Årsrapport, 2022).

I spørjeundersøkinga vart utrydding av fattigdom trekt fram som eit område med risiko i kommunen. Utfordringar knytt til utøving, -rådgjeving -og formidling av husbanken sine støtteordningar vart mellom anna belyst.

Våre vurderingar

Implementeringa av DIGISOS har bidrege til effektivisering av tenesteytinga og til betre oppfølging av brukarar, noko som kan vere risikoreduserande for feil og manglar i oppfølginga av sårbare gruppe. Kommunen har òg vist god evne til å busette flyktningar samt oppnå høge skuleresultat for barn med innvandrarbakgrunn. Med desse tiltaka er kommunen på god veg med å redusere risiko for sosial eksklusjon og integrasjonsproblem. Ved å styrkje samarbeidet mellom NAV og Flyktingtenesta kan kommunen optimalisere ressursbruk og betre arbeidsmarknadsintegreringa for innvandrarar, noko som hindrar utanforskap i både arbeidslivet og samfunnet.

Kommunen har likevel ein aukande barnefattigdom og eit aukande behov for økonomisk sosialhjelp, avgrensa ressursar og kompetanseutfordringar innan sosialtenesta og fragmentert oppfølging. Vår samla vurdering er at området har middels risiko.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området:

Risikofaktor	Sannsyn for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Manglande ressursar og kompetanse	God evne til å busette flyktningar og bruk av DIGISOS, men forbetringar i den tverrsektorielle bruken av ressursar.	Kan føre til sosial eksklusjon og auka avhengigheit av offentleg ytingar hjå sårbare grupper.	M	M	M
Aukande fattigdom i kommunen	Kommunen har utfordringar knytt til økonomisk sosialhjelp og barnefattigdom (aukande trend hjå barn i hushald med låg inntekt)	Kan føre til utilstrekkeleg oppfølging og integrering av sårbar grupper og forsterke sosial ulikskap			
Utilstrekkeleg samarbeid og koordinering av tenester	Samarbeidet mellom NAV og Flyktingtenesta treng å styrkast	Kan føre til at sårbare grupper ikkje får den naudsynte hjelpa og støtta dei treng for å lukkast			

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Barn i fattige familiar
- Samarbeid og koordinering av integreringstenester

PLAN OG TEKNIKK

Korrupsjon i kommunar oppstår ofte i samband med reguleringsprosessar av eigedommar og landbruks-, natur- og friluftsområde under utbygging (Økokrim 2022). Det har vore fleire dommar for korrupsjon innan plan- og byggesak (NKRF 2023). Plan- og bygningskontoret er den tenesta innbyggjarar i Noreg er minst nøgd med i (KS 2022).

Manglande **ulovleg oppfølging** kan over tid føre til at innbyggjarar får **svekka tillit** til kommunen si byggesaksforvaltning. Ulovlege terrenginngrep truer naturen, og det er sannsynleg at både næringsaktørar og private aktørar vil gjere grove ulovlege naturinngrep (Økokrim 2022).

Berekraftig arealforvaltning er viktig for å ta vare på natur, naturmangfald, naturgodar og redusere klimagassutslepp. Arealbruksendringar er ein stor kjelde til klimagassutslepp.

Klimaendringar vil krevje at kommunane planlegg og gjer tiltak for å handtere både akutte og meir gradvise endringar. Dette handlar om samfunnstrygging, miljø og økonomi. Kommunane skal arbeide systematisk med **samfunnstrygging og beredskap**. Det blir kraftigare nedbør, fleire og større regnflaumar, stigande havnivå og fleire jord-, flaum- og sørpeskred. Skadar på grunn av dette er venta å auke i åra framover. **Overvatn** er den største av utfordringa kommunane opplev med klimatilpassing (KS 2022).

Avfallsbransjen er ein bransje med særleg høg risiko for miljøkriminalitet (Økokrim 2022:22). Det er sannsynleg at kriminelle aktørar i inn- og utland vil gjere **avfallskriminalitet** framover med bakgrunn i kombinasjonen av auka verdi på avfall og auka pris på lovleg avfallshandtering. Kommunane har eit viktig ansvar for fleire **tilskotsordningar**, særlover og arealbruk som har mykje å seie for landbruket både i dag og i framtida. Kravet om eigen kontrollplan er skjerpa for å sikre tillit til tilskotsoppgåva.

Moglege risikofaktorar

- ROS-analyse og beredskapsplanar er mangelfulle/utdaterte
- Risikovurderingar er ikkje sett i system
- Klimaendringar
- Ikkje jamlege øvingar
- Feil i sakshandsaming
- Utilfredsstillande dispensasjonspraksis
- Manglande kompetanse i kommunen
- Eksternt press
- Mangelfull internkontroll
- Manglande ressursar
- Kvaliteten på vassforsyningar og avløp er ikkje tilfredsstillande
- Kvalitet i bustadsoppgåvene er ikkje tilfredsstillande
- Mangelfull samhandling i kommunen
- Manglande tilsyn og ulovleg oppfølging
- Har ikkje ei berekraftig arealforvaltning
 - Tar ikkje omsyn til utbygging, klimaendringar og naturtap
- Gammalt leidningsnett for vatn og avløp
- Utilfredsstillande handtering av overvatn
- Følgjer ikkje nye krav til reinsing av avløpsvatn
- Kvalitet i byggesakshandsaminga er ikkje tilfredsstillande
- Samarbeider ikkje med avfallsselskap om å innføre nye krav til avfallssortering

Opplysningar om kommunen og vår risiko- og vesentlegvurdering

BEREDSKAP

Giske kommune har vist høg kompetanse i beredskapsarbeid, særleg gjennom aktiv deltaking i DSB sin kommuneundersøking og øvingar frå Statsforvaltaren. Kommunen reviderte og evakueringsplan med Evakuerte- og Pårørandesentra (EPS) på kvar øy i 2019 og 2023. Denne planen skal øvast med jamne mellomrom i kommunen (ROS, 2023).

Dette har styrkt kommunen sin samfunnstryggleik og evne til krisehandtering. Vidare har kommunen proaktivt forankra sin overordna beredskapsplan i kommunestyret, ei handling som ikkje er lovpålagd og som tydeleg viser ein sterk forplikting til beredskap (Kommunebiletet). Kommunen har eit etablert beredskapsråd, ein beredskapsorganisasjon og eit beredskapsplanverk for å oppretthalde verksemder og tenesteproduksjon ved uønskte hendingar (ROS, 2023).

I samband med kommunebiletet har Statsforvaltaren tidlegare peika på ei svakheit i høve til manglande oppdatert heilskapleg ROS-analyse som inkluderer nyare sikkerheitspolitiske risikoar, særleg i høve til kommunen sin strategiske infrastruktur som den største flyplassen i fylket.

Kommunen har utarbeida ein ny og oppdatert heilskapleg ROS-analyse for 2023. Denne er utarbeidd med basis frå ROS 2019, ROS Nye Ålesund Brannvesen og Statens Vegvesen sine beredskapsplanar for tunellane. Den er òg supplert med nye tema med bakgrunn i Forventingsbrevet 2023 frå Statsforvaltaren, og hendinga i verda dei siste åra. Nye tema er mellom anna «Tryggingsspolitisk krise» og «Angrep på digital infrastruktur» (ROS, 2023).

Giske kommune kjøper brannvernteneste frå Ålesund brannvesen i dag, men vurderer å drive tenesta i eigenregi ila. fyrste halvår (Spørjeundersøking).

BYGG OG BYGGJESAK

På byggjesaksfronten handterer Giske kommune eit relativt høgt volum av saker effektivt, noko som reflekterer ein robust administrativ kapasitet med bruk av plan som verktøy for utbygging. Dette til trass for at kommunen ikkje har eit stort fagleg og robust miljø på plansida.

Statsforvaltaren har tidlegare peika på svakheiter i kommunen si forvaltningspraksis, inkludert feil i handsaminga av dispensasjonssaker og manglande høyring i naudsynnte tilfelle. Dette heng truleg saman med at situasjonen på byggjesak over lengre tid hadde store utfordringar i høve til restansar. Etter ein periode med sjukefråvær, oppseiing og permisjonar gjekk det òg frå vondt til verre (Kommunebiletet).

Våren 2022 stod kommunen att med 1 byggjesaksbehandlar og det vart lyst ut etter tre nye. Desse kom på plass i august 2022, og situasjonen betra seg. Framleis greier ikkje byggjesak å ta etterslepet. I 2023 kom det på plass ein ny saksbehandlar med eit håp om å ta unna saksmengda samt gamle restansar. Situasjonen har no forbetra seg. Det blir framleis nemnd utfordringar i høve til dispensasjonssaker grunna eit høgt utbyggingspress i kommunen (Kommunebiletet).

Krav frå kommuneplan gjer gjeldande reguleringsplan krevjande å få gjennomført. T.d. 80 % tilgjengeleg bueining, parkeringsplassar, leikeplassar og skulekapasitet. Naust som blir tatt i bruk som fritidsbustad, nedbygging av strandsone, stenging for alminneleg ferdsel, samt byggjestopp på Sætra grunna manglande reguleringsplan som vart stoppa politisk (Spørjeundersøking).

Det blir òg peika på utfordringar innanfor vedlikehaldsetterslep for både kommunale bygg og veg. Eininga har manglande midlar på drift og investering som gjer at etterslepet på dei kommunale vegane aukar. Heile investeringsbeløpet for dette ansvaret blei strøke i budsjettet for 2024 (Spørjeundersøking).

Giske kommune òg har eit bygningsmessig vedlikehaldsetterslep på om lag kr. 170 mill., fordelt mellom investeringsbehov og driftsbehov. Bygg og eigedom brukar verksemdplanen aktivt og forsøker å levere i høve til den. Det er likevel område kommunen ikkje klarer å levere på grunna økonomi – og manglande avklaringar mellom tenestene. Eininga har manglande midlar i drift og investering og det er ikkje løyvd midlar til vedlikehald av bygg. Ut frå vernerunderferat utført nyleg, blir ikkje HMS til brukarar og tenesta ivaretatt grunna manglande vedlikehald (Spørjeundersøking; Årsrapport, 2022; Prosessmøte, 2024).

Kommunen hadde ein forvaltningsrevisjon på vedlikehald på kommunale bygg i 2021. Det blir opplyst at det ikkje har skjedd nokon endringar sidan den gong. Men det verst stilte bygget blir no bytta ut med ein ny barneskule på Vigra (Faktasjekkmøte).

Tal tilsette på reinhald er knapt og kommunen har per 2022 15 fast tilsette (14,07 årsverk). Det trengs fleire tilsette for å dekke reinhald i formålsbygga. I verksemdplanen for 2022 følgjer ein opp behovet for kompetanseplan med tilrettelegging for individuelle løp fram til fagbrev. 8 reinhaldarar har tatt fagbrev (teorien) i 2022. Arbeidsgjevar har tilrettelagt for opplæring i kommunen (Årsrapport, 2022).

I spørjeundersøkinga kjem det fram at det framleis er manglande ressursar på reinhald, noko som gjer at dei som er i reinhald på yte meir. I samband med eit fysisk krevjande arbeid resulterer dette i eit høgt sjukefråvær og mangelfullt reinhald på bygg. Kommunestyrevedtak i økonomi- og handlingsplan (2024-2027) viser at reinhald får overført 2 årsverk for å utføre praktisk bistand. Dette kan vere med på å auke fleksibiliteten i tenesta og forhåpentlegvis redusere sjukefråværet.

I spørjeundersøkinga vart næring, plan og teknisk (kommunehuset og driftsavdeling) og sakshandsaming -og klagehandsaming trekt fram som eit av dei områda i kommunen med størst risiko. Det handlar mellom anna om korleis kommunen kan flytte tid og ressursar til førebygging innan vedlikehald av kommunale bygg, utfordringar innan eigedomsforvaltning, likebehandling i sakshandsaming og meir fokus på forventingsgapet til tenestene.

Det kjem fram at kommunen har eit omdømeproblem knytt til byggesakshandsaming og tidsbruk, noko som er vorte bygd opp over lang tid. Ein har ikkje klart å betre tilhøva. Byggesakshandsaming vart òg trekt fram som temaforslag til forvaltningsrevisjon i kommunen (Spørjeundersøking).

Andre område som vart trekt fram som framtidige utfordringar for eininga var regulering, kart- og oppmåling, feiing, beredskap innan forureining, eigarseksjonering, grunnkjøp og delesakshandsaming.

VATN OG AVLØP

VAR – området vil vere eit nasjonalt «vekstområde» i åra framover – jf. Auka krav til reinsing, utbetring av tilstand på eksisterande leidningsnett, forsyningssikkerheit med meir. Investeringstakt og nivå på driftskostnader påverkast òg av utvikling i kommunens busetnadsstruktur – jf. Samfunnsdel-/arealdel kommuneplan.

Kommunen rapporterte til Miljødirektoratet i 2021 at 96,4 prosent av innbyggjarane er kopla til avløpsanlegg der reinsekrav er oppfylt. Giske har 8 anlegg kor det er montert slamavskiljarar, to av desse anlegga får tilført meir enn kva dei er dimensjonert for. Kommunen har 12 anlegg som

er ureinsa, dei har ikkje tatt prøver frå nokre av anlegga og kan **ikkje dokumentere** at reinsekrava blir overhaldt (Kommunebiletet).

Kommunen bruker ikkje den nasjonale databasen Grunnforureining. Basen bør innehalde informasjon om all forureina grunn som kommunen kjenner til for å redusere faren for spreiding av forureining ved bygge- og gravetiltak i grunnen. Kommunen har heller ikkje rapportert riktig om avløp og reinsing (Kommunebiletet).

Hovudplan for VA vart ferdig og vedteken i 2022. Planlegging av reinseanlegg og plassering av dei var ein viktig del av dette arbeidet. Planlegging av vatn og avløpsløyse for næringsområdet på Gjøsandet har tatt mykje tid. Fleire pumpestasjonar på Roald har hatt problem med framandvatn og kartlegging av omfang og tiltak blir sett i gang i 2023.

Giske kommune har gjennomført betydelege oppgraderingar på vatn- og avløpsanlegga, noko som har forbetra reinsekapasiteten og redusert miljøbelastninga. Problemet med vasslekkasjar på grunn av gamle leidningar krev likevel direkte merksemd. For å adressere dette bør kommunen framskande sin plan for fornying av leidningsnett og auke investeringane i moderne vass-styringsteknologiar for å redusere svinn og sikre vasskvaliteten (Årsrapport, 2022).

I spørjeundersøkinga vart vatn og avløp trekt fram som framtidige utfordringar for eininga. Mellom anna kan nytt EU-direktiv føre til at dagens løysing kommunen har med utslepp blir ulovleg, noko som kan føre til store investeringsbehov i åra framover. Reinsing og slam blir òg trekt fram som ei framtidig utfordring.

Innanfor renovasjon utførar eininga tenesta på vegne av Attvin. Det er manglande ressursar og vekt på miljøstasjonen (Spørjeundersøking).

LANDBRUK

Sjølv om landbruksforvaltinga nyttar seg av interkommunalt samarbeid, står Giske kommune ovanfor utfordringar med avtakande bruk av landbruksareal og omdisponering til ikkje-landbruksføremål. Det peikast på bekymringar gitt kommunen sin landbruksarv og potensialet for berekraftig produksjon. Kommunen kan difor ha behov for å adressere moglegheitene av å styrkje politikken for å verne og fremje landbruksinteresser, mellom anna ved å implementere strengare reglar for driveplikt, aktivt støtte moderne landbrukspraksisar som urbant landbruk og agroturisme, og følgje opp regionalt miljøtilskot (RMP) samt tilskota til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) (Årsrapport, 2022).

Kommunestyret vedtek å starte arbeidet med kommunal jordvernstrategi omgåande med slutthandsaming innan 31.12.2024 (K-097/23). I spørjeundersøkinga vart det òg uttrykt bekymringar kring landbruket i kommunen.

Våre vurderingar

Medan Giske kommune viser styrker i fleire administrative og operasjonelle aspekt som mellom anna godt beredskapsarbeid, regelmessige øvingar og ROS-analysar, viser utfordringane innan byggjesak, vatn- og avløpshandtering, samt landbruksforvaltning viktige område for forbetring.

For å møte desse behova kan det vere viktig at kommunen held fram med å utvikle sin kapasitet og kompetanse, samstundes som den sikrar at alle sektorar er førebudde på å handtere både noverande og framtidige utfordringar effektivt. Sidan bygningskvalitet har direkte påverknad på

tenestekvaliteten som utførast i same bygg samstundes med eit høgt vedlikehaldsetterslep, forvaltar ikkje kommunen bygningsmassen på ein berekraftig måte. Vår samla vurdering er at området beredskap har låg risiko, byggjesak høg risiko og varn- og avløp samt landbruk har middels risiko.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området:

Risikofaktor	Sannsyn for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Beredskap	Gode vurderingar innan beredskaps-arbeid hjå Statsforvaltar	Kan føre til ineffektiv krisehandtering og alvorlege konsekvensar ved uønskte hendingar	L	L	L
ROS-analyse, beredskaps-planar er mangelfulle eller utdaterte	Oppdatert ROS-analyse				
Bygg og byggjesak	Manglande ressursar til klima og miljøarbeid og vedlikehald	Ulovleg byggepraksis, mangelfulle sikkerheits-tiltak og feilaktig arealbruk -verkar inn på eigedom, liv og miljø	M	M	H
Kvalitet i byggesak-handsaminga er ikkje tilfredsstillande	Klagar på byggjesak	Svekka omdøme, tap av tillit, forskyving av byggeprosjekt og juridiske implikasjonar			
Vedlikehalds-etterslep	Stort vedlikehaldsetterslep på veg og kommunale bygg	Redusert HMS og funksjon			
Vatn- og avløp	Kommunen må forbetre rapportering og dokumentasjon på avløp og reinsing for å sikre etterleving av krav	Kan føre til helsemessige risikoar for innbyggjarar, miljøsadar grunna forureining og brot på lover og forskrifter	M	H	M
Kvaliteten på vassforsyning og avløp er ikkje tilfredsstillande	Behov for fornying av leidningsnett og handtering av overvatn	Hyppige vasslekkasjar og redusert vasskvalitet som igjen gir helsefarlege høve og auka kostnader			
Gammalt leidningsnett					
Landbruk	Bekymring knytt til omdisponering av landbruksareal- og arv	Store konsekvensar for landbruk og miljø, redusere matproduksjon, svekke økosystem og kulturtradisjonar.	M	M	M
Avtakande bruk av landbruks-areal og omdisponering til ikkje-landbruks-føremål	Kommunen har sett i gang arbeid med kommunal jordvernstrategi	Tap av matjord og fragmentering av landskap			
Manglande oppfølging av landbruks-interesser og miljøtiltak	Oppfølging av spesielle miljøtiltak (SMIL) og regionalt miljøtiltak (RMP)	Tap av landbruksareal og biologisk mangfald, forureining og svekka økonomi, berekraft og levekår			

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Bygg- og byggjesak – Kvalitet og ressursbruk

4 RISIKO OG VESENTLEGVURDERING I SELSKAP – EIGARSKAPSKONTROLL OG FORVALTNINGSREVISJON

Vi har i innleiinga gått igjennom kva som er meint med forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i kommunen sine selskap. I dette kapitelet vurderer vi kva for risiko og kva som er vesentleg for kommunen sine selskap sett imot plan for eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i desse.

Etter ein kort innføring i kommunalt eigarskap, tek kapitelet føre seg eigarstyring i Giske kommune før vi ser vidare på dei mest vesentlege selskapa. Analysen er delt inn etter dei ulike selskapsformene. Analysen tek ikkje for seg alle kommunen sine selskap, og den legg mest innsats i risikovurderinga av dei selskapa som er vurdert mest vesentleg. Risiko- og vesentlegvurderinga byggjer på informasjon om Giske kommune.

Dette gjeld særleg informasjon om bakgrunnen for at kommunen er eigar eller har eigarinteresser i selskapet og korleis kommunen tek vare på sine eigarinteresser. Giske kommune har i stor grad gjort reie for og avklart dette i eigarskapsmeldinga som blei vedtatt i (år). I tillegg har vi gått gjennom anna relevant dokumentasjon som planverk, reglement, retningslinjer, informasjonsmøte og spørjeundersøking.

4.1 INNLEIING

Kontrollutvalet skal etter lov om kommunar og fylkeskommunar av 22.6.2018 § 23-2 (kommunelova) sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap mv. Dette er eigarskapskontroll. I § 23-4 er det reglar om utarbeiding av risiko og vesentlegvurdering som grunnlag for plan for eigarskapskontroll.

Eigarskapskontroll er definert i kommunelova § 23-4:

«Eigarskapskontroll inneber å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sitt eller fylkestinget sitt vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring».

Eigarskapsmelding er eit viktig dokument ved utarbeiding av risiko og vesentlegvurderingar og plan for eigarskapskontroll. Ny kommunelov styrker kommunane si eigarstyring ovanfor kommunalt eigde selskap med vidare. Eit viktig grep er at det no gjeld eit lovfesta krav om eigarskapsmelding i lova si § 26-1.


Regelen gir minimumskrav til innhald i meldinga, og krev at meldinga skal bli utarbeidd minst éin gang i valperioden og bli vedteke av kommunestyret. Eigarskapskontrollen skal vere med å sikre at kommunen utøver sitt eigarskap på ein profesjonell måte. Dette vil kunne gjere at kommunen kan påverke selskapet i ønska retning, at eventuelle medeigarar er likeverdige og samstundes som at selskapet er uavhengig.

OM KOMMUNALT EIGARSKAP

Norske kommunar har stor grad av fridom til å organisere tenestene sine. Dei kan velje mellom fleire organisasjonsformer: Kommunalt oppgåvefelleskap, interkommunale politiske råd, interkommunale selskap (IKS), samverkeføretak (SA), aksjeselskap (AS) eller stiftingar. Vi ser at utviklinga peiker mot at delar av den kommunale tenesteproduksjonen blir flytta ut av den enkelte kommune og over i ulike former.

Uavhengig av organisasjons- eller eigarform er det kommunestyret som har det overordna ansvaret for kommunen si samla verksemd. Kommunen sin påverknad er regulert gjennom lovverket knytt til dei ulike selskapsformene. **Figur 4.1.1** under viser at organisasjons- eller eigarforma si sjølvstende i høve til kommunestyret varierer mellom dei ulike selskapsformene. Kommunestyret sin grad av påverknad for innsyn og kontroll er redusert i selskap med private eigarar, og i sjølvorganiserande stiftingar med mindre anna står i vedtekter og avtalar.

Figur 4.1.1. Eigenskapar ved ulike organiseringar av interkommunalt samarbeid



KS, 2020

Når kommunen organiserer tenesteproduksjonen i eigen kommune, gjeld styringssystema som følgjer av kommunelova, og kommunestyret har i utgangspunktet all mynde til å ta avgjerle. Dersom verksemda er lagt i eigne rettssubjekt, som aksjeselskap eller interkommunale selskap, må styringssystema følgje den aktuelle lovgivinga for styring av dei. Dette medfører at styring av selskapet må skje i selskapet sine eigarorgan, generalforsamling for AS og representantskap for IKS.

Interkommunale politiske råd og kommunale oppgåvefelleskap er her underlagt kommunelova. Som eigne rettssubjekt er dei styrt gjennom representantskap og styre. I AS med private eigarar og i stiftingar er det ikkje høve til kontroll med føretaket, med mindre det står i vedtektene eller selskapsavtalar.

Kontrollutvalet kan krevje dei opplysningane som er naudsynt for å gjennomføre sin kontroll av IKS, interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefelleskap, samt AS der ein kommune eller fylkeskommune aleine eller saman med andre kommunar, fylkeskommunar eller IKS direkte eller indirekte eig alle aksjar. Opplysningane kan bli gitt frå verksemda sin daglege leiar, styret og den valde revisoren for selskapet. Reglane om innsyn og undersøkingar i selskap o.l. i kommunelova § 23-6 gjeld på tilsvarande måte for kommunen sin revisor.

KJELDER TIL DATA

Data i dette kapitelet er henta frå følgjande kjelder:

- Kommunen sitt årsrekneskap for 2023, inkl. noter
- Kommunen si eigarskapsmelding
- Kommunen si heimeside, mellom anna postliste og politiske møtedokument
- Proff.no
- Tidlegare revisjonar og generell eigarskapskontroll
- Vår kjennskap til selskapa og kommunen

4.2 EIGARSKAP I GISKE KOMMUNE

I den nye kommunelova kapittel 26 står det om eigarstyring i kommunane. Kommunar skal ha ei eigarskapsmelding, og at den skal bli revidert minst ein gang i valperioden. Giske kommune sin eigarskapsmelding blei vedteke i 2020. Denne omhandlar rammeverket for kommunen sin eigarpolitikk, og omhandlar overordna prinsipp, retningslinjer og strategiar som regulerer kommunen sin styring og kontroll.

Eigarskapsmeldinga er bygd opp av to delar; ein generell del med overordna eigarskapspolitikk med motiv og prinsipp for eigarstyring; og del to som inneheld oversikt over dei spesifikke eigarposisjonane. I eigarskapsmeldinga går det fram at Giske kommune skal ha følgjande motiv for eigarskap:

- Finansielt
- Politisk
- Samfunnsøkonomisk
- Regionalpolitisk
- Effektivisering av tenesteproduksjon

Følgjande prinsipp legg Giske kommune til grunn for eigarstyringa:

- Meiroffentlegheit
- Etiske retningslinjer
- Kompetansebehov i styret
- FN sine berekraftsmål
- Nøktern politikk for løn og godtgjersle
- Klar rolle-/ansvarsfordeling

Kvar av desse prinsippa har utfyllande tekst om kva som er venta både av eigarrepresentant og selskapa som kommunen er eigar i.

Årsrekneskapen skal innehalde note med oversikt over aksjar og eigarpostar som kommunen har og informasjon om bokført verdi per 31.12 ved utgangen av året. Note 5 om aksjar og delar i årsrekneskapen 2023 er som følgjer (utdrag):

Selskapets namn	Henvising balansen	Eigenandel i selskapet	Eventuell marknads- verdi	Balanseført verdi 31.12.2023
Eigenskap KLP	2214101	0 %	kr -	19 827 227
Biblioteksentralen	2217001			1 500
Møreaksen AS (tidl. Haram/Midsund/Aukra bruselskap)	2217003			1 000
Trafikkterminalen Ytterland	2217007			26 750
Hareid Fastlandssamband AS	2217009			72 000
Hamnsundsambandet AS	2217011			22 000
Attvin AS (tidl. Ålesundregionens Interkomm. Miljøelskap)	2217012			36 500
Gjøvsund Utvikling AS (921 716 966)	2217014			300 000
Utviklingsforum Ålesund Lufthamn Vigra	2217015			25 000
Giske kommunale legesenter as	2217016			105 000
Møre og Romsdal Revisjon AS Kapitalinnskot	2217017			1 000 000
Sum			kr -	kr 21 416 977

GISKE KOMMUNE ER MEDEIGAR I FØLGANDE SELSKAP

Aksjeselskap

Møreaksen AS

Hareid Fastlandssamband AS

Hamnsundsambandet AS

Attvin AS

Gjøvsund Utvikling AS

Giske kommunale legesenter AS

Interkommunale selskap (IKS)

Ålesundsregionens havnevesen

Sunnmøre Regionråd

Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal

Sunnmøre kontrollutvalssekretariat

Samverkeføretak

Biblioteksentralen SA

Møre og Romsdal Revisjon SA

4.3 RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING I SELSKAP

Vi har brukt følgande faktorar ved val av selskap som er eigna til eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon:

- Selskapet driv ein lovpålagt teneste for kommunen
- Selskapet har ein omsetning av ein viss storleik
- Selskapet har ein stor økonomisk verdi for kommunen
- Selskapet har ein allmenninteresse
- Selskapet har tilsette
- Storleik på eigarskapet

GENERELLE RISIKOFAKTORAR

Når det gjeld prinsipp for eigarskap og forvaltning, formål med eigarskap samt representasjon i eigarorgan og styre, er det nokre generelle risikoområde:

- Kommunen har uklare prinsipp for utøving av eigarskap
- Kommunen bryt habilitetsreglar
- Kommunen er ikkje open i utøvinga av sitt eigarskap
- Føremålet med eigarskapet er uklart
- Kommunen kontrollerer ikkje om selskapet når sine mål
- Kommunestyret sitt vedtak blir ikkje følgt av selskapet
- Nominasjonsordning i kommunen sikrar ikkje naudsynt samla kompetanse i styret i selskap
- Mål og strategiar blir ikkje følgt opp
- Selskapet rapporterer ikkje i tråd med lovkrav og avtale
- Det er ikkje sikra innsyn og offentlegheit om eigarskap og i selskapa
- Kompetansen i styret og styresamansetjing er ikkje i tråd med kommunen sin strategi
- Habilitetsreglar blir ikkje teke omsyn til ved styresamansetjing
- Selskapet følgjer ikkje opp berekraftmåla

Giske kommune bør ha rutinar for eigarskapsforvaltninga som minimerer risikoen for at dei generelle risikofaktorane som er lista ovanfor inntreff.

Opplysningar om eigarskapen og vår risiko- og vesentlegvurdering

Kommunen vedtok sist eigarskapsmelding i 2020. Eigarskapsmeldinga skal etter Kommuneleova og kommunestyret sitt vedtak bli lagt fram for ny handsaming i inneverande valperiode.

Kommunen opplyser om at det er venta at eigarskapsmeldinga kjem til handsaming i 2024.

I prosessmøtet 11. april i år var eigarstyring teke opp som tema av fleire deltakarar. Der vart det mellom anna diskutert utfordringar med både demokratisk styring samt oppfølging og rolleklarheit i eigarskapsforvaltninga.

I oppstartsmøtet for risiko- og vesentlegvurderingane mellom kontrollutvalssekretariatet, revisor, ordførar og kommunedirektør den 23. februar i år vart eigarskapsforvaltninga òg tema. I møte vart det diskutert at generell eigarskapskontroll blir sett på som føremålstenleg for å skjerpe og betre rutineane innan eigarskapsforvaltninga. Det kan vere føremålstenleg å sjå på eigarskapsmeldinga og kva for rutinar og prosessar det er lagt opp til der, med sikte på både evaluering og betringspunkt i denne over tid.

Ein eigarskapskontroll som ser på korleis kommunen har følgd opp dei krav som er sett til eigarstyring, derunder kommunestyret sine prinsipp for eigarskapsforvaltninga, vurderer vi å kunne vere tenleg for å få ein status for oppfølging av eigarskapsforvaltninga, òg med sikte på ny revidering av eigarskapsmeldinga.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området:

Risikofaktor	Er det sannsynleg at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Kommunestyret sine vedtak, mål og strategiar blir ikkje følgd opp	Kommunestyret har vedteke vidare oppfølging av eigarskapsforvaltninga.	Mål blir ikkje nådd. Selskapet og verksemda blir ikkje utvikla til beste for kommunen og innbyggjarane. Kommunen sitt omdøme blir svekka.	M	H	H 

Aktuelt tema for eigarskapskontroll:

- Eigarskapskontroll – Eigarskapsstyring og -oppfølging, med eitt eller fleire av følgjande tema:
 - Kommunen har tydelege mål og prinsipp for eigarskapet, og følgjer opp dei
 - Praktisering av offentlegheit
 - Føremålet med eigarskap er klart
 - Kontroll av om selskap når sine mål
 - Kommunestyret sine vedtak blir følgde
 - Føringar for kompetanse styresamansetjing

4.4 FORVALTNINGSREVISJON I SELSKAP

GENERELLE RISIKOFAKTORAR

- Følgje opp mål og strategiar
- Innsyn og offentlegheit blir ikkje sikra
- Innkjøpsregelverket blir ikkje følgt
- Etiske retningslinjer blir ikkje følgt
- Berekraftsmåla blir ikkje følgt opp i selskapa
- Styresamansetjing
- Arbeidslivskriminalitet
- Økonomisk styring
- Svak internkontroll

Selskapa bør ha rutinar og ein internkontroll som minimerer risikoen for at dei generelle risikofaktorane som er lista opp ovanfor inntreff.

Opplysningar om kommunen og vår risiko- og vesentlegvurdering

ATTVIN AS

Selskapet er et resultat av samanslåinga av ÅRIM IKS og Bingsa selskapa. Frå 1. september 2023 vedtok generalforsamlinga at det nye selskapet skulle få namnet Attvin AS. Aksjane i selskapet kan berre vere eigd av offentlege. Ålesund kommune har den største eigardelen med 90 %, medan dei 6 andre kommunane har mindre eigardelar der Giske kommune har en eigardel på 2,2 %.

I spørjeundersøkinga svara selskapet mellom anna at det er etablert system av etiske retningslinjer, internkontroll, miljøfyrtårnsertifisering og eigarmøte, medan oppfølging og praktisering av postliste, etiske refleksjonar og miljøtårnsertifisering er under vurdering, arbeid eller vidare utrulling.

Selskapet vart nemnt både i oppstartsmøtet og i dialogmøtet som aktuelt for forvaltningsrevisjon. Tematikken som vart tatt opp var økonomi (sjølvkost; gebyr til innbyggjarane) og berekraftsmål (attvinning og resirkulering).

ÅLESUNDSREGIONENS HAVNESELSKAP IKS

Selskapet er nyetablert og ei vidareføring av hamnesamarbeidet mellom Giske, Ålesund, Sula og Haram kommunar. Eigardelen for Giske kommune er 5 %, det same som kommunane Sula og Haram, medan Ålesund kommune eig resterande 85 %.

Kommunestyret har handsama saker som gjeld etablering og deltaking i selskapet hausten 2023 og i møte i 2024.

Selskapet vart omtala både i oppstartsmøtet og i dialogmøtet som aktuelt for forvaltningsrevisjon. Tematikken som vart tatt opp var eigarstyring og demokratisk kontroll.

Vi vurderer at det kan vere risikoområde som kan vere aktuell for både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Likevel vurderer vi at det vil vere meir hensiktsmessig å avvente vurderinga av slik kontroll til selskapet har fått etablert seg og hatt tid til å implementere rutinar og prosedyrar og etterlevd dei.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlegvurdering for området:

Selskap	Er det sannsynleg at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Attvin AS	Selskapet er nemnt av fleire, både dialogmøte og oppstartsmøte. Selskapet driv ei stor verksemd med både økonomiske og tenestemessig stor påverking direkte til innbyggjarane.	Mål blir ikkje nådd. Selskapet og verksemda blir ikkje utvikla til beste for kommunen og innbyggjarane. Kommunen sitt omdømme blir svekka.	M	H	H 

Vi vurderer følgjande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Attvin AS, berekraft og sjølvkost

5 HØYRING

Ein rapport med faktagrunnlag vart sendt til ordførar og kommunedirektør for gjennomsyn i e-post 24. april 2024.

Det ble avtalt et faktasjekkmøte 7. mai i år, der ordførar og kommunedirektør deltok. I møtet ble rapporten gjennomgått, og revisor fekk svar på spørsmål og ordførar og kommunedirektør fekk kome med supplerande og oppdatert informasjon.

Revisor har lagt inn av faktagrunnlaget som følge av faktasjekkmøtet.

Revisor har lagt inn endringar, korrigeringar supplert faktagrunnlaget i tråd med ordførar og kommunedirektøren sine kommentarar.

REFERANSELISTE

- Datatilsynet. (2022). *Årsrapport for 2022*. Henta 22. april 2024 frå [Årsrapport for 2022 | Datatilsynet](#)
- Datatilsynet. (2023). *Tilsyn i kommuner og fylkeskommuner*. Henta 25. mai 2023 frå [Tilsyn i kommuner og fylkeskommuner | Datatilsynet](#)
- Driva. (2023). *Svekker tilliten og setter rettsikkerheten i fare*. Henta 25. mai 2023 frå [Svekker tilliten og setter rettsikkerheten i fare - driva.no](#)
- FN- Sambandet. (2023). *FNs bærekraftsmål*. Henta 2. mai 2023 frå <https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal>
- Helsedirektoratet. (2021). *Utfordringer med å rekruttere helsepersonell i kommunene – en grafisk framstilling av resultatene fra Kommunesektorens arbeidsgivermonitor*. Henta 11. mai 2023 frå: [Utfordringer med å rekruttere helsepersonell i kommunene - Helsedirektoratet](#)
- Kommunal Rapport. (2023). *Kommunebarometeret*. Henta 22. april 2024 frå [Kommunebarometeret - Om Kommune­barometeret \(kommunal-rapport.no\)](#)
- Kommune-CSIRT. (2023). *Digitalt situasjonsbilde no. 1 for 2023*. Henta 22. april 2024 frå: <https://kommunecsirt.no/nyheter-og-artikler/digitalt-situasjonsbilde-no-1-for-2023>
- Kommunenenes sentralforbund. (2019). *Hva er kommunens utfordringer? Klimatilpasning i praksis*. Henta 2. mai 2023 frå <https://www.ks.no/fagomrader/samfunnsutvikling/klima/hva-gjor-vi-med-klimaendringene-klimatilpasning-i-praksis/hva-er-kommunenenes-utfordringer/>
- Kommunenenes sentralforbund. (2022). *Status kommune 2022*. Henta 4. mai 2023 frå <https://www.ks.no/globalassets/fagomrader/statistikk-og-analyse/status-kommune/KS-Status-kommune-2022-web.pdf>
- Kommunenenes Sentralforbund. (2022 b). *Utfordringene vi må løse*. Henta 22. april 2024 frå [Utfordringene vi må løse - KS](#)
- Kommunenenes sentralforbund. (2023). *Status kommune 2023: Der folk bor*. Henta 25. mai 2023 frå [Status-kommune-2023.pdf \(ks.no\)](#)
- Kommunal- og distriktsdepartementet. (2022). *Kontrollutvalsboka: om rolla og oppgåvene til kontrollutvalet*, 3. utgåve. [Kontrollutvalsboka - regjeringen.no](#)
- Meld. St. 6 (2019-2020). *Tett på: tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Kunnskapsdepartementet. [Meld. St. 6 \(2019–2020\) - regjeringen.no](#)
- Møre og Romsdal fylkeskommune. (2021). *Årsrapport 2021 (Møre og Romsdal 2025)*. Møre og Romsdal fylkeskommune. [Årsrapport 2021 - Møre og Romsdal 2025 \(360online.com\)](#)

- NAV. (2024, 29. februar). *Høyere sykefravær i 4. kvartal: størst økning blant unge*. Henta 23. april 2024 frå [Høyere sykefravær i 4. kvartal – størst økning blant unge - nav.no](#)
- NKRF. (2023). *Korrupsjon i kommunene – eksempler fra de siste 10 årene*. Henta 9. mai 2023 frå [Korrupsjon i kommunene – eksempler fra de siste 10 årene - NKRF](#)
- NOU 2023: 7. (2023). *Trygg barndom, sikker fremtid: Gjennomgang av rettssikkerheten for barn og foreldre i barnevernet*. Barne- og familiedepartementet. [NOU 2023: 7 - regjeringen.no](#)
- Politiets Sikkerhetstjeneste. (2023). *Nasjonal trusselvurdering 2023*. Henta 9. mai 2023 frå [NTV-2023 \(pst.no\)](#)
- Pressens offentlighetsutvalg. (2023). *Åpenhetsbarometeret 2023*. Henta 22. april 2024 frå [Åpenhetsbarometeret 2023 - Presse.no](#)
- Regjeringen. (2021). *Langsiktige utfordringer som følge av en aldrende befolkning*. Henta 23. mai 2023 frå [Langsiktige utfordringer som følge av en aldrende befolkning - regjeringen.no](#)
- Regjeringen. (2022). *Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken 2021-2024*. Henta 26. mai 2023 frå [Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken 2021-2024 - regjeringen.no](#)
- Statsforvalteren i Møre og Romsdal. (2023). *Forventningsbrevet 2023: Våre forventningar til kommunane*. Henta 25. mai 2023 frå <https://www.statsforvalteren.no/nn/More-og-Romsdal/Kommunal-styring/container-kommunemote/forventningsbrev2023/>
- [12812] Statistisk sentralbyrå, *Kommunestyre- og fylkestingsvalget. Valgdeltakelse (prosent), etter region, statistikkvariabel og fireårlig*, 2024. [Online]. Henta frå [12812: Kommunestyre- og fylkestingsvalget. Valgdeltakelse \(prosent\), etter region, statistikkvariabel og fireårlig. Statistikkbanken \(ssb.no\)](#)
- Universitetet i Stavanger. (2022, 14.09). *Ny rapport setter søkelys på tidlig innsats i livet*. Henta 22. april 2024 frå [Ny rapport setter søkelys på tidlig innsats i livet | Universitetet i Stavanger \(uis.no\)](#)
- uustatus. (u.å.). *Tilgjengelegheitserklæring for Giske kommune*. Henta 22. april 2024 frå [Tilgjengelegheitserklæring for Giske kommune | uustatus](#)
- Vinsand, G. (2023). *Interkommunalt samarbeid i Møre og Romsdal* (NIVI Rapport 2023:3). NIVI Analyse a/s. [Notat \(nivianalyse.no\)](#)
- Økokrim. (2022). *Økokrim trusselvurdering 2022*. Henta 9. mai 2023 frå [Økokrims trusselvurdering 2022 - Økokrim \(okokrim.no\)](#)

Møre og Romsdal Revisjon SA

Hovudkontor: Kristiansund

Avdelingskontor: Ålesund, Molde, Surnadal

Eigarar:

Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal,
Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma,
Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven,
Haram og Ålesund. Møre og Romsdal fylkeskommune.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 17/24	Giske kontrollutval	23.05.2024

Meldingar

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitande.

Underliggende saker

07/24	Kommunestyret sitt vedtak etter rapport frå forvaltningsrevisjon 2023 - offentlege anskaffingar
08/24	Varsel om kommande møter i eigarorgan - interkommunale selskap
09/24	Informasjon om bladet kontroll & revisjon
10/24	Nyhetsbrev frå Forum for kontroll og tilsyn april 2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 07/24	Giske kontrollutval	23.05.2024

Kommunestyret sitt vedtak etter rapport frå forvaltningsrevisjon 2023 - offentlege anskaffingar

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Kommunestyret behandla forvaltningsrevisjonsrapporten og gjorde vedtak i sitt møte 15.02.2024, sak 008/24.

Vedtaket er ikkje lagt fram for kontrollutvalet før no, sekretariatet mottok det 04.04.2024. Vedtaket vart gjort slik kontrollutvalet tilrådde, og ligg ved her til orientering.

Vedlegg

Kommunestyret sitt vedtak til rapport frå forvaltningsrevisjon 2023



Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat Iks
Postboks 7881 Spjelkavik
6022 Ålesund

Dykkar ref.:

Vår ref.: 24/368-3

Dato: 04.04.2024

Giske kontrollutval - Rapport frå forvaltningsrevisjon 2023

Vi viser til sak 008/24 i Giske kommunestyre 15. februar 2024. Det er no gjort følgjande vedtak i saka:

1. Kontrollutvalet gjer kommunestyret merksam på, at revisor peiker på ein risiko for gebyr og erstatningsansvar, om ikkje kommunen har ei overordna oppfølging og kontroll med innkjøp/anskaffingar.
2. Kommunestyret bed kommunedirektøren om å følgje opp tilrådingane med å:
 - utarbeide eit strategidokument for innkjøp og offentlege anskaffingar
 - sørge for kompetanseheving og regelmessig opplæring for alle som har mynde til å gjere anskaffingar og nytte e-handel
 - gå gjennom regelmessige innkjøp og serviceavtaler for å vurdere bruk av fleire rammeavtaler
 - sjå til at heile organisasjonen har rutiner og system for å registrere og handtere avrop på rammeavtaler
 - sjå til at det vert brukt lik mal for anskaffingsprotokoll i heile organisasjonen
 - kreve skatteattest frå dei norske leverandørane som vert nytta, når anskaffinga overstig kr 500 000
3. Kommunedirektøren sender skrifteleg til kontrollutvalet ein plan for iverksetting av tiltaka, innan 10.05.2024
4. Kommunestyret bed kontrollutvalet rapportere attende til kommunestyret, når kommunedirektøren har iverksett tiltaka.

Sakspapiret ligg ved.

Med helsing

Ingvild Nautvik
Politisk sekretær/saksbehandlar
tlf.:

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:

Solveig Kvamme

Vedlegg:

Giske kontrollutval - Rapport frå forvaltningsrevisjon 2023

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 08/24 Giske kontrollutval

Møtedato
23.05.2024

Varsel om kommande møter i eigarorgan - interkommunale selskap Giske kommune

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet skal kjenne til det når det skal vere eigarmøter i kommunen sine heileigde selskap/interkommunale selskap.

Dette er heimla i kommunelova § 23-6 femte ledd: *Kommuner og fylkeskommuner skal sørge for at kontrollutvalget blir varslet om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarende organer. Kontrollutvalget har rett til å være til stede i disse møtene.*

Sekretariatet har gjort seg kjent med at det er varsla om følgjande møter som skal vere eller har vore i dei interkommunale selskapa.

- Sunnmøre friluftsråd KO hadde møte 3. april 2024
- Sunnmøre regionråd IKS hadde møte i representantskapet 19. april 2024.
- Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal IKS, møte i representantskapet 25. april. og har varsla om ekstraordinært representantskapsmøte 13. mai 2024.
- Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS har møte 15. mai 2024
- Ålesundsregionens havnevesen IKS, havneråd i følgje møteplanen på heimesida så er det neste møtet 3. juni 2024

For sakspapir og møteprotokoll sjå vedlagte lenkjer. Der ligg det som vi har fått tilsendt eller som er lagt ut på heimesida.

Vedlegg

Oversikt dato for møter i IKS og KO

[Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS 15. mai](#)

[Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal representantskap IKS 1-2024](#)

[Sunnmøre regionråd IKS representantskapsmøte 19. april](#)

[Ålesundsregionens havnevesen IKS, Havnerådet 3. juni](#)

[Sunnmøre friluftsråd KO representantskapsmøte 3. april](#)

Saksframlegg

Saksnr. Utval
MS 09/24 Giske kontrollutval

Møtedato
23.05.2024

Informasjon om bladet kontroll & revisjon

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Informasjon frå NKRF kontroll & revisjon om at bladet kontroll & revisjon no er tilgjengeleg i ein digital i bla-venleg versjon.

Vedlegg

Bladet kontroll & revisjon i digital utgåve

Fra og med nr.1 – 2024

kontroll & revisjon i digital

bla-vennlig utgave


Fra nr. 1/2024 tilbyr vi kontroll & revisjon i digital, bla-vennlig e-utgave for dem som ønsker det.

Du kan selv velge om du ønsker tilgang til bladet både på papir og digitalt, eller alternativt bare på papir eller bare digitalt. Abonnementsprisen påvirkes ikke av ditt valg.

Eksterne abonnenter som ønsker tilgang til digital e-utgave av bladet, må gi oss beskjed til post@nkrf.no

Du vil da få en e-post i retur med nærmere informasjon om hvordan du får tilgang til de digitale utgavene av kontroll & revisjon.

De som ikke lenger ønsker å motta bladet i papirversjon (gjelder både eksterne abonnenter og NKRFs medlemmer), må gi oss beskjed om dette til post@nkrf.no



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 10/24	Giske kontrollutval	23.05.2024

Nyhetsbrev frå Forum for kontroll og tilsyn april 2024 Giske kontrollutval

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Vedlagt er nyhetsbrev april 2024 frå Forum for kontroll og tilsyn.

Vedlegg

Nyhetsbrev april 2024 Forum for kontroll og tilsyn

Ny veileder

Forum for kontroll og tilsyn (FKT) og NKRF – kontroll og revisjon i kommunene (NKRF) har samarbeidet om å utarbeide en veileder for risiko- og vesentlighetsvurdering, plan for forvaltningsrevisjon og plan eierskapskontroll.

[Veileder](#)



Veiviser for å hindre data-angrep og digitale hendelser

KS har en pågående kampanje om informasjonssikkerhet og personvern for ansatte i kommuner og fylkeskommuner. Målet med prosjektet er å utløse en «refleks» hos ansatte som gjør at sikkerhet er noe som faller helt naturlig i den digitaliserte hverdagen.

Kampanjen består av ti temaer

[Kampanjen](#)



Høyeste antall klager til Sivilombudet noen gang

Det fremgår av årsmeldingen at hele 30 % av alle klagene til Sivilombudet dreier seg om mangel på svar fra forvaltningen eller at det tar for lang tid å få en avgjørelse. Antallet slike klager har økt de siste årene. Det har også vært en økning i klager som gjelder utlendingssaker, offentlighet og innsyn.

[Årsmeldingen](#)



Anskaffelser topp tre blant kommunale risikoområder

To undersøkelser i regi av foreningen NKRF – kontroll og revisjon i kommunene forteller om stor oppmerksomhet om anskaffelser i kommunale kontrollutvalg og blant de enhetene som står for revisjon i kommune-Norge.

[Undersøkelsene](#)



Register for statssekretærer og politiske rådgjevarar sine verv og økonomiske interesser

– Openheit om verv og økonomiske interesser er ein heilt sentral verdi i eit demokratisk samfunn. Med dette registeret følgjer vi opp tilrådinga frå Europarådets antikorrupsjonsorgan og legg betre til rette for at innbyggjarane kan ha tillit til politikarane, seier kommunal- og distriktsminister Erling Sande.

[Registeret](#)



De viktige planutvalgene

Landets planutvalg har en avgjørende rolle i å forvalte kommunenes planer i møte med private reguleringsplaner. For å støtte opp om dette viktige arbeidet har Våre steder, på vegne av KS, utarbeidet fire filmer som grunnlag for refleksjon i planutvalgene.

[Filmene](#)



Hold deg faglig oppdatert med FKT

Husk å melde deg på FKTs fagkonferanse 4. - 5. juni.

[Lenkje til informasjon og påmelding](#)

Copyright © 2024 Forum for kontroll og tilsyn, All rights reserved.

Vår adresse:

Forum for kontroll og tilsyn

Kristian Augusts Gate 14

0164 Oslo